

Tilblivelsen av ein israelsk fredsaktivist

*Deltaking og forhandling av identitet i møte med den
israelske fredsbevegelsen i Jerusalem*

Av Sylvia Maria Hide Riise



Masteroppgave ved Sosialantropologisk Institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Mai 2013

Tilblivelsen av ein israelsk fredsaktivist

*Deltaking og forhandling av identitet i møte med den
israelske fredsbevegelsen i Jerusalem*



Demonstrasjon i Jerusalem våren 2012

© Sylvia Maria Hide Riise

2013

Tilblivelse av ein israelsk fredsaktivist. Deltaking og forhandling av identitet i møte med den israelske fredsbevegelsen i Jerusalem.

Sylvia Maria Hide Riise

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: OK Printshop, Oslo

Samandrag

Dette studiet baserer seg på et seks månadars langt felterbeid med den israelske fredsbevegelsen i Jerusalem. Dei jødiske israelske fredsaktivistane som er i mot okkupasjonen av Vestbredden og Gaza, utrykker si aktivisme gjennom blant anna militærnekt, frivillig arbeid og demonstrasjoner.

Avhandlinga viser korleis nye opplevelingar som ikkje stemmer overeins med førestellingane ein tidligare hadde om samfunnet og seg sjølv i det, som hovudårsak til aktivismen. Ved å legge vekk dei tidligare førestellingane om samfunnet og seg sjølv eller å bli meir bevist på dei, stig ein inn i ei ny rolle som fredsaktivist. Slike opplevelingar skjer i militæret, ved militærnekt, ved å flytte til Jerusalem eller i demonstrasjoner og andre liknande aktivitetar. Slik opplevast det å bli involvert i fredsbevegelsen som ein endringsskapande prosess.

Det å bli involvert i fredsbevegelsen kjem til utrykk ved identitetsskapande prosessar i form av kroppsleggjorde erfaringar. Desse erfaringane kan sjåast på som overgangsritual til fredsbevegelsen. Aktivistane si forståing av kven dei er, blir forma i møte med andre. Israelske fredsaktivistar blir ofte møtt av negative sanksjonar av andre israelarar fordi dei ikkje passar inn i førestellinga til mange om korleis ein israelar skal vere.

Samtidig blir identiteten som israelsk aktivist forsterka i møte med palestinrarar. For mange palestinrar er fredsaktivistane nettopp israelarar med dei merkelappar som følgjer med. Dette på tross av at fredsaktivistane og det israelske samfunnet like fullt ikkje oppfattar dei slik. Den jødiske og israelske identiteten til aktivistane blir og re- forhandla i form av spesifikke måtar ein skal opptre på under desse møta, måtar å omtale palestinrarar på, og i vennskap mellom palestinrar og israelarar.

Forord

Å skrive denne avhandlinga og å ha vore på det tilhøyrande feltarbeidet, har vore utfordrande. Det har også vore ei svært lærerik og hendingsfylt oppleving eg aldri ville ha vore utan. Når eg i avhandlinga skriv at informantane som eg omtalar, blei forandra i møte med sine opplevingar som aktivist og deltagarar i den pågående konflikten, kan eg trygt seie at dette var noko som forandra også meg.

Eg har mange som eg ynskjer å takke for at denne avhandlinga blei til.

Fyrst har eg lyst til å takke rettleiaren min, Unni Wikan, for verdifulle kommentarar, støtte og rettleiing. Eg vil takke familien min: Ragnhild, Stig og Anders som alltid støttar meg uansett kva eg finn på, og som eg veit har vore urolege under feltarbeidet, men som alltid er tilgjengelige og oppmuntrande. Spesielt ynskjer eg å takke far min Stig for korrekturlesing.

Eg ynskjer å takke vennane mine. Mari- Louise for gjennomlesing og kommentarar, og for å introdusere meg for antropologi, Ingrid og Maria for innspel og oppmuntring. Jaran og Janne for hjelp med oppsett, og Håvard, kjærasten min, for gjennomlesing, humor og oppmuntring på alle mulige måtar. Samt alle mine medelevar for fagelige innspel og får gjere desse to åra til nokre av dei artigaste eg har hatt og som eg aldri vil gløyme.

Sist men ikkje minst, ynskjer eg å takke informantane mine. Ordet informant er ikkje dekkjande for det for det bandet eg har fått med dei. I avhandlinga er dei anonyme, men for meg har dei blitt veldig gode vennar. Dei tok meg inn både i hus og i liva sine. Utan deira si imøtekoming, openheit, humor og snakkesaligkeit hadde denne avhandlinga aldri blitt til.

Eg vil alltid sjå tilbake på tida i Jerusalem sammen med dei med glede.

Innhold

Kapittel 1: Introduksjon	1
<i>Tema og problemstilling</i>	2
<i>Kvifor studere den israelske fredsbevegelsen</i>	2
<i>Tidligare litteratur om den israelske fredsbevegelsen</i>	3
<i>Definisjon av aktivisme og sosiale bevegelsar</i>	4
<i>Aktivismeteori</i>	5
<i>Identitetsteori</i>	7
<i>Historisk samandrag</i>	10
<i>Avhandlinga si oppbygging</i>	14
Kapittel 2: Felt og Metode	17
<i>Israel våren 2012</i>	17
<i>Informantane</i>	20
<i>Organisasjonane</i>	23
<i>Jerusalem</i>	27
<i>Plassar som aktivistane dreg til på Vestbredden</i>	28
<i>Plass å bu</i>	30
<i>Ulike arenaer feltet var på</i>	32
<i>Språk</i>	38
<i>Problem i forhold til deltakande observasjon</i>	39
<i>Etiske problemstillingar</i>	40
<i>Kjønn og alder</i>	40
<i>Dokumentering</i>	41
<i>Anonymisering</i>	41

Kapittel 3: Årsakar til aktivisme	43
<i>Antropologens tilgang til andre menneske sine val</i>	44
<i>Biografisk tilgjenge</i>	45
<i>Generelt politisk engasjement</i>	46
<i>Erfaringa frå å vere i militæret</i>	47
<i>Militærnekt som inngangsport til aktivismen</i>	51
<i>Flytte til Jerusalem</i>	53
<i>Å kunne dra til Vestbredden</i>	54
<i>Vener som introduksjon til fredsbevegelsen</i>	54
<i>Demonstrasjonane som katalysator for aktivisme</i>	55
<i>Konklusjon</i>	58
Kapittel 4: Aktivisme som ein aktivitet.....	59
<i>Aktivisme som kroppsleggjort kunnskap</i>	59
<i>Fyrste gong på demonstrasjon</i>	60
<i>"Det er vanskelig å vere ny aktivist"</i>	62
<i>Fellesskap gjennom ei fysisk krevjande oppleving</i>	65
<i>Val av aktivitet</i>	66
<i>Andre måtar å sjå aktivisme på - Eit eksempel frå palestinarane</i>	68
<i>Konklusjon</i>	69
Kap 5: Fredsaktivistane sitt møte med det øvrige israelske samfunnet	71
<i>Forhold til familie</i>	74
<i>Fredsaktivistane og sosialrettferdigheits- demonstrasjonane</i>	76
<i>Å vere på den andre sida</i>	79
<i>Humor som svar på kritikken og som samlande for aktivistane</i>	80
<i>Konklusjon</i>	80

Kapittel 6: Forhandling av identitet i møte med palestinrarar	83
<i>Eit anna narrativ</i>	84
<i>Jødisk og israelsk identitet i møte med palestinrarar</i>	85
<i>Sanksjonar om kva ein kan sei og ikkje om palestinrarar</i>	87
<i>Vennskap</i>	89
<i>Bli til ein palestinar, kven er eg? Ikkje israelar lenger</i>	91
<i>Konklusjon</i>	92
Kapittel 7: Oppsummerande merknader	93
Litteraturliste	97
Appendix 1 – kart	109
<i>Kart som viser utviklinga frå 1917 til 1982</i>	109
<i>Kart over Vestbredden og Gaza, ein kan sjå nokre av dei israelske busettingane</i>	110
<i>Israel 2013</i>	111
<i>Jerusalem 2013</i>	112

Kapittel 1: Introduksjon

Utdrag frå feltnotatar. Jerusalem 2012.

Det er i slutten av januar og eg har avtalt å møte David, ein israelsk fredsaktivist for ein kaffi. Eg har tatt kontakt med han via ein av dei mange fredsorganisasjonane i Jerusalem, i håp om at han har noko arbeid til meg. David møter meg i lobbyen på hotellet. Han er i midten av tretti-åra, skjeggete, litt lav og iført ei sliten, svart skinnjakke over det typiske israelske antrekket, t-skjorte, dongeribukse og fjellsko. David tek meg med til ein lokal kafé, men vi får så vidt prata saman før han får ein telefonsamtale: ”Vil du bli med å dokumentere at den israelske politimeisteren for Jerusalem er på rundtur i Silwan?¹ Han er der no, saman med fleire israelske politikarar for å inspisere kor dei skal bygge det nye politikontoret sitt. Kanskje kjem dei til å helse på nokon busetterar også?”

Før eg så vidt har fått sagt ja, og tatt ein slurk av kaffien min, er David ut døra. Eg fyljer etter hakk i hæl, på vei mot ned mot gamlebyen og Silwan. David røyker rullings mens han snakkar i telefonen. Han avbryt telefonsamtalane for å fortelle meg om ulike plassar i området og deira politiske kontekst. Det er umulig å fylje med, både på kva han seier og på gå-tempoet hans. Når vi kjem til Silwan spring vi rundt og prøvar å finne politimeisteren og hans fylje, men dei har allereie dratt. David verkar uaffektert og tek meg med til nokon palestinske aktivistar i området på eit kontor. Vi sitt der ei stund, før vi drar ut med ein taxi saman med nokon palestinrarar, kvifor veit eg ikkje heilt, sjølv om alle snakkar engelsk.

På vei tilbake til Vest-Jerusalem spør eg David kvifor han velte å involvere seg i fredsbevegelsen. Han fortel at foreldra hans kom til Israel frå Russland da han var born og busette seg nord i landet. For over ti år sidan var han på eit møte mellom palestinrarar og israelrarar. Det var på den tida mange sånne møter nord i Israel, og ein tanke om fred var meir utbredt i Israel. Sidan møtet var så keisamt, gikk han ut for å ta seg ein røyk. ”Der møtte eg ein palestinar som fortalte meg at snart kom det israelske militæret og reiv ned huset hans. Eg trudde ikkje på han, men han insisterte på at det var sant, og fikk telefonnummeret mitt og sa at han

¹ Eit palestinsk nabolag ved sidan av gamlebyen. Er eit av dei eldste nabolaga i Jerusalem. Mange palestinrarar som bur i området har økonomiske problem og jødiske busetterar kjøpar eller okkuperer hus i området. Ein kan anta at det israelske politiet samarbeidar med busetterarane i området, som dei og beskyttar. Det er mange planar om å knyta saman busettingane der og politistasjonar.

skulle ringe meg når det skjedde. Eit par dagar seinare ringte han meg, og når eg drar dit så er huset på vei til å bli rive ned, akkurat som han sa. Eg trudde ikkje mine eigne auge. Eg viste ikkje at dei reiv ned hus eg. Før såg eg på meg sjølv som ein ihuga sionist. Eg gledde meg til å dra i militæret og følte meg som ein israelar, men noko endra seg for meg den dagen.”

Tema og problemstilling

Denne avhandlinga bygger på eit seks månadars feltarbeid i Jerusalem og omland med israelske jødiske fredsaktivistar som er i mot okkupasjonen av Vestbredden og Gaza. Historia om David viser til noko av det denne avhandlinga skal ta for seg. Avhandlinga tek utgangspunkt i mine informantar sitt møte med den israelske fredsbevegelsen, og korleis det å ta del i denne bevegelsen oppfattast som endringsskapande for deira forståing om seg sjølv. Ved å ”bli til” (emisk omgrep) ein fredsaktivist blir eins forståing av eigen identitet endra. Denne endringa opplevast for informantane mine mest tydelig i sterke, emosjonelle hendingar.

Problemstillingane for avhandlinga er:

- 1) Korleis blir ein involvert i fredsaktivisme i Israel?
- 2) Korleis kjem det å bli involvert i fredsaktivismen til uttrykk?
- 3) På kva slags måtar påverkar fredsaktivismen deltakarane si forståing av eigen identitet?

Kvifor studere den israelske fredsbevegelsen

Den arabiske våren 2011 sendte ei bølgje av både ikkje-voldelige og voldelige demonstrasjonar over heile Midtosten. Sommaren same året starta det opp ei bølgje av demonstrasjonar i Israel mot den sittande regjeringa. Mange i den israelske fredsbevegelsen tok del i desse demonstrasjonane og såg for seg at dette kunne vere ein måte til å ta opp igjen spørsmålet om Israels okkupasjon av Vestbredden. Dette såg eg på som ei interessant tid å studere den israelske fredsbevegelsen på.² Samstundes var min interesse for Israel / Palestina-konflikten ikkje gitt. Eg hadde aldri vore der før, og syns mine kjende som var engasjert i saka ofte såg ut til å ha svart/kvit meningar om konflikten utan at dei sjølv heller nødvendigvis hadde vore der. Min interesse var ytterlig vekt av ein dokumentarfilmen Israel vs. Israel (2010) som eg tilfeldigvis såg. Den er

² Det skulle etterkvart vise seg at dei fleste andre demonstrantane ikkje såg desse samanhengane med okkupasjonen og sosial rettferdighet i Israel.

laga av den svenske frilands- journalisten Terje Carlsson. Her blir ulike fredsaktivistar i Israel filma. Filmen syns eg var spennande og den opna opp ei heil verd for meg.

Tidlegare litteratur om den israelske fredsbevegelsen

Det fins det ein heil del litteratur om israelske fredsaktivistar, men mykje av den litteraturen er journalistisk eller skreve av aktivistar sjølve. Desse bøkene fortell personlige historier om israelske og palestinske fredsaktivstar sine liv og opplevingar som aktivist. Eksempel på dette er: Michael Riordons *Our way to fight* (2011), David Shulmans *Dark Hope* (2007), Donna J. Perrys *The Israeli-Palestinian Peace Movement. Combatans for Peace* (2011), Daniel Gavrons *The other side of despair* (2004), Reuven Kaminer *The politics of Protest. The Israeli Peace Movement and the Palestinian Intifada* (1996) og Jeff Halper *An Israeli in Palestine* (2008).³

Av den antropologiske- og sosiologiske litteraturen kan det vere verdt å nemne nokon her: Mohammed Abu- Nimer *Dialoge, Conflict Resolution, and Change. Arab Jewish Encounters in Israel*, (1999), Marcelo Svirsky *Arab Jewish Activism in Israel-Palestine* (2012) Anja Kublitz *Grænser for Fred* (2000) og Robert Sauders *Partners for Peace Cooperative Popular Resistance and Peacebuilding in the Israeli-Palestinian Conflict* (2011) som alle saman har skrive om relasjonar mellom israelarar og palestinrarar og forsøk på forsonings mellom dei.

Mordechai Bar- On (1996) og Tamar Hermann (2009) har begge skrive historiske bøker om den israelske fredsbevegelsen. Bar-On har teke for seg bevegelsen fram til Oslo- avtalen og Hermann fram til 2008. Herman har og fokusert på kvifor den israelske fredsbevegelsen ikkje har vunne fram i sak i Israel. Dan Rabonowitz har i si bok *Overlooking Nazareth* (1997) studert høvet mellom palestinrarar og israelarar nord i Israel. Polly Pallister- Wilkins (2009) har studert palestinske og israelske aktivistar som saman demonstrerer mot bygginga av muren på Vestbredden. David Newman har, saman med Tamar Herman (1992), samanlikna Gush Emunim (the Bloc of the faithfull)⁴ og Peace Now⁵, to organisasjonar i Israel med svært ulike

³ Det kan vere over- lappingar mellom kva som er journalistisk, kva som er akademisk og kva som er aktivistisk litteratur. Det kan vere ein kombinasjon av fleire av desse.

⁴ Jødisk messiansk radikal høgreving gruppe som oppfordrar til busetjingar på Vestbredden og Gaza.
<http://www.mideastweb.org/Middle-East-Encyclopedia/gush-emunim.htm>

⁵ Ein av dei første fredsorganisasjonane i Israel. <http://www.peacenow.org.il/eng/>

utgangspunkt. (1992). Ayala H. Gabriel (1992)) har studert gruppa "Women in black"⁶, der dei har fokusert på korleis kvinnene som protesterer i denne gruppa brukar emosjonar som sorg og som står i kontrast til mykje av den israelske emosjonelle diskursen om konfliktar med palestinarane, som er sinne.

Då eg begynte å lese tidligare litteratur om den israelske fredsbevegelsen, såg eg at sjølv om det var skrive ein heil del om den, var det lite som hadde blitt skrive om årsaker til at aktivistane hadde blitt med i bevegelsen og korleis aktivistane sin identitet blir forhandla og opplevast endrande i møte med fredsaktivismen. Det har i den tidligare litteraturen heller blitt fokusert på samanlikningar av dei ulike organisasjonane, aktivistane sitt møte med samfunnet elles og palestinarar (då helst i form av dialoggrupper) og kvifor fredsbevegelsen ikkje har lykkast i si sak i det israelske samfunnet. Lite har og blitt skrive om dei aktivistane som ikkje kan seiast å vere tydelig ein del av ein organisasjon, men flakkar mellom organisasjonane, tidligare har vore medlem og er i ferd med å bli medlemmar (Slik som eg kunne sjå at det var mykje av på mitt felt). Desse menneska identifiserer seg likevel med fredsbevegelsen.

Eg vil såleis gjennom dei problemstillingane eg tek opp, setje meir fokus på årsakar og inkludere også dei som er ikkje er tydelige medlemmar av organisasjonane, men er i marginane av dei. Ved det ynskjer eg å fylle eit antropologisk kunnskapshol om Midtosten som region og å tilføre noko til den antropologiske litteraturen om aktivisme.

Definisjon av aktivisme og sosiale bevegelsar

Før eg presenterer det teoretiske rammeverket for avhandlinga, vil eg her definere kva eg meiner med ein sosial bevegelse og aktivisme.

Della Porta og Diani (2006, s.17) definerer sosiale bevegelsar og uformelle nettverk basert på delte meningar og solidaritet, der ein mobiliserer om konflikt- aktuelle tema gjennom jamn protest i ulik former. Denne definisjonen legg vekt på at sosiale bevegelsar er ikkje organisasjonar, som politiske parti, men er heller nettverk som består av ulike individ, grupper og organisasjonar som er tilknytt kvarandre (*ibid*). Ein anna trekk med sosiale bevegelsar er at

⁶ Israelsk kvinnelig fredsorganisasjon. <http://www.womeninblack.org/en/vigil>

ein kollektiv identitet er til stades. Dette refererer til ei kjensle av tilknyting med deling av meningar og verdiar, som medlemmane av bevegelsen utviklar i samhandling med kvarandre (Gibb 2011).

Marcelo Svirksky (2012) skriv i si bok om israelske og palestinske aktivistar, at vi må sjå på aktivisme som noko som er i bevegelse. Ein bevegelse for endring. Vi må vere forsiktige for å kalle alt som er eit forsøk på å bevege seg vekk i frå det normative i samfunnet for aktivisme. Med andre ord, sjølv om avhandlinga mi handlar om identitet, betyr ikkje det at informantane mine berre er ute etter å finne sin plass i samfunnet, men at dei og ynskjer ei politisk forandring.

Eg vil vidare her presentere nokon av dei teoretiske rammeverka som eg ynskjer å bruke i avhandlinga. Rammeverka er velt uti frå at dei passar med empirien min. Eg har såleis latt empirien kome først, analysert den og såleis funne fram teoretisk litteratur som eg syns passar med empirien.

Aktivismeteori

Eg vil i hovudsak bruke den amerikanske sosiologen James Jasper (1997, 1998) sin teori om emosjonar og aktivisme, for å vise korleis emosjonar er ein del av all sosial handling, som syter både for motivasjon og mål i sosiale bevegelsar. Noko som eg meinar er gjeldande også for den israelske fredsbevegelsen og informantane mine. Jasper (ibid) skriv at aktivistar er påverka av flyktige kontekst- spesifikke emosjonar, vanlegvis reaksjonar til informasjon og hendingar, så vel som meir stabile effektar som sosiale band og lojalitetar. Nokon emosjonar eksisterer eller kjem før personar deltar i sosiale bevegelsar, andre er forma og forsterka i kollektiv handling.

Han skriv vidare at emosjonar ofte har forsvunne frå litteratur om sosiale bevegelsar, der ein heller har fokusert på at aktivistar har ulike grunnar og mål for protest og set seg ut for å skaffe dei, og veit kva desse måla er (1997).

Jasper (ibid) argumenterer for at vi må studere emosjonar i forhold til den moralske konteksten dei er i. Han ser ikkje nødvendigvis på emosjonar som irrasjonelle, men som kollektivt skapte, avhengig av kontekst og basert på tankerekker. Han skil mellom ulike eksempel av emosjonar som blir skapt eller er årsakar til aktivisme.

Emosjonar som kan føre til aktivisme er:

- Hat og sinne: ein vil fikse noko som ein ser på som urettferdig og legge skyld på nokon
- Kjærleik: at ein har følelsar for nokon som er med i bevegelsen
- Solidaritet: positive følelsar til andre kan lede til å handle på vegne av andre
- Misstru: som kan lede til å legge skuld på noko eller nokon og å det stole på noko
- Respekt: som kan influere alliansar og kredibilitet.

Vidare listar han opp emosjonar som ein kan både få i dei sosiale bevegelsane og føre til at ein blir med som: Sinne, sorg og skam, sympati for andre, resignasjon, glede, misunning og opprør.

Moralske sjokk ofte er den første måten som nokon blir rekruttert til ein sosial bevegelse på. Ei uventa hending eller noko informasjon triggar ei kjensle av krenking og trøng om å reagere at det fører til at ein sokjer politisk handling, med eller utan å ha kjente i bevegelsen (Goodwin ,Jasper 2009,s. 57, Jasper, Poulsen 1995, Jasper 1997). Denne erfaringa av sjokk kan vere ein slags kroppselig følelse som kvalme. Sjokket er avhengig av personens historie og kontekst frå før.

Men denne reaksjonar på moralske sjokk varierer. Dei fleste folk, skriv Jasper (1997) aksepterer ubehagelige forandringar og opplevingar, men andre gjennom emosjonelle komplekse prosessar kanaliserer desse emosjonane.

Ved hjelp av den amerikanske antropologen Jeffrey Juris (2008, s.66), vil eg i avhandlinga også vise korleis slike emosjonar er med på skape sosiale band aktivistane seg i mellom, spesielt i sterkt emosjonelle hendingar.

Eg vil (i kapitel 4) mellom anna bruke antropologen Tim Ingold (2000, 2001) for å forklare korleis måten ein skal oppføre seg som aktivist på, lærast gjennom kroppsleggjorde erfaringar.

Ingold skriv at det er gjennom å praktisere noko, at vi tileigner oss kunnskap. I tråd med Merlau –Ponty (2012) si forståing av perspektiv, der den levande kroppen kjem først i måten for oss å vere i verda på og er knytt saman med sjølve stoffet som verda rundt består av (Ingold 2000, s.263), blir vår kunnskap av verda til gjennom prosessar av konstant bevegelse i landskapet (Ingold 2011). På ein slik måte, skriv Ingold (ibid), tileigner vi oss kunnskap gjennom ein

pågående prosess med ein involverande synsvinkel og ei handling som samspelar med miljøet i konteksten rundt.

Vidare vil eg bruke antropologen Victor Turners sin kjende artikkel *Betwixt and Between. The Liminal Period in Rites de Passage* (1996) for å forklare korleis det å ta del i desse kroppsleggjorde aktivist- aktivitetane kan opplevast som overgangs- ritual, der dei nye aktivistane kan bli sett på som novise- aktivistar.

Turner (1996, s. 510) brukar Van Genneps (i Turner 1996) definisjon på overgangsritual der han skriv at overgangs- ritual fyljer med kvar forandring av plass, tilstand, sosial posisjon og alder. Alle ritual av forandringar er markert av tre ulike fasar: Separasjon, marginalisering (liminalitet) og samanføyning. Den fyrste fasa av separasjon består av at personane ikkje lenger er tilknytt den tidligare gruppa og er i ei slags midt i mellom fase før ein så går igjennom ein ritual- og kunnskaps- prosess og trer inn i si nye sosiale rolle.

Identitetsteori

For å forklare korleis informantane opplever at deira eigen identitet endrar seg, vil eg hovudsakelig bruke den kjente sosiologen Erving Goffman sitt arbeide om at identitet blir skapt i sosial interaksjon (1990). Gjennom å studere personar sin representasjon av seg sjølv, granskar Goffman korleis identitet formast i interaksjon mellom menneske og kva innverknad det sosiale har på ein person si forståing av eigen identitet. Identiteten er sosialt konstruert og sjølvet kan ikkje forståast som noko som står utanfor og er upåverka av det sosiale.

Goffman (1990) argumenterer for at vi menneske har ulike roller i ulike sosiale settingar med ulike menneske, som han samanliknar med eit teater. Vi tilpassar oss vår rolle når vi er klar over den i desse settingane. Goffman (ibid) skil mellom det å vere i frontregionen og det å vere i kulissane. I frontregionen spelar ein ei beivist rolle, det kan vere til dømes på arbeid som politi eller som aktivist i ein demonstrasjon, mens i kulissane slappar vi av og har ikkje ei så tydelig rolle. Dette betyr ikkje at vi ikkje er oss sjølv når vi er i frontregionen, mens i kulissane kjem vårt sanne sjølv fram, men heller at det er nettopp desse rollene som gjer oss til dei vi er. Rollene er med på å gi oss ein identitet.

Andre sitt inntrykk av kven vi er, er og med på å forme vår identitet. Kategoriseringa av oss gjort av andre og den kategoriseringa vi gjer om oss sjølv, er med på å forme oppfatninga vår om oss sjølv. Slik påverkar og skapar sosiale prosessar vår identitet (1990).

Ein som har kritisert Goffmans bruk av roller, er den amerikanske antropologen Anthony P. Cohen (1994). Han skriv at viss vi ser på personar, enten eksplisitt eller tilfeldig, som berre sosialt eller kulturelt drivne, ignorerer vi dei sjølv- drivne aspekta av menneskeleg oppførsel. Dersom vi ser på sosiale grupper som ei samling av samansette *sjølv*, komplekse fordi ein som eit individ blir sett på som ein har mange ulike *sjølv* i ulike settingar, vil vi klart sjå at dei er meir kompliserte og at ein treng ein meir sensitiv måte å beskrive desse *sjølva* på enn roller. Sjølv om eg til ein viss grad meiner at Cohen sin kritikk av Goffmans bruk av roller, er rettkomen, vil eg likevel bruke Goffmans forståing av korleis identitet formast i interaksjon mellom menneske. Samtidig ynskjer eg å nytte meg av den måten Cohen (1994, s.7) rettar fokus på at vi må vere bevigd på andre menneske si forståing av seg sjølv og deira evne til å reflektere over eigen oppførsel og ikkje berre handlar uti frå kva andre syns om oss.

Vidare for å belyse spørsmålet om identitet vil eg -hovudsakleg i kapittel 2 - bruke den franske filosofen Paul Ricoeurs (1984) sin teori om narrativ. Dette for å forklare informantane mine sine bakgrunns- historier, dvs. årsakene til at dei har involvert seg i fredsbevegelsen og korleis dette forandrar historia dei har om seg sjølv og samfunnet rundt.

I fylje Ricoeur (1984, s. 52) er det er ein strukturell homologi mellom korleis "lived experience" og fortellingar er strukturert. Så vel som erfaringar som fortellingar er tidsmessig strukturert. Både i vårt levde liv og i våre fortellingar strevar vi etter å skape ein samanheng mellom fortid, nåtid og ei kommande framtid. Med andre ord prøver vi å oppnå ein meiningsful heilskap i våre liv (Ricoeur 1980).

Identitet og grenser

Antropologen Fredrik Barth's (1969) sin teori om at etniske kategoriar blir oppretthaldt av grenser og i møter mellom aktørar av ulike etniske grupperingar, kan vere med på å forklare den kategoriseringa vi gjer av oss sjølv og andre. I sin paradigmeskiftande introduksjon i boka *Ethnic*

Groups and Boundaries (1969) la Barth vekt på at det er dei etniske grensene som definerer ei gruppe heller enn ”the cultural stuff that it encloses” (Barth 1969, s. 15). Menneske brukar etnisk identitet til å kategorisere i interaksjon med andre og har forventingar og dømmer andre utifrå om nokon høyrer til same etniske kategori eller ikkje som ein sjølv. Denne forståinga av korleis etniske grupper blir definert og oppretthalden i grenser i møte med andre, er ei tilnærming eg vil bruke i denne avhandlinga for å forstå korleis identiteten som israelar og som palestinrarar blir skapt og oppretthalden i møte med kvarandre.

Eg vil argumentere for at ei slik måte å sjå sosial interaksjon på, ikkje berre kan brukast på å forklare kategorisering av etnisk identitet, men og til forklare grensesetting i forhold til i andre grupperingar i eit samfunnet. I denne avhandlinga til dømes, i forhold til fredsbevegelsen og det israelske samfunnet elles.

Den israelske sosiologen Baruch Kimmerling (2001) som eg og vil nytte meg av i avhandlinga, skriv at Israel som stat er basert på to samlande koder for korleis ein ser på seg sjølv og staten; gjennom militæret og det å vere jøde. Dette førestalte fellesskapet av dette einskaplege, samlande israelske samfunnet med vekt på denne unike israelske identiteten (som utelet marginaliserte grupper, palestinrarar og ultra- ortodokse jødar) er i ferd med å forsvinne meir og meir og innanfor den israelske staten er det no i ferd med å bli til eit system av fleire og fleire pluralisterte grupperingar. Denne prosessen blir følgt av ein anna trend, oppdelinga av israelsk identitet, nasjonalisme og kollektivt minne inn i mange ulike versjonar, med berre ei felles kjerne. Eg ynskjer å støtte meg til Kimmerling (*ibid*) i denne avhandlinga om korleis det israelske samfunnet er i endring.

I neste avsnitt vil eg presentere den historiske delen som er med på å forklare bakgrunnen til korleis narrativet om den israelske staten blir til samt det palestinske narrativet, som er bygd på ei svært ulik oppleveling av desse historiske hendingane, og såleis er forklarande for mykje av dei sosiale grensene mellom israelarar og palestinrarar i dag.

Historisk samandrag

Israel- Palestina konflikten omfattar to bestridande, narrativ, det palestinske og det israelske narrativet (Rotberg 2006). For israelarane er krigen i 1948 kalla frigjeringskrigen, og blir feira som den dagen da alle jødar endelig fikk sitt eige land. For palestinarnarane var det ei katastrofe (Al Nakba) der dei mista landet sitt og fleire hundre tusen måtte flykte. Å prøve å flette saman dei to ulike narrativa til eit historisk narrativ er såleis omtrent ei umulig oppgåve, og sjølv om historikar er klar over dei ulike måtane å sjå historiske hendingar på og prøvar å framstille historia så sann som det lar seg gjere, vil dei alltid (slik som alle som skriv) produsere ulike narrativ (Bar-On 2006). Sjølv om eg er klar over desse vanskane med å presentere historisk Israel / Palestina, har eg likevel teke med eit samandrag av det som eg syns er dei viktigaste og mest relevante historiske hendingane, for denne avhandlinga, og litt om nokre av konsekvensane av dei.

Palestina og jødisk immigrasjon

Etter fyrste verdskrigen gjekk det osmanske riket, som Palestina hadde vore ein del av, i oppløysning og Palestina vart sidan 1919 okkupert av britane. Då britane i 1947 ga ”problemet” Palestina til ”The League of Nations (LN)” (seinare FN), hadde det alt i lengre tid vore mykje konflikt mellom den jødiske og den palestinske befolkninga (Kimmerling, Migdal 2003). Den jødiske delen hadde vakse stort sidan mange, grunna forfylging og under inspirasjon av sionistiske⁷ idear, hadde byrja å emigrere på slutten av 1800- talet til Palestina (Pappe 2006).

Utviklinga av sionismen var knytt til den generell nasjonalistiske bylgja i Europa på denne tida. Samstundes utvikla det seg mellom jødane i Europa, ulike retningar innan sionismen. Den austrikske journalisten Theodor Hertz var ein av grunnleggerane. Han meinte at jødane måtte vende attende til landet ”Sion”, berre på det viset kunne jødane fri seg frå å vere syndebukkar for all slags problem i Europa (Tessler 1994). Frå 1918 til 1933 vaks talet på jødar i Palestina frå 60 tusen til 175 tusen (Gavron 2004).

⁷ Sionisme er ein nasjonalistisk bevegelse. Basert på ein jødisk tradisjon som knyter jødane til landet Israel (Eretz Israel).

Som ein konsekvens av forfylginga av jødar i Tyskland etter 1933 auka innvandringa endå meir, noko som førte til at arabiske leiarar i 1935 kravde stans i den jødiske immigrasjonen (Oren 2003). Det blei for mange jødar vanskelig å reise ut av Europa og mange enda i nazistane sine døds- leiarar.

Sionistiske diplomatar argumenterte for at berre ein jødisk stat kunne bli ein tilfluktsstad for jødar etter Holocaust (Shoa) og ein buffer i tilfelle ein neste ville kome. Etter andre verdskrig var det mange jødiske overlevande som ynskte å dra til USA, men kombinert med mykje overtaling frå sionistane og strenge immigrasjonslover i USA, fikk ein eit inntrykk av at mange fleire hadde lyst til å busette seg i Palestina (Pappe 2006).

FN 1947 – opprettinga av Israel

Europas sit därlege samvit gjorde at opprettinga av ein israelsk stat hadde større støtte enn tidligare. FN kom i 1947 med eit forslag om at Palestina burde delast i to, der jødane fekk 54 % av jorda og palestinarane 46 %. (Gavron 2004). Palestinarane aksepterte ikkje forslaget. Dei såg ikkje nødvendigvis på jødane som flyktningar, så mykje som europearar som ikkje aksepterte at palestinrarar hadde sin eigen nasjonale identitet og tilknyting til landet (Khalidi 2009). Før FN rakk å handsame saka ferdig, erklærte den sionistiske leiinga i Palestina den 14. mai 1948 staten Israel for oppretta med David Ben-Gurion som statsminister (Pappe 2006).

Uavhengigheitskrigen, Al Nakba

Fleire arabiske land hadde trua med å gå til krig mot Israel viss ein slik stat var oppretta. Egypt, Irak, Jordan, Libanon og Syria gjorde alvor av trugsmåla og neste dag braut det ut krig. Landa angrep Israel, noko dei heldt fram til 1949 då ein våpenkvile blei signert. Då krigen var slutt, var situasjonen som føljer: Gazastripa var okkupert av Egypt og Jordan hadde okkupert Aust-Jerusalem og Vestbredden. Medan det var krig, hadde over 300 palestinske landsbyar blitt øydelagt eller jamna med jorda av israelske militære styrker og ca. 700 tusen palestinrarar flykta frå Israel. Palestinarar som no var på Jordan- sida kunne ikkje reise til Israel og omvendt (ibid).

Seksdagarskrigen

I det som seinare blei kalla Seksdagarskrigen i 1967, tok Israel Gaza og Sinai-ørkenen frå Egypt, Vestbredden med Aust- Jerusalem frå Jordan og deler av Golan-høgdene frå Syria. Etter dette hadde Israel kontroll på heile det tidligare mandatområdet Palestina, med mellom anna det som resultat at ein million palestinrarar busett på Vestbredden og Gaza, kom under israelsk styre (Oren 2003). I etterkant av Yom Kippur-krigen i 1973, blei Sinai- halvøya blei gitt tilbake til Egypt (Gavron 2004).

Gaza og Vestbredden var frå 1967 til 1972 stengt militært område og palestinrarar som budde i desse områda slapp ikkje inn i Israel. I 1972 bestemte den israelske regjeringa at det skulle vere høve til fri rørsle for heile befolkninga, men under israelsk kontroll. Dette gjorde det mogleg for palestinrarar frå Vestbredden å kunne vitje Jerusalem og andre stader igjen, som dei hadde flykta frå. Israelrarar kunne no fare som dei ville til Gaza og Vestbredden (Pappe 2006). Medan israelrarar no kunne busette seg på Gaza og Vestbredden (slik vart mange av busettingane på palestinsk land bygt), kunne ikkje palestinrarar frå Gaza og Vestbredden flytte attende og busette seg i Israel.

Den fyrste intifada- en

Den fyrste intifada- en (1987–1991) var eit omfattande palestinsk opprør mot dei israelske styresmaktene. Den byrja med ein spontan aksjon då ein israelsk tanks ved grenseovergangen mellom Gaza og Israel køyrdet over ein kø av palestinske menn som var på veg heim frå arbeid i Israel. Fire blei drepne og mange såra. Gravferdene som fylgde av dette, utvikla seg til massedemonstrasjonar som fort spreidde seg til resten av Gazastripa, Vestbredden og Aust-Jerusalem. Metodane var fleire; sivil ulydnad, barrikader der inngangen til palestinske byar blei sperra for israelske soldatar, steinkasting og boikott av israelske varer. (Tessler 1994). Frå Israel blei det utført ulike kollektive straffer som restriksjonar i bevegelses- fridomen, fengslingar, frå kopling av vatn og elektrisitet (Pappe 2006).

Oslo- avtalen

Forhandlingane mellom PLO og Israel - det som skulle ende opp som Oslo- avtalen - starta på byrjinga av 1990- talet og vart underskriven i 1994 (Pappe 2006). Det viktigaste i avtalen var at

Israel og PLO var samde om at ein palestinsk stat skulle etablerast innan ein femårs-periode og at det i tida fram til det, skulle kome på plass palestinske sjølvstyrings-myndigheiter.

Vestbredden ble delt inn i tre typar områder; A, B og C- områder (Kimmerling, Migdal 2003). Dei palestinske sjølvstyrings-myndighetene skulle kontrollere A- områda (ca. 4 % av Vestbredden), dette var for det meste dei store byane. Det er ulovleg for israelarar å opphalde seg i område A.

For B-områda (ca. 27 %), skulle sjølvstyrings-myndighetene ha sivil kontroll medan Israel framleis skulle ha den militære kontrollen.

I C-områda (ca. 70 %) skulle Israel framleis ha full kontroll. Sone C er dei mest landlege og det er her i sone C dei israelske busettingane er.

Avtalen og storleiken av områda har vore re- forhandla fleire gonger, og i dag er A-områda ca. 18% av Vestbredden, B-områda ca. 21% og C-områda ca. 61% (Golan 2013).

Som ein konsekvens av Oslo- avtalen blei det etablert ein palestinsk sjølvstyre-myndigkeit, ”The Palestinian National Authority” (PNA), leia av Yassir Arafat. I 1996 blei det halde val og partiet Fatah, leia av Arafat, vann (Gavron 2004). Dei vidare forhandlingane i fem- års perioden fekk ein brå slutt då den israelske statsministeren Yitzhak Rabin ble myrda av ein jødisk ekstremist i 1995. Rabins etterfyljar vart den konservative Benjamin Netanyahu. Med ein høgrevlyje i landet vart Israel mykje mindre kompromissville og når palestinske grupperingar samstundes starta med sjølvmordsangrep mot sivile mål i Israel, hardna frontane til igjen og forhandlingsviljen blei sterkt svekka på begge sider (ibid).

Den andre intifadaen

På 2000- talet vart situasjonen gradvis forverra og i 2001 braut den andre palestinske intifadaen ut. Etter Ariel Sharon sin spasertur på Haram al-Sharif (Tempelhøgda) braut det ut spontane demonstrasjonar der fleire palestinske demonstrantar vart drepne. Dette utvikla seg til mellom anna stadige sjølvmords- åtak i Israel og til at den israelske hæren stramma inn kontrollen av Vestbredden og Gaza månadleg. Særskilt gjekk dette ut over bevegelses- fridomen til

palestinarane som måtte gjennom eit stadig aukande tal kontrollpostar og vegsperringar (Pappe 2006).

I 2002 starta bygginga av separasjons-barrieren, som strekker seg langt inn på Vestbredden og gjer deler av landet utilgjengelig for palestinarane (ibid). Denne muren vert bygt sjølv om den er fordømt av FN og den internasjonale domstolen i Haag har vedteke at den er i strid med internasjonal lov (Separation_barrier/map 2013). Samstundes helde Israel fram utbygginga av jødiske busetjingar⁸ på Vestbredden og i Aust- Jerusalem. I dag bur det om lag ein halv million busetarar på Vestbredden og i Aust- Jerusalem (Settlement statistics 2013). Busetjingane er ulovlige etter internasjonal lov ettersom dei er bygde på palestinsk land samt at ein okkupasjonsmakt ikkje har lov til å flytte sin eigen sivilbefolkning til områder dei okkuperer (Settlements/ International Law 2013).

Avhandlinga si oppbygging

Avhandlinga er organisert i sju ulike kapittel. Desse kapitla heng likevel saman med kvarandre og utgjer alle den historia eg ynskjer å fortelle. Eg har no presentert temaet og problemstillingane for avhandlinga mi, gitt eit innblikk i kvifor eg syns det er interessant å studere den israelske fredsbevegelsen og vist til eksisterande litteratur. Eg har også definert kva eg meiner med ein sosial bevegelse og aktivisme, plassert meg teoretisk samt presentert den historiske konteksten som er relevant for å forstå utgangspunktet for Israel / Palestina konflikten i dag.

Vidare i kapittel 2 presenterer eg feltet og dei metodiske implikasjonane av å gjere eit slikt felterbeid. Dette inneberer fokus på det demografiske og politiske landskapet under felterbeidet, informantane mine, organisasjonane dei deltek i og ulike stadar på Vestbredden dei har tilknyting til i forbindelse med si aktivisme. Det blir også blikk på kor eg budde, kva arenaer eg deltok på, samt metodiske utfordringar som språk, deltakande observasjon og etikk.

Til sist vil eg gjere reie for korleis eg har dokumentert og anonymisert felterbeidet mitt.

⁸ Et israelsk jødiske sivile samfunn bygd på okkupert land etter krigen i 1967. Busetjingane varierer i størrelse frå store byar til små samfunn med berre eit par campingvogner. Ikke alle busetjingane er politiske og fleire av dei som er i nærleiken av Jerusalem blir ikkje omtalt som busetjingar av dei fleste israelarar. Når eg snakkar om busetterar i avhandlinga meiner eg der i mot i hovudsak dei politiske busetterane.

Kapittel 3 er det første analysekapitellet. Her vil eg ved hjelp av empiriske eksempel og historier informantane mine fortalte meg vise korleis dei blir involvert i fredsbevegelsen og motivasjonen deira for å bli det. Årsakar til og føresetnader for fredsaktivisme eg tek for meg her vil blant anna vere; at ein må ha tid til aktivismen og ofte ha eit generelt politisk engasjement og at mange aktivistar vore ute og reist og brakt heim inspirasjon i frå utlandet. Det eg likevel vel å fokusere mest på er det informantane mine fortalte om erfaringar frå militæret og opplevingar som ikkje stemde overeins med det narrativet dei frå før hadde om den israelske staten og seg sjølv i den. Dei la og vekt på, og eg kunne observere korleis det å vere militærnektar eller det å flytte til Jerusalem er ein inngangsport til fredsbevegelsen (Her spelar og nysgjerrigkeit mot palestininarane og Vestbredden inn).

Eg vil og argumentere for korleis vennskap er med på å gjere at nokon blir introdusert til aktivisme. Vennar tek ein med på demonstrasjonar og aksjonar som støttar palestinrarar. Dette skapar eit fellesskap blant med- aktivistane. Ein kan og oppleve moralske sjokk i desse hendingane, som på denne måten er med på å stille fleire spørsmål og skape ein motivasjon for å vere med neste gong. Med andre ord vil eg i dette kapitellet vise korleis slike opplevingar er endringsskapande for dei israelske aktivistane sitt syn på eigen identitet.

I kapittel 4 viser eg korleis aktivismen kan seiast å vere ein aktivitet og korleis det å bli til ein israelsk fredsaktivist kjem til utrykk. Det å vere aktivist er i hovudsak noko ein gjer. Eg viser at det er gjennom kroppsleggjorde erfaringar ein lærer seg å oppføre seg som ein aktivist og at det er slik mykke av fellesskapet aktivistane seg i mellom blir til. Desse erfaringane kan seiast å vere overgangsritual til fredsbevegelsen. Vidare argumenterer eg for at det er nokon erfaringar som er meir med på å inkludere ein person i fredsbevegelsen enn andre og at fredsaktivistane definerer seg uti frå kva slags aktivitet dei gjer.

Vidare, i kapittel 5, tek eg føre meg korleis dei israelske fredsaktivistane blir møtt av det israelske samfunnet forøvrig, korleis dette opplevast og korleis aktivistane sin forståing av eigen identitet vert påverka. Eg viser korleis det å vere israelsk fredsaktivist er ein spesifikk kategori i det israelske samfunnet, som blir møtt med negative tilbakemeldingar fordi den ikkje passar inn i dei førestellingane mange israelarar har om korleis ein skal forhalde seg til palestininarane. Ein blir

møtt av negative sanksjonar ikkje berre når ein er på demonstrasjonar, men og i familien og på arbeid. Det å vere fredsaktivist blir såleis å stå på den andre sida i Israel / Palestina konflikten og passar ikkje inn med mange andre israelarar - og kanskje også aktivistane sitt tidlegare syn på kva ein israelsk statsborgar skal stå for.

I det siste analysekapitellet, kapittel 6, tar eg føre meg korleis aktivistane israelske identitet kan kome i konflikt i møte med det palestinske narrativet av samfunnet. Palestinarar ein møter kan sette merkelappar på ein som israelar utan at aktivistane sjølv nødvendigvis identifiserer seg med desse merkelappane. Vidare viser eg at for å vere ein del av den israelske fredsbevegelsen, må ein tilpasse seg sine meningar og sin måte å snakke om palestinrarar på, og korleis vennskap med palestinar kan vere endringsskapande for identiteten som israelar. Ved at ein ikkje passar inn nokon av desse klare kategoriane som israelar eller palestinar, kan det føre til at ein får ein ny identitets- kategori som fredsaktivist. Samtidig identifiserer aktivistane seg ikkje nødvendigvis med ein klar identitet, snarare er deira identitet under stadig re- forhandling.

Kapittel 7 er det siste kapitellet. Her samlar eg trådane og summerer opp kva eg har ynskt å seie gjennom heile avhandlinga, som kvifor ein vel å bli involvert i fredsaktivismen, korleis det kjem til utrykk og på kva slags måtar fredsaktivismen påverkar deltakarane si forståing av eigen identitet. Eg vil her vise at eg kunne ha svart annleis på desse spørsmåla, men argumenterer for at måten eg har velt å svare på har vore den mest fruktbare i forhold til kva eg observerte på feltarbeide og kva mine informantar la vekt på sjølve. Heilt til slutt i avhandlinga vil eg gjere nokon merknadar om korleis ein ved å gjere eit antropologisk studium i ein konfliktsituasjon slik som i Israel/ Palestina, kan få ein tilgang ein elles ikkje ville fått, på kunnskap om kva som er viktig for dei menneska som er midt i det og korleis dette ikkje berre kan vere nyttig forskingsmessig, men og i ein større politisk kontekst.

Kapittel 2: Felt og Metode

Eg vil i dette kapitellet presentere feltet mitt og dei metodiske implikasjonane. Det vil sei det demografiske og politiske landskapet når eg var på felt, informantane mine, organisasjonane dei er tilknytt til og dei ulike plassane på feltet. Vidare vil eg vise kor eg budde når eg var på felterbeid, kva slags arenaer eg deltok på, mi rolle og metodiske utfordringar i forhold til; språk, etikk, kjønn og alder. Heilt til slutt i dette kapittelet vil eg vise korleis eg har dokumentert og anonymisert felterbeidet mitt.

Israel våren 2012

Det er i dag om lag 8 millionar innbyggjarar i Israel. Av desse er om lag 75,3 % israelske-jødar, 20,7 % israelske- palestinrarar (Central Bureau of Statistic (Israel) 2013).

Det er vel 4,4 millionar palestinrarar på Vestbredden og på Gaza (Palestinian Central Bureau of Statistics 2012). Det bor og ca. 520 tusen busettarar på Vestbredden, og ca. 325 tusen i Aust-Jerusalem (Settlement statistics 2013).

”Tilbakevendigslova” gjer at alle som kan bevise at dei er av jødisk avstamming, automatisk kan få opphold og seinare statsborgarskap i Israel (Kimmerling 2001). Kan du ikkje bevise at du er av jødisk avstamming og er ikkje ein av dei som er født i Israel, (ein får det nødvendigvis ikkje om ein er født der heller, til dømes ikkje born av asiatiske arbeidsimmigrantar), får du opphaldsloyve og kan etter å ha budd fleire år i landet søke om statsborgarskap.

Palestinrarar som bur på Gaza og på Vestbredden treng spesielt løyve for å dra til Israel, som oftast er dette arbeidsløyver. Palestinrarar som bur i Aust- Jerusalem, har ikkje israelsk statsborgarskap, men midlertidig opphalds- løyve. Denne retten misser dei om dei ikkje kan bevise at dei bur i Aust-Jerusalem (Jerusalem/Legal status 2013). På grunn av dei strenge restriksjonane for palestinrarar frå Gaza og Vestbredden dei siste åra er det vanskeligare for palestinrarar å både kome seg til Israel. Fleire hoppar eller kryp ulovlig under muren kvar dag til i Israel eller står i timevis køar i dei store kontroll- postane for å dra på arbeid (Matar 2012).

Det er mange ulike etniske og religiøse grupperingar i Israel. Eg vil her nemne nokon av dei som skil seg mest ut eller er dei største. Innan for den jødiske gruppa er det store variasjonar både i

regional bakgrunn og religiøst innhald. Jødar frå heile verda har og held fram med å emigrere til Israel. Eit skilje som ein tradisjonelt har sett opp, har vore mellom askenasi og mizrahi jødar. Askenasi jødar, er jødar som stammar i frå Europa og har i Israel stort sett høyrt til middelklassa. Mizrahi er jødar som stammar i frå Midtausten områda. Dei har heilt sidan byrjinga av etableringa av den israelske stat blitt diskriminert av askenasi jødane som hadde, og fortsatt har, meir politisk og økonomisk makt enn mizrahi jødane (Kimmerling 2001, Pappe 2006). Mange mizrahi jødar har opp igjennom åra kjempa for sine rettar og ein av dei mest kjente grupperinga var dei ”Svarte Panterane” frå Jerusalem (Pappe 2006). Ei anna jødisk marginalisert gruppe er dei etiopiske jødane. Då eg var på felt, var det mange etiopiske jødar som hadde sine eigne demonstrasjonar. Elles er dei russiske jødane ei stor gruppe, fleire av dei snakkar ikkje hebraisk. Ein har og sør- amerikanske jødar og det kjem stadig fleire amerikanske jødar til landet.

Når det gjeld det religiøse aspektet er det mange ulike fraksjonar. Mange israelarar er sekulære samstundes som dei nasjonalistiske messianske bevegelsane som Gush Emunim og dei ulike ultra- ortodokse gruppene veks. I Jerusalem er det ei veksande konflikt mellom dei ultra- ortodokse og resten av befolkninga. Dei ultra- ortodokse tek over nabolag og forbyr dei andre som bur der å køyre bilane sine på Shabbaten⁹, ropar til, og ved nokon høve, kastar stein på kvinner som ikkje er skikkelig tildekt som kjem inn i desse nabolaga. Då eg var på felt, var det fleire protestar mot at dei ultra- ortodokse fekk pengar av staten for å studere religiøse tekstar og at dei slapp å tenestegjere i militæret.

Når det gjeld palestinrarane og israelske palestinrarar, er dei fleste muslimar eller kristne. Kristne, dei fleste palestinrarar, utgjer om lag 125 000 av befolkninga (Central Bureau of Statistics (Israel) 2011).

I tillegg til desse gruppene, fins det og druserar, som utgjer ca. 128 tusen av den israelske befolkninga (ibid). Dei fleste bur nord i Israel, og har sin eigen esteriske religion. Ei anna gruppering er sirkasserane som er ca. fire tusen i Israel. Dei er sunni- muslimar men identifiserer seg ikkje med palestinrarane (Kimmerling 2001).

⁹ Jødisk heilagdag, kvar laurdag.

Det bur i tillegg mange internasjonale frå alle plassar av verda som kjem til Israel / Palestina for lengre eller kortare periodar. Enten dei er frivillige, arbeidar for FN, er religiøse pilgrimar eller utvekslingsstudentar og forretnings- arbeidar.

Det politiske landskapet våren 2012

Då eg var på felterbeid var Benjamin Netanyahu statsminister i Israel ved ein koalisjon med hans parti Likud og partiet Kadima, begge på høgresida, i spissen for fleire andre parti i parlamentet (Knesset). Her kan det vere vært å nemne at i den offentlige diskursen i Israel er det å vere på høgresida og det å vere på venstresida omtrent identisk i forhold til korleis ein står med tanke på fred med palestininarane. Det å vere på venstresida politisk i Israel blir assosiert med at ein ynskjer ei politisk og ikkje ei militær løysning på konflikten og er villig til å gi frå seg territorium for fred med palestininarane. Slik har det seg at mange i fredsbevegelsen blir omtalt som og kallar seg *smolanim*, som betyr til venstre på hebraisk.

Mens det å stå høgresida impliserer at ein har nærmast ei kompromisslaus haldning i høve territorium basert på sikkerheit og nasjonalistiske / religiøse grunnar. Ein vanlig måte å snakke om dette skiljet på er at høgresida er haukar og venstresida er duer (Hermann 2009).

Mange veljarar tok som sagt ut i gatene for å protestere mot regjeringa sommar 2011. Med ein pause i vinterhalvåret, fortsette desse demonstrasjonane, som blei kalla J14, våren 2012. Desse demonstrasjoane handla om at mange israelarar var utan muligkeit til å finne seg bustad på grunn av dei høge prisane, kombinert med aukande arbeidslause, dyrare matvarer og at regjeringa heldt fram med å privatisere både helsetenesta og ga lite til sosiale bustader. J14 demonstrasjonane starta ved at 25 år gamle filmregissør Dafni Leef sommaren 2011 ikkje fann seg leilegheit i Tel Aviv. Ho bestemte seg derfor den 14. juli, derav namnet J14, for å sette opp eit protest- telt på Rothschild Boulevard midt i Tel Aviv sentrum og inviterte folk til å gjere det same ved hjelp av ein ”event” på Facebook. Snart var det over 1 200 telt i Tel Aviv og hundrevis av slike telt rundt omkring i landet. Veka etter starta det opp med demonstrasjonar og etterkvart som månadane gjekk, var det så mykje som ein halv million menneske som gikk i ”folket forlangar sosial rettferdighet-” demonstrasjonar over heile landet (Shenkel 2012). Mange av demonstrantane var ikkje einige innbyrdes og kva som var meint med sosial rettferdighet, og det var svært få israelske- palestininarar som gikk i desse demonstrasjonane.

Demonstrantane skulle etterkvart kome i konflikt med politiet og det var nesten opptøy- liknande tilstandar både i Jerusalem og Tel Aviv. Ein av demonstrantane Moshe Silman, tok å tende på seg sjølv på ein demonstrasjon og døde seinare av skadane (Lappin et al. 2012).

I det palestinske politiske landskapet var det lite protestar anna enn dei fredags-demonstrasjonane som allereie var i Jerusalem og i ulike landsbyar på Vestbredden. Vestbredden og Gaza var framleis politisk splitta i to. Med eit Hamas- styre i Gaza og eit Fatah- styre på Vestbredden. Mahmoud Abbas var leiar av Fatah og var president for dei palestinske sjølvstyremyndighetene. Samstundes var Abbas sin søknad om at Palestina skulle bli eit medlemsland i FN inne for høyring, men fortsatt ikkje avklart.¹⁰

No som eg har presentert det demografiske og politiske landskapet på felt vil eg i neste avsnitt presentere informantane mine, først generelt som gruppe og så dei hovudinformantane som går igjen i avhandlinga.

Informantane

Eg hadde rundt 50 informantar, kor omlag 14 av dei var hovudinformantar. Eg budde saman med 5 av dei i eit kollektiv frå april til juli. Dei fleste av informantane mine var 19 til 35 år, med nokon eldre. Dei fleste aktivistane var i denne aldersgruppa, men det var og lettare å bli kjent med dei på min eigen alder. Den delen av den israelske fredsbevegelsen som eg har studert, kan seiast å vere den radikale venstre- delen av bevegelsen. Ein kan anta at det finnast ca. tre tusen slike radikale fredsaktivistar i Israel (Gordon i Svirsky 2012).

Aktivistane består av eit uformelt nettverk med mange ulike små og store menneskerettighets organisasjoner og møteplassar som kollektiv og faste ute- plassar. Miljøet er veldig lite og dei fleste kjenner kvarandre. Dei fleste av informantane mine kom ikkje frå Jerusalem, men hadde heller flytta dit for studiar eller andre årsakar. Eg hadde informantar som var både askenasi og mizrahi med litt fleire askenasi. Når det er sagt hadde eg berre ein informant som var etiopisk jøde. Dette kan forklarst ved at mange etiopiske jødar som driv med aktivisme gjer det heller i forhold til eigne rettigheitar.

¹⁰ 23 september 2012 vart det klart at Palestina skulle få rolle som observatørstat.

Eg hadde ein informant som kom frå ei politisk busetting og ein som hadde brytt ut av ein ultra-ortodoks familie, men elles vil eg sei at det var berre to informantar som kom frå sterkt religiøse familiær.

Dei aller fleste av mine informantar har vore i militæret med unntak av kanskje ti stykke, som enten har nekta og såleis har enda opp med å sitte i fengsel i lengre eller kortare periodar eller som har gått til ein psykolog og sagt at dei har psykiske problem utan at dei nødvendigvis har det. To av informantane mine som var 19 år hadde, på denne tida mens eg var på felt, kome seg unna ved å møte ein komité og erklære seg som generelt pasifistar.

Når det gjeld kjønn på informantane mine, er begge kjønn er like mykje representert.

I resten av handlinga kjem eg i hovudsak til å ta utgangspunkt i åtte israelske fredsaktivistar som eg i avhandlinga kallar for Dafna, Elay, Itamar, Sara Ethan, Idan og Jacob. Eg kjem til å nemne andre, men eg reknar desse som hovudinformantane mine. Alle desse informantane kjenner kvarandre, om enn nokon betre enn andre. Men ikkje alle mine informantar generelt kjenner kvarandre, sjølv om det er eit overlappande miljø. Det er meir slik at ein ofte veit kven kvar andre er, mens andre igjen er venner. Ettersom dei åtte personane kjem til å gå igjen i dei føreståande kapitela kan det vere nyttig å presentere nokon nøkkelkarakteristikkar med dei allereie her.

Dafna: er ei kvinne i slutten av førtiåra og bur i Jerusalem. Ho kom saman med familien sin til Israel frå St. Petersburg då ho var tenåring. Ho er skilt og har ein son, som bur i Boston i USA. Dafna drar stadig dit for å besøke han. Ho jobbar som bibliotekar, og kan mange språk: tysk, russisk, engelsk, hebraisk og arabisk, som ho har lært seg dei siste åra. Dafna er veldig glad i dans, spesielt gresk dans, og drar ofte på festivalar til Hellas for å danse. Eg møtte Dafna via organisasjonen Ta'ayush. Nokre gongar overnattar ho og med ein familie i ein palestinsk landsby som ho har blitt kjent med. Dafna er venn med fleire palestinske kvinner og blei introdusert til fredsbevegelsen via dialoggrupper. Det var mykje Dafna sitt engasjement for å lære om andre ”kulturar” som gjorde at ho begynte med fredsaktivisme.

Elay: er ein mann på 31 år og kjem frå ein by utanfor Haifa. Han går siste året på master i sosialantropologi på Universitet i Jerusalem og arbeidar som seminarledar både der og på Universitetet i Tel Aviv. Han arbeidar og tidvis som sjonglør for barn. Det var besteforeldra på begge sidene av Elay si slekt som kom til Israel. Elay er mizrahi med bakgrunn frå Egypt, men han har aldri vore der sjølv. Han har ei søster som bur Italia og ein bror som bur i Tel Aviv. Bror hans og han er nære venner, men broren er skeptisk til fredsbevegelsen. Elay budde før i kollektivet som eg flytta inn i. Mens eg var på felterbeid budde han i eit kollektiv i nærleiken av universitetet saman med ei jente som studerte engelsk og ein offiserar i militæret. Ingen av dei er fredsaktivistar. Elay drar nesten aldri på demonstrasjonar på Vestbredden eller med Ta'ayush dit, men er mykje aktiv innan for Da ám, som arbeidar for palestinerar og israelerar sine rettigheitar i forhold til arbeid. Elay har vore i militæret i dei okkuperte områda blant anna i Hebron.

Itamar: er ein mann på 30 år og kjem frå Netanya. Han arbeidar på ein restaurant i Jerusalem, men har tidligare studert på universitete og arbeida som lærarassistent. Han spelar i punkband saman med Elay, og dei møtast når dei budde på studenthybler saman. Han er veganar og prøver å overtale Elay til å også bli det. Itamar er mizrahi og det var besteforeldra hans som kom til Israel. Han har to systrer og foreldra er skilt. Itamar og eg budde i det same kollektivet under felterbeidet mitt. Itamar brukte å dra på demonstrasjonar til Vestbredden før og var aktiv som anarkist, men når eg var på felt hadde han sluttat med det og var heller veldig aktiv innan for Da ám. Han har vore i militæret og drog etter tenesta til India for å reise.

Sara: er ei kvinne på 24 år og kjem frå Holon, sør for Tel Aviv. Sara studerer kjønns- studiar på Universitet i Jerusalem. Ho er også veganar. Sara kom til Israel frå Ukraina saman med, mor si, faren og ei eldre syster då ho var tre år. Foreldra er skilt. Sara budde saman med meg og Itamar i kollektivet (vi var også andre som budde der). Før drog Sara mykje meir på demonstrasjonar på Vestbredden, men det hende seg at ho gjorde det no og. Ho var også med eit par gongar med Ta'ayush, som ho hadde vore mykje aktiv innanfor tidligare, før drog ho kvar laurdag. Sara hadde også vore aktiv innafor ulike grupper, men arbeide no mest i samarbeid med Profil Hadash med å hjelpe folk som ikkje ønska å dra i militæret. Ho var sjølv i militæret, men aldri i dei okkuperte områda. Sara meiner slik som mange andre av informantane mine, at ein to- statleg løysning på konflikten ikkje er mulig, men ynskjer seg heller ein sekulær stat for både israelarar og palestinrarar.

Ethan: er ein mann på 27 år og kjem frå Tel Aviv. Han studerer politikk og litteratur- vitskap på Universitet i Jerusalem. Hans besteforeldre kom til Israel frå Polen og Tyskland, og han har tysk pass. Han har vore mykje ute å reist i Europa, og blant anna vore ei tid i Noreg for å selje malerier saman med andre israelarar. Ethan blir introdusert til fredsbevegelsen via Sara som han etterkvart blir saman med. Han har vore i militæret sør for Hebron.

Ada: er ei jente på 19 år og kjem frå Haifa. Ho har gått på ein internasjonal vidaregåande skule i India. No gjer ho siviltenestene sin i Rabbis for human rights og bur i Jerusalem sentrum aleine. Ho har tre yngre brør og besteforeldra hennar kom til Israel frå Polen og Tyskland. Ada er heller ikkje kjent med fredsbevegelsen før ho begynner siviltenestene sin.

Idan: er ein gut på 19 år. Han er ut og inn av komité- høyringar for å prøve få godkjent sivilteneste på pasifistgrunnlag. Han har aldri vore med i fredsbevegelsen, men oppsøker dei for å få hjelp til å nekte militæret. Idan kom som barn til Israel frå Kviterussland og bur saman med mor si, stefaren sin og ei halvsøster utanfor Jerusalem i ei busetting. Han seier sjølv at det er ikkje politiske grunnar som ligg bak, men at når dei kom hit så viste dei ikkje kva dei ulike plassane var for noko og fann ein plass som var billig. Idan blir introdusert til fredsbevegelsen ved si militærnektning og begynner etterkvart å dra på demonstrasjonar på Vestbredden.

Jacob: er ein mann på 60 år og bur i Jerusalem. Han jobbar for "Rabbis for human rights" går med kippa, er religiøs, men ikkje konservativ. Han er gift og har tre born og fleire barneborn. Jacob kom til Israel då han var ung frå Australia. Han var i militæret og var med i krigen mot Libanon, men han arbeid med å ha ansvar for medisin og ikkje kamphandlingar. Han blei etterkvart med i fredsbevegelsen og var med på nokon av dei fyste Peace Now - demonstrasjonane på Vestbredden.

Organisasjonane

Eg har her velt å skrive litt om dei organisasjonane som mine informantar i større og mindre grad var involvert i. Det fins veldig mange freds og menneskerettigheits- organisasjonar i Israel.

Informantar fortalte meg at sjølv om dei hadde vore aktive som fredsaktivistar i fleire år, hadde dei ikkje oversikt over alle organisasjonane. Mange av informantane mine var ikkje nødvendigvis medlem av nokon heller, men organisasjonane er likevel knytt til fredsbevegelsen. I avhandlinga elles kan det og kome fram nokon organisasjonar som ikkje er nemnt her.

”Profil Hadash” (Ny profil): Er ein støtteorganisasjon for israelske militärnekterar, starta opp i 1998 (Herman 2009). Namnet Profil Hadash spelar på dei kodene dei israelske forsvarsstyrkane brukar for å klassifisere israelarar som er ueigna til militärteneste. Profil 21 er koda for nokon som er permanent ueigna fysisk eller på anna vis for militärteneste og Profil 24 er å vere midlertidig ueigna (Røslien 2010). Dei siste åra har fleire og fleire israelarar brukt profil 21 for å sleppe unna militärteneste, ved å sei at dei er psykisk sjuke. Profil Hadash medlemmane held foredrag, arrangerer sommarleirar og hjelper ungdom med korleis dei skal sleppe unna militärteneste. Nokon av mine informantar arbeida innanfor Profil Hadash og fleire, blant anna ein hovudinformant hadde søkt hjelp av dei når han sjølv ville nekte militæret (Profil Hadash 2013).

”Da ám Arbeideranes parti” (Noordhamat-al-ámal ad-dimoqrati¹¹): Er eit sosialistisk politisk parti som vart etablert i Haifa i 1995. Da ám prøvar å få til eit arabisk-jødisk samarbeid med fokus på klasseidentitet over etnisk eller nasjonal identitet (Da’am 2013). I den politiske plattforma står det at dei ønskjer ein ende på okkupasjonen og å få etablert ein uavhengig palestinsk stat innanfor 1967 grensene. Dei er i mot den nåverande israelske regjeringa si privatisering av offentlig sektor. Dei er og er kritisk til de palestinske styresmaktene og ser samanhengar mellom arbeidsløyse på Vestbredden med arbeidsløyse i Israel. Da ám partiet har oppretta ei fagforeining som heiter WAC- MAAN (Workers advice center) som gir støtte til arbeidsledige og uorganiserte arbeiderar. Ni av mine informantar var aktive innanfor Da’am, blant anna nokon av mine hovudinformantar. Fleire informantar var og sympatiske til partiet og spesielt til fagforeininga. Dette er eit ganske lite parti i Jerusalem og kollektivet eg budde i var stadig møteplass for dei. Da ám har aldri hatt representantar i Knesset.

”Rabbis for human rights” (Shomrei Mishpat): Vart etablert i 1988 og bygger på ein humanistisk jødisk tradisjon og dei internasjonale menneskerettane. Fleire av medlemmane er rabbinerar eller

¹¹ Omsett frå arabisk til: Demokratisk samarbeid/ handling.

rabbinstudentar. Arbeidet deira inkluderer så vel som å skrive tekster om jødedommen i tilknyting til menneskerett- aspektet, som dokumentering av menneskerettar mot palestinurar i dei okkuperte områda, frivillig arbeid, arrangering av sommarleirar, og å skaffe bustand til fattige israelarar (Rabbis for human rights 2013). Organisasjonen har eit kontor i Jerusalem med ca. ti tilsette. Dei har og ein mindre advokatstab som finansierar juridiske hjelp for palestinurar og israelske fredsaktivistar.

”Ta’ayush” (”Å leve saman¹²”): Er ein ikkje- voldelig grasrot- organisasjon som vart starta opp hausten 2000. Medlemmane knytt seg ikkje til ein spesiell politisk ideologi, men har likevel nokon grunnprinsipp: Å arbeide for like sivile rettigheter for alle innan for grensene av Israel, ein ende på okkupasjonen, evakuering av busettingane, retur til 1967 grensene og ei rettferdig løysning på det palestinske flyktnings problemet (Hermann 2009).

Det er ikkje noko fast medlemskap i Ta’ayush. Organiseringa fungerer ved at kvar laurdag er fast dag for å fare tidlig om morgonen frå Jerusalem til områda sør for Hebron for å ta del i aktivitetar. Desse aktivitetane inneber å fylje palestinske gjeterar, bygge opp igjen hus, demonstrasjoner eller innhaustingar. Om ein ynskjer å vere med desse laurdagane, melder ein seg på via heimesida til organisasjonen (Ta’ayush 2013). Slik sett varierte det frå gong til gong kor mange som er med. Nokon gongar var vi heile fire minibussar som drog, mens andre gongar ikkje fleir enn ein minibuss. Det var som regel to eller tre personar som det veksla mellom, som hadde ansvar for påmeldingslistene og den personen ringte også om morgen for å sjå til at alle kom fram. Desse mailane om å møte opp, er både på engelsk, hebraisk og arabisk, og det var fleire gongar med folk frå andre land som var frivillige. Dette mest i februar og mars. Det kan ha med å gjere periodane folk er frivillig i Betlehem og at det blir veldig varmt utover sommaren.

Det var alltid faste gjengangerar av israelske aktivistar. Dette var den faste kjernen i Ta’ayush og nokre hadde vore med i årevis. Enkelte av desse tok og med seg vennar og kjente ved ulike anledningar og var såleis med på å rekruttere nye medlemmar. Gjengangarane var ein del av fredsaktivist- miljøet og var elles å treffe på demonstrasjoner og i sosiale samanhengar saman med andre aktivistar. Mange av hovudinformantane mine var tilknytte Tay’ ayush eller hadde vore det.

¹² På arabisk.

Ofte blei vi delte opp i tre eller fire grupper, alt etter kor mange vi var den dagen. Seinare vart vi så samla igjen og drog så til ein anna plass i samla flokk eller heim, alt etter som. Når ein var inndelt, var det fokusert på å syte for å ha nokon som var erfaren og som kjende området, i kvar gruppe.

Som ofta drog vi til eit område utan for ein palestinsk landsby der nokre gjeterar venta på oss med sauane og geitene sine. Saman med gjeterane gikk vi så til eit landområde for å la dyra få ete av graset. Desse områda var nær busettingar eller militærbasar. På desse områda fikk som regel ikkje gjeterane lov å gå i av det israelske militæret, og så snart vi hadde komt dit kom det som ofta soldatar til oss og fortalte oss dette. Grunngjevinga for at dei ikkje fikk lov til det, kom i form av at det landet høyrte til busetnaden eller at gjeterane var for nær busettinga og utgjorde så ein sikkerheitstrussel (Gjeterane meiner det høyrer til dei). Mange av desse busettingane er ikkje berre ulovlig ved internasjonal lov, men også ved israelsk lov. I tillegg blei det ofte sagt at noko som høyrte til landområdet til busettinga, viste seg i fylje offisielle kart som Ta'ayush aktivistane hadde med, å ikkje gjere det likevel.

Mange gjeterar fortalte at dei torde ofte ikkje å gå dit utan å ha med seg dei israelske aktivistane, fordi når dei drog dit aleine ville busetterane kome å banke dei opp eller true dei og soldatane kunne kome for å arrestere dei og skremme dyra deira. Dei israelske aktivistane med Ta'ayush, hadde alltid med seg videokamera og fotoapparat som dei filma med og hadde og utdelt slike utstyr til palestininarar i områda.

Ved hjelp av kart og lovdokument om kven som eig dette landområdet og ikkje, og kvar busetterane har lov å gå, forhandlar dei israelske aktivistane og ein av dei palestinske lederane seg fram til saman med sivil- administrasjons¹³ offiserane, kvar ein har lov til å gå og ikkje.

Neste gong ein er der, må ein ofte begynne heilt på nytt, og det er sjeldan større framgang. I tillegg til å fylje gjeterane med dyra hjelper Ta'ayush aktivistane og til med praktiske gjeremål,

¹³ Sivil- administrasjonen er ein del av staten i Israel. Dei har byråkratisk ansvar i dei okkuperte områda. Sivil-administrasjonen er ein del av ei større eining av det israelske statsapparatet som koordinerer israelske spørsmål mellom den israelske regjeringa, dei israelske forsvarsstyrkene, internasjonale organisasjonar, diplomatar og dei palestinske sjølvstyremyndighetene.

men det skjedde berre eit par gongar medan eg var på felt. To gongar hjelpte vi til med å plante oliventre, ein gong hjelpte til med å hesje og ein anna gong hjelpte til med å bygge opp igjen eit hus. Desse turane er og sosiale og er med på å knytte band og styrke samarbeidet mellom aktivistane og dei lokale palestinarane.

Ta'ayush har ikkje kontor og ingen tilsette, men samarbeider med Rabbis for human rights. To av dei aktivistane som var mest aktive innanfor Ta'ayush når eg var på felt, fikk betalt resten av veka av Rabbis for human rights for å gjere mykje av det som ein elles gjor med Ta'ayush.

No når eg har introdusert Israel, det politiske landskapet 2012, informantane mine og organisasjonane dei er tilknytt til vil eg presentere dei ulike stadane i feltet mitt.

Jerusalem

På ein måte kan mitt felt seiast å ha vore fleir-lokalt fordi eg har følgt informantane mine rundt på ulike plassar i Israel og på Vestbredden i samband med deira sine aktivitetar i forbindelse med aktivismen. Samstundes var det i Jerusalem eg budde og det var fredsaktivistar frå Jerusalem eg gjorde feltarbeid med.

Jerusalem er med sine 801 000 innbyggjarar den største byen i Israel (The Jerusalem institute for israeli studies: Statistical yearbook, 2011). Sidan 1967 har konflikten om Jerusalem vore eit kjernekonflikt i Midtausten-konflikten. Israel har i praksis annektert Aust-Jerusalem og inga israelsk regjering har vore viljuge til å gje opp dette. Jerusalem-spørsmålet vart utsett i Oslo-avtalen og seinare forhandlingar har ikkje ført saka vidare, også palestinarane vil ha Jerusalem som hovudstad i ein framtidig palestinsk stat.

Byen er særskilt viktig både historisk og religiøs innanfor religionane jødedom, kristendom og islam og er ein av dei viktigaste heilage stadane og for pilegrimar for alle desse trusretningane og tilhøyrande retningar innanfor dei same.

Jerusalem er ein delt by, der skiljet går mellom Vest og Aust. Den vestlige delen er israelsk og den austlege delen er palestinsk. Skilje mellom dei ulike delane av byen er godt synleg både i korbra i stand gatene er og kor mange parkar som er i nabolaga. Det er tydelig at sjølv om Jerusalem

sitt bystyre har ansvar for både Aust og Vest, blir Vest prioritert både når det gjeld søppeltømming og vegarbeid. I tillegg til desse skiljelinjene er det ein stor motorveg som delar Vest og Aust i to. Sjølv om avstandane frå der nokon av dei israelarane eg kjente til Aust-Jerusalem kanskje berre var fem minutt unna var dei aldri i Aust-Jerusalem for å handle og mange hadde aldri vore der.

Det er veldig mange ulike grupperingar som bur og oppheld seg i Jerusalem: armenske kristne, palestinarar både kristne og muslimar, argentinske jødar, amerikanske jødiske ungdommar på gruppeturar, israelske og palestinske studentar, internasjonale FN-arbeiderar, ulike ultra-ortodokse grupper, jødiske busetterar, fredsaktivistar, israelske soldatar på perm, kristne Sør-koreanarar, turistgrupper frå heile verda, flyktningar frå Eritrea, russiske immigrantar og unge skandinavar som arbeidar som frivillig, berre for å nemne nokon få.

Etterkvart som eg var lengre i Jerusalem, var det veldig klart for meg at det er ein by som er fylt av mange menneske som er svært opptatt av identitet. Dette kjem kanskje på grunn av dei mange kontrastane og gruppene, som for meg såg ut til å vere fleire og fleire etterkvart som eg blei kjent.

Plassar som aktivistane dreg til på Vestbredden

Eg vil her presentere nokon av plassane som informantane mine drog til og som fredsbevegelsen i Jerusalem er tilknytt til på Vestbredden.

Árab al Jahalin

Er ein palestinsk landsby fem kilometer sør- aust frå Jerusalem. Landsbyen med sine ca. to tusen¹⁴ innbyggjarar ligg på ein bakketopp 300 meter frå Jerusalem kommune si søppelfylling. Den er lokalisert i "Area C" av Vestbredden, som betyr at Israel har full kontroll av landsbyen, men at dei som bur der har palestinske id. kort, og treng løyve for å dra til Israel. Beduinane som bur der budde opphavleg i ørkenen sør i Israel, men blei kasta ut frå området tidlig på femti-talet av dei israelske forsvarsstyrkane som konfiskerte mesteparten av landet deira. Som resultat av utkastinga slo dei seg ned i området rund den israelske busettinga Maale Adumim utafor Jerusalem. Etter mykje fram og tilbake i retten gjennom heile nittitalet der dei var trua med

¹⁴ Dette talet har eg frå det innbyggerane i landsbyen fortalte meg.

utkasting igjen, fikk dei til slutt i 1998 gjennom eit kompromiss mellom den israelske sivil-administrasjonen og fikk lov til å leige land. I 2012 var det planar om å re- lokalisere landsbyen til opp på sjølve søppellassen, men etter mykje merksemd frå frivillige organisasjonar og media, blei dette trekt tilbake. (Àrab al Jahalin 2013). Rabbis for human rights var med på å forhindre flyttinga til søppeldynga, arrangerer sommarleirar for ungar i området og har frivillige som arbeider som engelsklærarar på ein skule sett opp av ei av dei lokale kvinnene. Innbyggjarane har hus som dei enten har bygd sjølve eller har kjøpt. Mange av mennene, spesielt dei yngre, arbeidar i den store busettanden Maale adumim like ved.

Områda sør for Hebron

Denne regionen er og kjent som Utstreckte Yatta (Masafer Yatta), der Yatta er den største byen med 30 palestinske landsbyar strødd rundt. Det er ca. firetusen palestinrarar i området. Mesteparten lever av jordbruk og husdyrhald. Heile området, med unntak av sentrum i enkelte av landsbyane og Yatta, er under "Areal C" (South Hebron Hills 2013). Det er ca. 16 israelske busettingar og utpostar i området som utgjer ei befolkning av busetterar på ca. 6 500 busetterar. (Foundation for Middle East peace 2013). Mange av desse busetjingane er religiøse og nasjonalistiske. Fleire driv med landbruk, blant anna vindyrking. Det er svært vanskelig for palestinrarane å få godkjende konstruksjonsplanar og dermed å skaffe seg bygningsløyve fordi den israelske staten har lagt området under kontroll av militæret. Palestinrarane kan heller ikkje kople seg på vass eller straumleidningar som israelarane har lagt ut og som går til militærbasar og busettingar. Palestinrarane samlar derfor regnvatn i sisterne og kjøper vatn, men sisterne må ha bygningsløyver og blir derfor med jamne mellomrom rive av den israelske sivil-administrasjonen. Når det gjeld straum, har danske og sveitiske organisasjonar kjøpt inn solcellepanel og ein bruker generatorar. Palestinrarane er ofte offer for vold og hærverk frå busetarane (South-Hebron Hills 2013). Internasjonale aktivistar frå Operation Dove¹⁵ og Christian Peacemaker team¹⁶ er i området og dokumenterer menneskeretts- brot og fungerer som menneskelige skjold i møte med israelsk militære og busetterar. Av dei israelske organisasjonane er det Ta'ayush som er mest engasjert i området. Rabbis for human rights er og involvert med advokatar som kjemper for lokale palestinrarar sine rettigheitar til å få bygge bustader og bo på landområda. Det er generelt mest aktivistar frå Jerusalem som er involvert der, mens aktivistar frå Tel Aviv er meir involvert i demonstrasjonar på Vestbredden.

¹⁵ <http://www.operationdove.org/>

¹⁶ <http://www.cpt.org/work/palestine>

an Nabi Salih

Fleire landsbyar på Vestbredden har dei siste åra begynt å demonstrere mot konstruksjonen av det israelske sikkerheitsgjerde og busettingar som går inn på deira land. Desse landsbyane, som Bilin, Nilin og al Mufaqarah er tilknytt Popular Struggles Comittes¹⁷, som er palestinske grasrot organisasjonar som består av palestinske aktivistar. an Nabi Salih er ein slik landsby nordvest for Ramallah. Landsbyen med eit innbyggartal på rundt fem hundre, ligg på ei høgde omringa av olivenlundar. Over hovudvegen ligg busettinga Halamish som blei oppretta i 1977 av Gush Emunim. I 2009 okkuperte busetarane den naturlige brønnen til an Nabi Salih og nekta palestinarane tilgang. Dette førte til at daglige fredagsdemonstrasjonar vart starta i landsbyen for å få tilbake brønnen og i mot okkupasjonen generelt (an Nabi Salih 2013). Hausten 2011 vart ein av innbyggjarane i landsbyen skoten i ansiktet av en tåregass- behaldar og døydde seinare av skadane. Fleire informantar påpeikte at ein av grunnane til at det hadde blitt meir og meir vanlig at fleire israelske fredsaktivistar drog til an Nabi Salih fredagsprotestane i staden for Bilin, som før hadde vore den vanlegaste plassen å dra, kunne ha med at han blei drepen å gjere. Fleire internasjonale aktivistar valfarta og dit til fredagsdemonstrasjonane.

I resten av dette kapittelet vil eg no presentere dei ulike antropologiske metodane eg har tatt i bruk på feltarbeidet og implikasjonane ved dei.

Plass å bu

Når eg først kom til Jerusalem hadde eg ikkje nokon plass å bu og budde den første tida på eit ungdomsherberg. Etter to veker flytta eg så inn i ei leilegheit som eg hadde funne fram til gjennom ein annonse på internett. Eg budde der til byrjinga av april, da eg flytta inn i eit kollektivet beståande av fem aktivistar.

I den første leilegheita budde frå før Rina og Seth som begge er født og oppvaksne i Israel og er i førti- åra. Seth heldt på å utdanne seg som turistguide, mens Rina var motedesignar som hadde budd mange år i London. Seth var sjeldan heime, og flytta etterkvart ut. Så det var i hovudsak Rina og eg som blei kjent.

¹⁷ <https://popularstruggle.org/>

Ingen av dei var aktivistar, men eg syntes likevel at eg lærte noko frå den tida eg budde der. For det første låg leilegheita i Abu Tur som seiast å vere det einaste mixa nabolaget i Jerusalem mellom muslimar og jødar, men eg oppfatta det ikkje heilt slik.¹⁸ Eg syns heller at nabolaget var meir delt i to. I gata der eg budde, såg ein eit tydelig skilje på midten mellom husa der det budde jødar og internasjonale diplomatar i byrjinga av gata og i enden av gata der det budde palestinrarar. Dette skillet markerte seg ved at i husa etter vårt var dekorert med palestinske flagg, taggingar på arabisk av sorten fritt Palestina og dekorert med sjablongar som ein lagar til rundt dørene når nokon i husstanden har kome tilbake frå pilegrimsferd til Mekka.

Rina fortalte meg fleire gongar at både Seth og Noga, huseigaren vår som budde i etasjen over, hadde lyst til å flytte fordi det var så mange arabarar i nabolaget og Noga fortalte meg og dette sjølv. Rina fortalte vidare at dei fleste jødane i nabolaget gikk ikkje ned til den palestinske grønsakshandlaren for å handle som var mykje billigare eller til kiosken som var berre eit par meter unna, men gikk heller lenger vekk for å handle. Dette stemte og med mine eigne observasjonar.

Sjølv om på denne tida eg gikk rundt og var tidvis fortvila over at eg ikkje gjorde eit tradisjonelt deltagane feltarbeid og ikkje budde saman med aktivistane, ser eg no i ettertid at denne tida i Abu Tur kan seiast å vere nyttig.

Eg fikk eit lite innblikk i eit anna perspektiv enn det mine hovudinformantar har, ikkje det at eg prøvar å sei at Rina og hennar omgangskrets på noko vis er representativt for israelar som ikkje er aktivistar eller at dei aktivistane eg kjenner heller aldri introduserte meg for nokon som ikkje var aktivist.

Samtidig var det ein vanskelig periode på denne tida fordi eg heile tida måtte dra ut for å møte feltet og da feltet heller ikkje var på ein bestemt plass, men at det heller var i form av ulike hendingar og personar som eg kunne følgje. Slik var det jo forsåvidt under heile feltarbeidet fordi eg gjorde feltarbeid i ein by og på eit nettverk av menneske som ikkje alltid er på same plass.

¹⁸ <http://www.sayarch.com/urban-separation-in-mixed-neighborhoods-the-case-of-abu-torabu-tur-2005-revisited-2008-2>

Vendepunkt - å flytte inn i kollektiv

Det er klart at når eg flytta inn i kollektivet med aktivistane i tidleg april var eit vendepunkt i feltarbeidet mitt. Eg slapp å heile tida måtte å oppsøke feltet i så stor grad, men budde heller bokstavleg tala midt i det. Ikkje berre var det meir sentralt geografisk og kortare vei til uteplassar og kafear aktivistane var mykje på, det var og kortare vei til der demonstrasjonane starta og ein kunne i frå vinterhagen vår høyre viss det var ein demonstrasjon sidan leilegheita låg midt i sentrum av Vest-Jerusalem. I leilegheita frå før budde det fem fredsaktivistar som alle utan ein var studentar. Dette var og ein plass eg hadde oppheldt meg før eg flytta inn.

Det som var den største forandringa i å flytte dit var det at eg fikk leve saman med informantane mine, og vere saman med dei i det mest kvardagslige som eg så gjerne ønska. Politiske diskusjonar kunne til dømes bryte plutselig ut klokka to på natta og slikt ville eg aldri ha fått tilgang til viss eg ikkje hadde budd saman med dei.

Det var stadig folk innom leiligheta og det var ein møteplass for mange aktivistar. Vi oppbevarte og masse trommer og faner brukta til demonstrasjonar som folk kom innom for å hente. Slik var det at ved at eg berre var heime stadig blei introdusert for nye informantar eller andre som eg hadde møtt på i andre samanhengar, på ein demonstrasjon eller med Ta'ayush.

Mykje informantane skulle skjedde impulsivt og med ein gong og ved å rett å slett berre vere der så, kunne eg berre henge meg med. Dette var annleis enn før der eg måtte ha kjent folk, tatt utgangspunkt i at dei skulle kome på å ringe meg i siste liten eller lage ein facebookevent. Eg merka og at vi å flytte inn i kollektivet fikk eg og ekstra respekt frå andre aktivistar som hadde vore lenge med og sa til meg ”Alle aktivistar som verkeleg har vore noko i Jerusalem har budd der og du får ikkje eit meir aktivist kollektiv enn det.”

Ulike arenaer feltet var på

Demonstrasjonar

Eg deltok på ulike demonstrasjonar der israelske aktivistar var med i både i Jerusalem, i Tel Aviv og på Vestbredden. Desse fant eg fram til på ulike måtar.

Kvar fredag var det demonstrasjon i Jerusalem ved universitetet og ved Sheikh Jarrah nabolaget der både israelske aktivistar og palestinrarar deltok. Den første handla om ein nasjonalpark som skulle byggast i området og ville føre til riving av palestinske hus og den andre hadde oppstått på grunn av busettarar som hadde okkupert hus i Sheik Jarrah, eit nabolag i Aust-Jerusalem. Desse demonstrasjonane drog eg mykje på mest i byrjinga av feltet, meir for å kome inni miljøet. Slik blei eg kjent med noko fredsaktivistar og fikk eit inntrykk av korleis desse demonstrasjonane gikk føre seg og interaksjonen mellom dei israelske demonstrantane og dei palestinske.

På Vestbredden var det og slik at dei ulike landbyar som er nært ei busetting eller veggen har demonstrasjon kvar fredag etter fredagsbønna. Desse drar og mange israelske aktivistar på. Den mest populære blant israelske aktivistar når eg var på felt hadde skifta frå å vere Bilin til å bli an Nabi Salih.

Eg velte å dra på ein del av desse for å få sjå og oppleve på kroppen korleis dei var, om det enn ikkje alltid var så lett å få kome i prat med israelske aktivistar når ein sprang i frå tåregass og ropte slagord.

Eg var på mange fleire demonstrasjonar inne i Israel og i Jerusalem enn det eg var på Vestbredden. På den tida mitt felterbeid gjekk føre seg, var det ikkje så mange israelske aktivistar som drog dit for å demonstrere, spesielt ikkje frå Jerusalem. Eg hadde ofte ikkje lyst til å ta opp plass i ein bil fordi eg i motsetning til israelarane hadde lov til å dra til Ramallah og lett kunne ta ein buss vidare der i frå.

Samtidig hadde eg heller ikkje lyst til å dra aleine demonstrasjonane sidan det nesten alltid var tåregass og lyd- bomber der og av og til blei områder stengt av militæret og det blei vanskelig å kome seg inn og ut, spesielt med mine manglande arabisk kunnskapar. Så når eg for så drog eg oftast saman med andre internasjonale og møtte så på israelske aktivistar først når eg kom til landsbyen. I nokon tilfelle når det skulle vere ein stor demonstrasjon blei det satt opp buss frå Jerusalem til Vestbredden.

Demonstrasjonar slik som desse der det var satt opp buss eller som ikkje skjedde til faste tider kvar dag, fikk eg nyss om ved at eg hadde meldt meg inn i alle ulike organisasjonar sine

facebook- grupper og blei invitert til eller inviterte meg sjølv til “eventer”. Eg hadde og skreve meg opp på mailing- lister og fikk mail om kva som skulle skje frå ulike organisasjonar viss det skulle vere ein demonstrasjon.

Demonstrasjonane som det var buss til eller dei på Vestbredden der eg drog saman med nokon førte til at eg hadde noko å snakke med på vei dit i bussen og slik bli kjent, og nokon eg kunne gå saman med på demonstrasjonane. Men demonstrasjonane i Jerusalem der eg berre møtte opp følte eg meg litt rar, spesielt i byrjinga når eg ikkje kjente noko. Eg viste ikkje heilt kva slags rolle eg skulle ha og korleis eg skulle kome i prat med folk. Eg følte og det var ubehagelig å skulle stå fremst i rekkene og holde på ein plakat eller gå fremst samla med dei andre og rope slagord når eg ikkje hørte til på same måte som dei. Det var alltid mange fotografar rundt og nokre gongar tok eg også på meg ei slik rolle for å ha noko å gjere. Dette og for å veksle mellom å sjå demonstrasjonane utan frå og oppleve dei innan frå, noko som var ganske så forskjellig.

Eg har skrive ovanfor at på demonstrasjonane var ein av dei hendingane der alle informantane mine samla seg, men i byrjinga av feltet mitt var det ikkje heilt slik. Dette fordi det ikkje var så mange demonstrasjonar med unntak av dei faste kvar fredag og på dei var det ofte veldig lite oppmøte. Sommaren var tida for demonstrasjonane og det var i juni juli nesten demonstrasjonar kvar dag, mens det i januar, februar var berre ein gong i veka og mykje mindre oppmøte.

Ta'ayush

I tillegg til demonstrasjonane begynte eg å dra med Ta'ayush sør for Hebron. Her var eg med nesten kvar laurdag frå februar til juli.

Det var i byrjinga ganske vanskelig å forstå kva som gjekk føre seg, ein ting var det språkelige aspektet som eg vil kome inn på seinare, men noko anna var det å sette seg inn i kva slags lover og regler som gjaldt og kven dei ulike aktørane var for kvarandre. Ein informant av meg sa det sånn. ”Det er ikkje ei språkelig barriere at du ikkje forstår kva som skjer. Eg forstår aldri kva som skjer heller.” Så kanskje hadde det vel så mykje med feltet sitt kompleksitet at det var vanskelig å følgje med.

På bussen på vei til områda blei det snakka om ting som hadde skjedd sidan sist og vanlig prat. Når vi hadde blitt satt av på dei ulike steda gikk ein i ei gruppe for å møte gjeterane som regel ein voksen mann og søner av han eller andre slektnigar. Ofte kom det fleire palestinarar til både ungar, damer og snakka med oss.

Ein går rundt i gruppe saman med gjetarane og sitt og snakkar litt med dei, men ofte er det mykje dødtid der det ikkje skjer noko. Det kom som regel alltid soldatar og nokre gonger busetterar, men det varierte veldig frå gong til gong kor mykje konfrontasjonar det var. Ofte snakkar soldatane med aktivistane og prøver å flørte med jentene, mens ofte prøvde mange av aktivist menna å overtale soldatane til å forstå at det er palestinarane sitt land og liknande. All dialog går på hebraisk, med unntak av at ein del av aktivistane kan litt arabisk. Dei fleste palestinarane kan og litt engelsk spesielt dei yngre mennene.

All denne sitjinga, å berre prate og å vente på at dyra skal ete gras, er eit fint eksempel på korleis eg kunne fange den keisame ventetida og sjå korleis relasjonane både mellom dei ulike aktørane fungerte og å bli kjent med fredsaktivistane og palestinarane som var der.

Taayush aktivitetane fungerte og som ei dør inn til å bli kjent med aktivistane og utafor desse laurdagane. Sidan det var lett for meg å berre melde på meg og så å møte opp og møtte mange av dei same folka kvar laurdag, blei det og lettare og slik kome i kontakt med dei seinare ved å prøve å avtale å møtast utafor Ta'ayush eller ved at eg møtte på dei på demonstrasjonar eller på ute- plassar aktivistane ofte frekventerte.

Frivillig arbeid

Ein arena som eg deltok på og som eg først kanskje følte var på sida av feltarbeidet mitt var at eg begynte å arbeide frivillig som engelsklærar i Arab al Jahalin for Rabbis for human rights. Dette gjorde eg saman med Ada som gjorde si sivilteneste der og Philip ein 19 år gammal amerikansk jøde som hadde hoppa av eit semesterstudium om jødedom for å heller ta del i fredsbevegelsen. Dette gjorde eg fordi eg i byrjinga tenkte eg at eg må da ha noko å gjere og for å sjå om det kunne vere eit innpass til miljøet. Det viste seg seinare i feltarbeidet at var det slettes ikkje unyttig. For det første var Ada heilt ny når det gjaldt å dra til Vestbredden og eg fikk anledning til å vere med ho den første gangen ho var i Aust Jerusalem og på Vestbredden. Det

var og interessant å skulle observere korleis Ada blei mottatt som israelar i landsbyen og korleis forholdet hennar til palestinarane utvikla seg og påverka ho. Vi blei og vist rundt av andre eldre aktivistar i Rabbis og eg fikk sjå korleis forholdet mellom dei og palestinarane var.

Samtidig med unntak av Ada sine opplevingar så fikk eg ikkje så mykje tilgang på kva dei andre medlemmane av Rabbis for human rights meinte. Eg hadde i prosjektbeskrivinga sagt at eg skulle fokusere på dei, men eg fann ut at det vart vanskelig fordi eg ikkje fikk tilgang. Dei var som oftast ikkje med og dei gangane vi var på kontoret var det nesten aldri noko der. Det var og veldig vanskelig å bli kjent med mange av dei og dei ville heller gjere formelle intervju enn at eg skulle henge saman med dei, noko eg igjen ikkje ønska.

Her kan det vere verdt å nemne at eg er klar over at det kan vere problematisk for antropologar å arbeide i frivillige organisasjonar. Samstundes skriv Emerson et. al (2011) at det er det viktig for antropologen å kome så tett på som mulig både fysisk og sosialt, for at vi skal kunne sjå frå innsida korleis folk lever liva sine. Dette kan og argumenterast for kvifor eg velte å bu med informantane mine og kvifor eg tok del i demonstrasjonar. Eg vil argumentere for at eg ville ikkje ha fått det materialet eg sitt igjen med, hadde det ikkje vore for denne deltakinga.

Vennskap, skape meg eit nettverk

Tillegg til å vere på alle desse klare “aktivist arenaene” og prøve å bli kjent med folk der og slik bli med dei på andre arenaer var eg i byrjinga mykje saman med Elay som eg hadde møtt via couchsurfing¹⁹.

Elay tok med meg på universitet, heim til middag og får å møte vennane sine. Det var ein utbreidd forståing blant mine informantar at om ein ikkje nødvendigvis drog heim for å ete med familien sin, så samla man ein vennegjeng som åt saman. Dette førte til at terskelen for å invitere nokon med heim på middag var ganske lav.

Denne tida i byrjinga av feltet sånn i februar der eg brukte mykje tid med Elay er eg veldig takknemlig for. Ikkje berre viste han meg rundt og introduserte meg for vennar og kjende, men og fordi han sjølv enda opp med å bli ein av mine hovudinformantar og gav så mykje av seg

¹⁹ei internettseite brukt for å finne likesinna og plass å bu heime med nokon når ein er ute å reiser
<https://www.couchsurfing.org/>

sjølv. Dette til tross for at han sjølv var i fasen av å skrive si eiga masteroppgåve i antropologi og hadde sjølv vore på feltarbeid og viste korleis ein hentar seg informasjon som antropolog og kva etiske implikasjonar det inneber.

Rolle

Eg fortalte kva at eg var antropolog og at eg hadde eit ynske om å vere med informantane ikkje berre på demonstrasjonar, men og på alt mulig anna. Men det er klart at det kan godt ver det var fleire som tenkte at eg var berre på feltarbeid når eg var på demonstrasjonar til dømes, og hadde fri når eg var på fest eller heime, og observerte dei såleis ikkje da.

Eg prøvde ikkje nødvendigvis å styre aktivitetane til at eg berre blei med på ein demonstrasjon i og orka så ikkje å bli med viss nokon heller føreslo kino. Eg prøvde heller ikkje å styre samtalane inn på spørsmål som eg lurte på og historier kun knytt til det, spesielt ikkje i byrjinga. Eg ønska at samtalane skulle kome meir naturlig og bli styrt av kva folk var opptatt av.

Eg var avhengig av at dei ville spele på lag med meg og at informantane ynska at eg skulle få ta del i deira sine liv. Eg opplevde at å vere tolmodig og kanskje ikkje ta så stor plass var fruktbart, å la informantane få tid til å bli kjent med meg. Spesielt var dette gjeldande når eg drog med Ta'ayush. Eg syns det var ein fordel at eg sjølv ikkje frå før av hadde så sterke meininger og forventningar om kva som skulle skje og om Israel/Palestina spørsmålet som sådann.

På ein arena og ein plass der det mange internasjonale aktivistar, turistar og journalistar heile tida, kan det vere ein stor fordel å vere litt lenger enn berre eit par tre månader, som mange internasjonale frivillige var.

Etterkvart som eg blei betre kjent og på slutten av feltarbeidet begynte eg å stille meir konkrete oppfølgingsspørsmål til tema som hadde ofte var oppe under felt, til hendingar som skjedde eg ikkje forsto og ting som og prøvde å få nokon slags innspel og skape ein diskusjon blant informantane mine. Det klart at eg påverka samtalane berre ved at eg var til stades . Fleire informantar presentere og meg for vennane sine som: "Det her eg Sylvia og ho gjer feltarbeid på meg".

Fleire var nysgjerrige og opptatt av å vite kva som var problemstillinga mi avhandlinga allereie på felt og hadde meininger om kva eg burde skrive om. Nokre foreslå og litteratur eg kunne lese, mens andre igjen var meir sånn, ”Kvífor er det så interessant med oss da?” Dei fleste vart positiv overraska når eg sa at eg var antropolog, enn at eg berre var ein internasjonal aktivist, mens nokon spesielt dei litt eldre og dei som var meir kjent og hadde blitt intervjuet ein del var meir skeptiske.

Svart humor og ein evne til å le av alle dei absurde og ofte urettferdige tinga som skjedde var veldig viktig for å bli inkludert. Slik sett nytta eg humor for å ikkje berre for å bryte isen, som Hutchinton (1996) skriv, men og får å bli ein del av miljøet. Å ha humor på denne måten var og noko som informantane mine påpeikte gjorde meg til ein av dei, og ikkje ”berre enda ein internasjonal” (deira ord).

Det at eg opplevde at så mange ikkje ville snakke med meg og at ting tok tid og at eg ofte ikkje forstod kva som føregjekk har og samanheng med at nye aktivistar og må det. Slik sett blei eg ein novise-aktivist på same måte som nye aktivistar var.²⁰

Ein gong kom ein aha- oppleveling til meg ved at eg sjølv hadde eit følelseutbrot der eg ikkje lenger klarte å skjule min frustrasjon for ein organisasjon, og andre både i og utafor den, som eg syns sa ein del nedlatande ting om palestinarane. Dette følelseutbrotet førte til at eg plutselig fikk ein haug av klager av liknande art frå nokon av mine hovudinformantar som eg ikkje hadde hørt før. Slik sett var det stadig ein balansegang der det nokon gangar var gunstig å gi av meg sjølv og andre gangar å holde tilbake.

Språk

Sjølv om alle israelarane eg blei kjent med snakka engelsk og var veldig flinke ikkje til å berre snakke engelsk direkte til meg, men og generelt så lenge eg var til stades, kunne folk ofte skifte til hebraisk når dei var veldig engasjerte, noko som skjedde ein del. Etterkvart fikk eg informantar til å omsetje for meg alt frå blogginnlegg, slagord på demonstrasjonar til kranglar ute på byen.

²⁰ Sjå kapittel 4 for meir om aktivistar som noviser.

Eg gikk på hebraisk kurs, og kunne etterkvart beherske enkel dagligtale og kjenne igjen tema i samtalar. Men det var vanskelig å vere med på politiske møter som regel alltid var på hebraisk, og sjølv om eg fann nokon til å omsetje for meg, ga dei meg ofte heller eit referat av møtet etterpå og tok da berre med det dei syns var viktig.

Hebraisk er sterkt knytt til den jødiske tradisjonen og eg følte at eg gikk glipp meir av den symbolske tydinga som språket kunne ha, enn direkte samhandling.

Verre var det i byrjinga at eg ikkje var inni diskursen i det heile. Eg opplevde ofte at eg ikkje ante kva folk snakka om og ikkje forstod spørkar fordi det var referansar til politikarar, historie og religion. Dette bedra seg etterkvart som eg fikk meir kunnskap, men mest fordi eg torde og stille meir spørsmål.

Problem i forhold til deltakande observasjon

Eg hadde eit ønske at eg ville gjere eit så deltakande feltarbeid som mulig, men det er klart at som ein frå utsida var det vanskelig for meg å sette meg inn i redselen og spenninga mange hadde for å dra til Vestbredden. Som internasjonal kunne eg dra kor eg ville og det skjedde berre ein gang at eg blei tatt for å vere israelar.

Nesten alle av informantane mine har blitt hold eller arrester av politiet. Eg kunne aldri tillate meg sjølv å bli arrestert, ikkje berre fordi eg kunne bli deporter, men og fordi eg ikkje var villig til å risikere like mykje fysisk og psykisk som mange av mine informantar var. Det at eg var redd for å bli arrester førte til at eg ofte ikkje sto fremst og at eg ikkje sette meg ned å hindra trafikk i demonstrasjoner og eg hadde derfor ikkje den opplevinga på kroppen.

Eg prøvde stadig vekk å bli kjent med så mange som mulig og eg følte på slutten at eg hadde gått kome inni miljøet, sjølv om eg stadig følte at eg ikkje kjente nok folk og at tida ikkje strakk til å bli kjent med nye og samtidig fylje dei gamle informantane. Det er ikkje til å sjå borti frå at det var nokre eg blei betre kjent med enn andre.

Etiske problemstillingar

Intriger og samlivsbrott kunne og føre til at eg følte at eg måtte eller blei tvinga til å ta sider og det kunne vere vanskelig å bli kjent med ei gruppering viss eg hadde blitt sett mykje saman med ei anna. Eg måtte mange gangar legge vekt på at eg var forskar så eg ikkje skulle bli oppfatta som ein person som nødvendigvis representere dei organisasjonane som eg var involvert deltagande i. Eg syns og det var etisk vanskelig å skulle bedømme kva som informantane mine fortalte meg og opplevde var relevant for avhandlinga utan å måtte utlevere dei på nokon måte. Eg kunne av og til føle at eg utnytta deira sitt vennskap til meg, men eg snakka med desse problemstillingane med hovudinformantane mine. Verre var det kanskje med meir forbigåande aktivistar og bekjente, som eg ikkje rakk å alltid informere kva det innebar å gjere eit antropologisk studium.

Kjønn og alder

Som kvinne var det som regel uproblematisk å bli kjent med mannelige aktivistar og det var ikkje eit problem i noko større grad enn eg har opplevd her heime, å vere venn med menn, sjølv om eg har intrykk av at det i det israelske samfunnet er det ein større machokultur. Dette har nok noko med mine informantar som gruppe å gjere og. Eg kunne fint gå aleine på ut på bar med ein mannlig informant og det var fleire mannlege informantar som betrudde seg til meg. Eg kan sjølvsagt ikkje vite korleis dei var når eg ikkje var til stades, eller korleis mine informantar av begge kjønn ville vore mot meg viss eg var mann.

Når det skal seiast var lettare å snakke med menn på min eigen alder. Dei litt yngre kunne tidvis syns det var flaut (19- åringar) og hjå dei eldre aktivistane var det lettare for meg å bli godt kjent med kvinnene enn menna. Dette førte til at eg blei ikkje like godt kjent med de eldre mannlige aktivistane, men det kan og vere fordi nokon av dei ikkje var så opne generelt fordi dei hadde vore med lenger og hadde svart på spørsmål frå journalistar og forskrarar før.

Noko heilt anna var det hove til korleis eg skulle te meg i nærleiken av palestinske menn. Sjølv om dei ikkje var mine informantar, var eg opptatt av korleis aktivistane ter seg til palestinurar og hadde mykje samhandling såleis med dei. Her opplevde eg at det stort sett var vanskelig og ikkje passande for meg å snakke så mykje med palestinske menn på min eigen alder utan at det kunne bli oppfatta som flørtning.

Det var og rart at eg skulle snakke så mykje med eldre menn, utan at det var ubehagelig på ein slik måte. Kvinner var mykje greiare. Elles var denne informasjonen vanskelig å få tak på. Ikkje berre fordi eg ikkje kunne snakke med menn, som regel var dei som hadde mest med aktivistane å gjere, men og fordi folk ofte sa det dei trudde var forventa av dei og var høflige. I tillegg var det den språkelige barrieren då min arabisk er veldig begrensa.

Dokumentering

Det å skrive feltnotatar var noko som eg ofte måtte tvinge meg til, og eg skreiv det sjeldan same dag. Eg var ofte heilt utslikt når eg la meg og ofte kunne ein dag vare til klokka tre på natta. Eg brukte lang tid på å skrive dei og fann etterkvart ut at å skrive dei heime, der eg stadig ville bli avbroten av ny informasjon, var umulig. Etterkvart begynte eg å sitje på universitetet. Sidan mange av mine informantar var studentar, ga det meg ein anledning til å sitte på lesesalen saman med dei og å “studere” for å så ta pause saman.

Når eg var ute i felten skreiv eg aldri notatar direkte, men skreiv heller ned eit sitat i ei lita notisblokk når eg var aleine eller på mobiltelefonen. Det var lettare å skrive i blokka når vi var med Ta’ayush fordi mange da satt og teikna eller skreiv ned fraser på arabisk dei lærte seg der. Eg kunne også skrive direkte ned kva folk sa heime på pc-en. Da alle stort sett satt på internett samtidig som dei satt ute i stua og diskuterte. Eg syns derimot det var etisk problematisk å skrive ned direkte på pc-en i skjul mens folk satt og snakka, sjølv om alle viste at eg var antropolog.

Anonymisering

Eg har anonymisert informantane mine i avhandlinga ved å forandre på namna deira. Eg har heller ikkje velt å beskrive leilegheita som eg budde i saman med aktivistane noko nærmare. Eg har spurt informantane mine om det er greitt at eg tek med ulike sitat frå dei, men dei har naturlig nok ikkje lest avhandlinga mi då den er på norsk. Det at den er på norsk har og gjort sitt til å anonymisere informantane mine endå meir. Samstundes vil det ikkje vere så lett å reise til Jerusalem og prøve å finne ein informant basert på dei karakteristikkane som blir gitt i oppgåva her, da det kan gjelde for fleire i fredsbevegelsen i Jerusalem. Det same gjeld organisasjonane som har så pass med medlemmar og mange av mine informantar i denne avhandlinga er heller ikkje direkte knytt til dei.

No som eg har presentert feltet mitt, metodane som ligg til grunn og korleis eg ved dei metodane har brukt og har tileigna meg ein viss type informasjon, vil eg gå over i det første analysekapittelet. Her vil eg ta for meg årsakar til at nokon blir involvert i fredsbevegelsen i Jerusalem og korleis det går føre seg.

Kapittel 3: Årsakar til aktivisme

I dette kapittelet vil eg vise kva som er utløysande årsakar til at informantane mine har blitt engasjert i fredsaktivismen. Dette vil eg gjere ved hjelp av eigne observasjonar og historier om hendingar som informantane mine fortalte meg. Eg vil blant anna bruke narrativ teori for å belyse desse historiene, som dei såg som utgangspunkt for deira aktivisme. Historiene og observasjonane handlar om hendingar som har skjedd i militæret, i møte med komitear når ein er militærnekterar, ved å flytte til Jerusalem, i møte med andre aktivistar, der vennskap er med på å rekruttere ein til aktivismen og ved å dra på demonstrasjonar. Samtidig vil eg og vise at årsakar til aktivismen og kan vere nysgjerrigheit og biografisk tilgjengelig. Rette føresetnader til kva ein har opplevd før spelar og inni; form av reiser og ungdomsorganisasjonar ein har vore med i, eller ved at man er generelt politisk engasjert. Det er komplekse grunnar til at nokon vel å vere aktivist og det kan vere ein kombinasjon av desse.²¹

Fleire av informantane mine la her vekt på at å vere fredsaktivist var noko ein blir, og beskrev at det hadde skjedd ei forandring med seg sjølv. Dei årsakene som eg har nemnt ovanfor, var med andre ord med på å ikkje berre forandre narrativt informantane hadde om den israelske statsmakta, men og om narrativt om seg sjølv. Ricouer (1984) skriv at vi menneske brukar fortellingar om våre opplevelingar til å skape mening ut av ei rekke fragmenterte hendingar. Goffman (1990) skriv at identitet blir skapt i sosial interaksjon. Gjennom å studere eins person representasjon av seg sjølv, kan vi granske kva slags innverknad det sosiale har på ein person si forståing om seg sjølv.

Det er heller ikkje sånn at alle fredsaktivistar blir aktivistar på ein sånn type måte som eg har framstilt det. For andre informantar eg har, er det heilt naturlig å vere fredsaktivist. Dette kan vere fordi dei har vekst opp i ein familie som har vore aktiv innanfor fredsbevegelsen, har vaks opp i utlandet og har kome til Israel i voksen alder og automatisk blitt trekt mot bevegelsen. Eit møte med palestinrarar og Vestbredden er såleis kanskje ikkje nytt for dei på same måte som dei

²¹ Eg møtte på fredsaktivistar som fokuserte på denne årsaken i ”Rabbis for human rights.” For nærmare lesing sjå Wangs doktorgrad How can religion contribute to peace in the holy land (2010).

informantane eg har velt å ta utgangspunkt for i avhandlinga mi. Nokon informantar eg snakka med hadde og i barndommen leika saman med eller foreldra hadde arbeid saman med noko palestinrarar. Likevel er tematikken valt uti frå kva slags opplevingar dei fleste informantane mine hadde. Det er her viktig å påpeike at eg meiner det ikkje sånn at dei som har andre politiske meininger enn mine informantar, har det fordi dei ikkje sitt inne med den kunnskapen som mine informantar gjer, og at viss dei berre hadde gjort det ville dei ha og ha vore fredsaktivistar.

Antropologens tilgang til andre menneske sine val

Å stille spørsmåla: kvifor nokon har valt som dei har gjort, er spørsmål vi berre delvis kan få svar på. Som antropolog kan vi ikkje gå inn i hovudet på informantane våre å sjå kva dei tenker, og om vi hadde gjort det, er det ikkje sikkert at informanten hadde vore klar over sjølv kvifor han tek det valet han gjer. Men vi kan forsøke å delvis prøve å svare på det ved å sjå kva menneske gjer og kva dei seier at dei gjer. Antropologen Cheryl Mattingly (2010) skriv at vi kan sjå på å ta eit val som eit narrativt konsept, av å ville noko. Å vele noko blir tatt gradvis gjennom ein serie av moralske ambivalente re-orienteringar. Frå dette perspektivet er det å ville noko, å ta eit val ein prosess som bør bli sett på som ei samling av hendingar heller enn ei spesifikk hending. Ein må sjå på konteksten og historia til ein person over tid for å forstå kvifor den personen tek det valet som ein gjer. Valet ein person gjer heng saman med val den har gjort tidligare, kva som skjer rundt ein, førestellinga om kven den personen tenker at den er (narrativt om seg sjølv), forventningar som andre og ein sjølv har (eller som ein trur at andre har).

I løpet av feltarbeidet fikk eg fleire gongar muligkeit til å sjå kva som skjedde når nokon var ny for fredsbevegelsen. Slik kunne eg sjå direkte at nokon blei med og deira motivasjon var frisk i minnet. Annleis blir det med dei informantane som har vore med lenge. Eg måtte samstundes halde meg til det dei fortalte meg og slik prøve å samanlikne deira sine narrativ med det eg observerte av dei nye aktivistane. Her er det viktig å vere klar over at å fortelle noko ikkje er ei nøytral handling. Kva mine informantar velte å legge fokus på av hendingar for sin aktivisme har samanheng med kva historie dei ønska å lage seg. Korleis dei ønska å skape meinig til hendingane som dei hadde opplevd i livet sitt (Ricoeur 1984). Dette var og knytt opp i mot kva slags inntrykk dei ville gi av seg til meg og kva dei syns det var viktig at eg fikk vite. Med andre ord fortellingar er alltid relasjonelle (Hastrup 1995) og kva ein fortel står i samanheng til den ein fortel det til. I tillegg vil historiene dei fortel vere farga av notida, fordi ein bruker eins syn som

ein har når ein fortel noko til å tilegne og lage meininger på historier frå fortida. Årsakar til aktivismen kan og ha forandra seg over tid for informantane.

Samtidig har eg ikkje eit ønske om å sei at det mine informantar fortalte meg ikkje var sant og at det eigentleg var andre årsakar til grunn enten fordi dei ikkje ville fortelle dei eller fordi dei ikkje var klar over dei sjølv. Eg prøvar å løyse desse problema ved å samanlikne dei ulike historiene og det eg observerte. Eg har så velt å ta utgangspunkt nokre historier om/eller av nokon informantar som eg meiner er representative for dei andre som heilheit. Det betyr at sjølv om eg har ei historie om ein informant i tildøme i avsnittet om militærnektar, og peikar på at denne personen har blitt motivert via det, betyr det sjølvsagt ikkje at nysgjerrigkeit ikkje kan vere ei årsak så vel som vennskap kan. Dette vil og kome fram ute i teksten at desse skilja av dei ulike årsakene, til ein viss grad er laga av meg for at materialet og argumentasjonen min skal kome tydeligare fram.

Biografisk tilgjenge

Når det tidligare har blitt skrive om israelske fredsaktivistar sin motivasjon, har forklaringa ofte vore at fredsaktivistane i Israel stort sett er sekulære, askenasi som kjem frå middelklassa og er høgt utdanna (Hermann 2009, Bar-On 1996). Det er ikkje til å legge skjul på at mange av mine informantar fell inn denne kategorien. Eg har også informantar som ikkje passar inn i denne kategorien av kvit middelklasse. Enten fordi dei kjem frå og bur i busettingar eller er mizrahi. Dette kan også ha årsakar i at slike type økonomiske skiljelinjer i det israelske samfunnet som til dømes mellom mizrahi- og askenasi -jødar, er i ferd med å forandre seg (Kimmerling 2001).

Eg hadde spesielt mange informantar som hadde- eller tok ei høgare utdanning. Studentar, og spesielt dei som har råd til å ikkje jobbe så mykje ved sidan av studiane, har rett og slett tid til aktivisme på ein anna måte enn andre. Ofte fri frå plikter frå familie, ekteskap og fulltidsjobb, står studentar i ein unik posisjon til å uttrykke deira politiske verdiar gjennom handling (McAdam 2009).

McAdam (2009, s. 73) kallar dette å vere ”biografisk tilgjengelig”. Mange blir forhindra frå å protestere på grunn av plikter i det daglige. Eg såg også dette i form av at dei fleste av mine informantar var enten frå 19-33 år eller over femti. Dette trur eg kan ein samanheng med at det

kan vere vanskelig å kombinere aktivismen med små barn. Ikkje alle med andre ord er ”biografisk tilgjengelig” for protest, sjølv om dei kan sympatisere til saka. Sjølvsagt skriv han at folk prøvar å arbeide rundt desse hindringane eller prøvar å forandre dei viss dei er spesielt motiverte for å protestere. Antropologen Robert Saunders (2011) skriv om ”Combatans for Peace”, ei gruppe fredsaktivistar beståande av tidligare israelske soldatar og tidligare palestinske militante, at sidan alle aktivitetane deira som dialogmøter, ikkje-voldelige demonstrasjonar og kurs består kun av frivillig arbeid avgrensar tida enkeltpersonar kan gi til organisasjonen sitt arbeid. Ein må ta seg fri frå plikter med vennar og familie fordi alle er stort sett i arbeid og ein gjer aktivitetar etter jobb. Ein informant av meg fortalte at ho såg at fleire aktivistar ho kjente, når dei hadde det betre i livet sitt, så var dei ikkje så opptatt av å ”redde verda,” som ho beskrev det. Ein annan informant av meg la vekt på at det var berre så mykje ho kunne gjere utan å slite seg ut og valde derfor ut ein dag i veka der ho kunne gjere aktivist-aktivitetar.

Sjølv om mange av mine informantar fell inn i denne kategorien av studentar og menneske som har vore ute å reist, vore med i slike ungdomsorganisasjonar og liknande, er det og mange andre menneske i Israel som gjer det, og som ikkje er ein del av fredsbevegelsen og heller ikkje sympatisørar med den. Den biografiske tilgangen er derfor ikkje nok til å forklare kvifor nokon vel å engasjere seg i fredsbevegelsen.

Generelt politisk engasjement

Hermann (2009) skriv at den israelske fredsbevegelsen er berre opptatt av ei sak og det er saka med å få ei løysning på konflikten med palestiniane. Mitt inntrykk på felt var at det var veldig mange av fredsaktivistane som var opptatt av menneskerettigheter og solidaritet innan i Israel generelt. Mange var aktive innan for flyktning- problematikken, hadde solidaritet med dei og gikk på demonstrasjonar for dette. Dette gjaldt spesielt i Tel Aviv, der dei fleste flyktningane bur i Levinskyparken ved sidan av buss-stasjonen. Samtidig var det klart at det var fleire som kommenterte at dei hadde ikkje energi til å holde på med begge sakene samtidig, men at dei likevel sympatiserte enten med den eine eller den andre saka. Det blei og kommentert at ein i Jerusalem var meir opptatt av okkupasjonen fordi den var så synlig der. Så var ein meir opptatt med det ein kunne sjå i Tel Aviv nemlig flyktningane sine levekår.

Då eg var på feltarbeid, var det fleire organisasjonar som fokuserte direkte på samarbeid mellom israelske palestinrarar og israelske jødar sine rettigheitar i form av arbeid. Ein såg indirekte på at ei løysning på konflikten, ville kome mellom eit samarbeid mellom marginaliserte grupper. Andre fredsaktivistar var igjen veganerar og var opptekne av dyr sine rettar og andre igjen var opptatt av homofilerettigheitar. Med desse eksempla ønskjer eg å vise at det å vere opptatt av anna politisk aktivisme i Israel, ofte hang saman med det å vere fredsaktivist, og at såleis desse kunne vere ein inngangsportal til fredsaktivismen, eller fredsaktivismen kunne vere det til ein anna type aktivisme. Ein informant av meg forklarte det slik: ”Når ein er engasjert i ei sak, er det lettare å ha sympati med fleire.”

Fleire fredsaktivstar hadde og vore ute og reist, om enn ikkje til andre land i Midtosten og la vekt på at i Spania til dømes var det eit heilt anna syn på det som i Israel blei sett på som radikale meiningar. Det er og klart at å ta høgare utdanning for mange og ikkje berre bidrog til eit biografisk tilgjenge, men og til å stille spørsmål med ulike ting om samfunnet.

Nok som eit par informantar la vekt på som hadde fått dei til å stille spørsmål, var medlemskapen i ein sosialistisk ungdomsgruppe kalla ”Føderasjonen av arbeidande og studerande ungdom” (HaNoar HaOved VeHaLomed). Denne gruppa, som er litt som ei sosialistisk speidargruppe, hadde ofte diskusjonspanel der ein skulle lære seg å stille spørsmål ved ting i samfunnet og arrangerte alternative turar til konsentrasjonsleirane i Tyskland. Mange informantar av meg hadde vore med i denne gruppa då dei var tretten til sytten år.(HaNoar 2013).

Eg vil begynne å fortelle om noko som opptok ikkje berre mine informantar, men som og er ein stor del av det israelske samfunnet. Eg vil sei at skal ein snakke om den israelske fredsbevegelsen i dag, må ein og snakke om deira sitt forhold til det israelske militæret.

Erfaringa frå å vere i militæret

Eg vil her vise til to informantar Elay og Josphéh som la vekt på erfaringa frå å vere i militæret som grunn til å oppsøke fredsbevegelsen. Denne erfaringa fikk dei til stille spørsmål ved det israelske militære nærværet på Vestbredden og seg sjølv i samfunnet.

Dei israelske forsvarsstyrkene (IDF) er ein stor del av israelsk liv. Det er obligatorisk teneste for alle israelske jødar i Israel med unntak for ortodokse. Tre år for menn og 21 månadar for kvinner. I tillegg må menn gjere reserveteneste seks veker kvart år til dei fyller 41 år (Ben-Ari: 1998).

I militärtenestelova står det at ”vanlige statsborgarar,” som er ein person som har vanlige opphald innan for territoriet til den israelske stat, er plikta til å avtene i dei israelske forsvarsstyrkene. Unntaket frå denne lova er kvinner som har familie, er gravid eller gift. Som finn militärteneste motstridande i forhold til sin families religion. I praksis betyr dette jødisk-ortodokse kvinner. Ein har også ”Tal-lova” som gir unntak for alle menn som går på Yeshiva²² skule når dei blir kalla inn.

I tillegg blir det tatt omsyn som avgjer om du er egra til militärteneste eller ikkje. Dette er basert på religiøst og etniskt tilhør, og om ein er fysisk og psykisk egra. Er du palestinar og bur innanfor Israels grenser slepp du naturlig nok å avtene, med tanke på lojalitet i forhold til den pågåande Israel/Palestina-konflikten. Dette gjeld både om du er kristen eller muslim. Unntaket av dei som tenar i det israelske militæret og er arabarar er beduinar som kan velje eller ikkje, sirkasserar og druserar. (Røslien 2010).

Røslien (ibid) påpeikar at militæret i Israel er direkte knytt til jødedommen og at mange som utfører teneste får sitt første møte med jødiske ritual i militæret.

Militæret var noko som stadig vekk vart snakka om på feltarbeid ikkje berre blant informantane mine, men og generelt i samfunnet. Israelske soldatar er ein stor del av bybildet i Jerusalem. Israelarar som eg kjente snakka som oftast om at det dei hadde gjort var meiningsfullt eller at dei var bekymra for nokon dei kjente som var i militæret i Gaza.

Når fredsaktivistane snakka om militæret var det som oftast for å diskutere strategiar for å kome seg unna militärteneste eller om møter med militæret i ein demonstrasjon, eller historier om soldatar som hadde nekta å ta ordrar. Ein snakka derimot nesten aldri om korleis militæret hadde vore traumatiserande, meiningslaust og tidkrevjande. Eg kunne få brotstykke her og der, og viss

²² Jødisk utdannelse institusjon som fokuserer på å studere tradisjonelle religiøse tekster.

eg spurte ville folk ofte ikkje fortelle, men det kunne plutselig dukke opp i ein samtale utan at det var ein spesiell grunn til det.

Elay og Jospeh sine historier

Verken Elay eller eg har for tida vaskemaskin og vi har bestemt oss for å koordinere vasken vår for å spare pengar. Det er sånn i elleve tida på kvelden og vi har brukt Elay sitt gamle inngangskort for å snike oss inn på eit av vaskeromma i studentbustadane. Elay verkar sliten og stryker seg på handa som i smerte. Han ser at eg ser på han og seier: ”Kvar gong etter eg har møtt eks-kjærasten min har eg så vondt i hendene. Eg er sensitiv. Kroppen min og følelsane mine er tett knytt saman. Det er det som fikk meg ut av militæret i dei okkuperte områda, magen min. (han er laktoseintolerant).” Eg spør han om det var noko spesifikt som hende, som han vil snakke om. ”Nei seier han, ikkje som han vil sei i iallfall.” Det blir stille ei lita stund, før han seier: ”Eg hadde ein diskusjon med Itamar (god venn av Elay) her om dagen. Han sa han skulle ønske han aldri hadde vore i militæret, fordi no har han alle desse blanda kjenslene, all denne skyldfølelsen, men for meg er det annleis. Fordi eg forandra meg. Det (opplevelingane i militæret) gjorde meg til den eg er i dag, meiningsane mine, så eg er glad for den erfaringa.”

Denne samtalen kom fram når Elay var sliten og allereie emosjonell etter å ha sett eks- kjærasten sin, som han seier. At samtalar om ting som har vore emosjonelt vanskelig i militæret kom fram når nokon var sliten skjedde og med andre under feltarbeidet mitt. Det var som regel i meir stille stunder at ein velte å snakke om det. Men samtidig seier ikkje Elay noko konkret her. Eg fikk inntrykk at det var fordi han ikkje ville fortelle meg det.

Jospeh fortel om at det var ikkje sånn at han nødvendigvis opplevde noko traumatiske i militæret, men for han var det meir ein følelse av meiningsløyse. Joseph er i midten av 20- åra, foreldra hans kom hit frå USA og busette seg i ei boseting nær Hebron. Joseph bur i Jerusalem og jobbar i ein restaurant. ”Det var berre så meiningslaust”, seier han. ”Kvifor står eg berre her på post. Der den einaste tingen eg kan sjå er nokon gjeterar, tolvåringar med saudane sine og eg er nøydt til å jage dei vekk fordi dei er ein sikkerheitstrussel. Kom igjen! Ein blir gal av å stå der heile dagen lang. Du begynner å ha alle desse tankane, og å tenke at det her handlar ikkje om sikkerheit i det heile tatt. At det her det handlar om noko heilt anna.”

Jospeh refererer her til at militæret ofte jagar vekk gjeterar som går med dyra sine, fordi dei kjem for nærme israelske busetjingar. Fleire eg snakka med hadde denne følelsen ikkje berre av keisamheit og meiningslausheit, men at dei kanskje hadde hatt eit ønske om å gjere noko. Om å beskytte landet for å så finne seg i ein situasjon der det ein gjer er berre å oppretthalde skillet mellom israelarar og palestinarar, nærmast vise kven som er okkupanten som fleire av mine informantar sa. Denne overraskinga om kva som faktisk skjer i militæret på Vestbredden og kva ein blei fortalt, var ikkje uvanlig.

Både Elay og Jospeh har trudd seg til ”Breaking the silence”, ein organisasjon starta av tidligare israelske soldatar. Sidan 2004 har dei prøvd å kartlegge dag til dag verkelegheita for det israelske militæret i dei okkuperte områda. Dei intervjuar menn og kvinner som har tent i IDF sidan 2000 og distribuerer anonymt historiene deira på internett og i bøker. Sidan dei begynte, har dei gjort meir enn 700 intervju og dei som betrur seg til dei, representera alle sfærar av det israelske samfunnet. Historiene handlar om soldatar som er vitne til at deira overordna bankar opp palestinarar, går inn i huset til palestinarar midt på natta og ransak det utan grunnlag eller busetteterar som utførar vold mot palestinarar utan at nokon griper inn (Israeli et al. 2012). Soldatar kan kome tilbake til sivilt liv for å finne ut at det er ein stor kontrast mellom verkelegheita som dei har møtt i militærtjeneste, og stillheita rundt denne verkelegheita dei møter når dei kjem heim. Det er som om soldatane er tvinga til å ignorere kva dei har sett og gjort (Breaking the silence 2013). Desse opplevingane blir ikkje snakka om i samfunnet, og slik eg såg det gjaldt det og i fredsbevegelsen. Eg vil argumentere for at slike opplevingar er sterke emosjonelle erfaringar som er som eit ”moralsk sjokk”. Nokon gongar kan det skje hendingar i liva våre som forstyrrar, overraskar og gjer oss sinte. Desse ”moralske sjokka” kan ofte vere sterke nok til å få oss til å gjere noko. Sjølv om folk som tek del i sosiale bevegelsar ofte kjenner nokon som er med frå før kan slike sjokk vere ein grunn til å bli med (Goodwin, Jasper 2009). Eller om ikkje anna som i Elay og Jospeh sitt tilfelle å vere åpen for andre måtar å tenke om det han har opplevd på enn det dei tidligare ville gjort.

Elay fortel at han er glad for erfaringane sine fordi dei forandra han, at det var det som gjorde han til den han er. Cohen (1994) skriv at å bli sosialisert er ikkje noko som vi har oppnådd og er ferdig med når vi har blitt vaksne. Det forsette gjennom heile eins sosiale liv og når ein møter eit nytt miljø og nye sosiale erfaringar som tilfører noko til ein sjølv. Eg vil argumenter for at

informantane mine (slik som Elay) føler at dette er ei verkeleg forandring som skjer og ikkje at det er noko dei strategisk gjer for å tilpasse seg eit miljø.

Strukturelle forandringar i narrativet (her om den israelske stat og seg sjølv) skjer når det er eit radikalt skift i den sosiale konteksten (Bruner 1986). Når det ikkje vert samsvar mellom eit hittil akseptert narrativ og nye opplevingar kan det føre til at eit gamalt narrativ trekke seg i bakgrunnen eller gis opp heilt, og eit nytt narrativ blir akseptert, eit narrativ som verkar meir relevant for eins liv (ibid). Mange av dei israelske fredsaktivistane hadde ein oppleving som ikkje stemte overeins med deira tidligare narrativ av den israelske staten og deira rolle som israelar slik som med Jospeh og Elay her.

Militærnekt som inngangsport til aktivismen

Mens dei fleste av mine informantar som var over 25 år hadde vore i militæret og det før hadde vore ei tid da alle drog, såg dette no ut til å endre seg. I løpet av dei siste åra har omlag 4000 nekta på politisk grunnlag og omlag 1000 har vore i fengsel for det (Kidron 2004). Tala er nok enda større viss ein ser på alle dei som får fritak for helsegrunnar. Militærnektarane er sterkt knytt til fredsbevegelsen og tradisjonelt har dei fleste militærnektarar vore fredsaktivistar. Men når eg var på felt var det mange som snakka om at det var ikkje lenger slik at dei som ikkje drar i militæret gjorde det enten for religiøse eller politiske grunnar, men at det var fleire og fleire unge i Tel Aviv som rett og slett ikkje orka å kaste bort så mykje tid på livet sitt for å forsvare seg mot noko som var så fjernt frå deira daglige liv som okkupasjonen.

Samstundes er det fortsatt slik at det å vere militærnektar der ein endar opp med å vere i fengsel, kan vere problematisk for karrieren din. Slik sett var det fleire som ville prøve andre løysningar som å få godkjent sivilteneste på pasifist-grunnlag eller hjelp til å late som dei var psykisk sjuke²³. For å nytte seg av desse strategiane oppsøkte dei organisasjonar som Profil Hadash, som er ein organisasjon som hjelper militærnektarar, eller enkeltpersonar som var ein del av fredsbevegelsen. Slik sett kunne fredsbevegelsen rekruttere medlemmar som var sjokka over måten dei blei behandla på i møte med sesjonar og militær- komitear eller ved at dei blei kjent med folk som hjelpte dei strategisk til å kome seg ut av tenesta. Ved å vere militærnektar blei ein

²³ Det var heller ikkje mulig å studere psykologi eller medisin viss ein sjølv har helseproblem.

og stempla av andre i samfunnet som fredsaktivistar, og det første og til at ein oppsøkte fredsaktivismen.

Ein av mine informantar og rom-kamerat, hadde spesialisert seg på å kurse personar som hadde lyst å nekte på psykisk grunnlag, Det kunne variere kor lett eller vanskelig det var å lyge til psykologen alt etter som, og ho ga tips og råd til militærnektarane basert på sine eigne erfaringar.

Andre prøvde å få godkjent sivilteneste utan at dei nødvendigvis var fredsaktivist av den grunn. Ada er 19 år og kjem frå Haifa. Ho fortell at for ho, så var det ikkje så rart å ta sivilteneste. Det å gå på vidaregåande skule i India gjorde ho til den ho er. I India blei ho kjent med alle slags menneske frå alle plassar i verda og med personar som hadde alle slags religionar. ”Mange av vennane mine der i frå er jo muslimar, så kvifor skal dei vere så forskjellig frå muslimar som er her?”, seier ho. Ho gjer og samanlikning av Tibet med Palestina, fordi begge er okkuperte. Ho forklarar at ho begynte å engasjere seg for den tibetanske sakana på grunn av den tibetanske kjærasten sin. Ada måtte opp for ein komité der ho måtte argumentere for at ho var pasifist. Sånn Ada framstiller det verkar det som det er lett.²⁴ Ada avgjer siviltenesta si i Rabbis for human rights.

Ein dag vi sitt og drikk kaffi, spør eg korleis ho begynte å jobbe for Rabbis. Ho seier at det begynte med ein anna fredsaktivist som Ada kjenner fordi han og har gått på ein liknande internasjonal skule som ho, berre i Bosnia. Han kjente igjen ei jente, som hadde vore i sivilteneste med Rabbis og at det var slik ho fikk vite om dei. Ved arbeidet som Ada gjorde med Rabbis for human rights vil eg sei første til at Ada begynte å engasjere seg i fredsbevegelsen. Det var på mange måtar tilfeldig at ho begynte å arbeide der, men ved at aktivitetane ho gjorde gjekk som oftast føre seg på Vestbredden begynte ho å engasjere seg i fredsbevegelsen.

Idan er og i same situasjon som Ada, han er ein av dei få gutane som får lov til å gjere sivilteneste på pasifistisk grunnlag: ”Eg er berre ein pasifist. Eg vil ikkje i noko slags militær eg”. Han fortel at han har mange vennar som vel å dra i militæret, men han bestemte seg for at dette var noko han ikkje ville når dei kom på skulen hans og begynte å reklamere for IDF. ”Dei prøvde ikkje ein gong å skjule kva dei gjorde, at dei rekrutterte oss.” I motsetning til Ada

²⁴ Det kan virke som det er mykje lettare for jenter enn gutter å få innvilga sivilteneste.

opplevde Idan komitémøte som vanskelige. Han fortel at det var ein filosofiprofessor og ein offiser som spurte alle mulige spørsmål. ”Offiseren spurte ”viss mora di blir voldtatt og drepen, vil du ikkje gjere noko for å gripe inn? ”Og dei begynte å spørje meg spørsmål om Bosnia og NATO, men eg veit jo ingenting om det.” Han seiar at han følte seg veldig åleine som militærnektar der han er i frå, så når han begynte å gå på møter med andre som hadde lyst å nekte militæret i fredsbevegelsen forbетra det livskvaliteten hans betydelig. Her ser vi og korleis Idan kan seiast å få eit ”moralsk sjokk” i møte med både komiteen og dei som vil rekruttere han på skulen.

Siviltenesta til Ada førte til at ho blei eksponert for palestinske narrativ og mange israelske fredsaktivistar som ho ikkje hadde blitt kjent med viss ho hadde tatt sivilteneste ein anna plass, til dømes inne i Israel. Viss militärtenesta i Israel ikkje hadde vore obligatorisk ville ho ikkje ha vore nøydt til å ta sivilteneste og Idan hadde kanskje ikkje kjent trong for å oppsøke fredsbevegelsen for støtte. Slik hadde dei kanskje aldri blitt fredsaktivistar om militæret i Israel ikkje var obligatorisk.

Flytte til Jerusalem

Fleire påpeikte at etter at dei flytta til Jerusalem var det ikkje til å unngå at ein begynte å engasjere seg meir mot okkupasjonen fordi den var så synleg der. Mens i andre delar av Israel kunne ein leve utan å tenke over den til daglig, såg ein i Jerusalem muren i det fjerne. Ein argumenter også for at ein vart knytt til byen og denne måten å leve på, og at ein kunne forstå at nokon ville flytte vekk til Tel Aviv, men at å bu der var som å leve i ei boble. Sara fortalte at for ho var det å flytte til Jerusalem der ein såg okkupasjonen med på å legge grunnlaget for hennar aktivisme. ”Det var då eg begynte å forstå at ting ikkje var som dei skulle. Måten eg kunne sjå palestinrar bli behandla og ropt til på gata. Eller at eg blei kjent med Samirah då eg studerte, som er frå Nazareth og er israelsk-palestinar.” Sara la og vekt på at Jerusalem var veldig forskjellig frå Holon der ho vaks opp, som slik som Tel Aviv og kunne vere som å leve i ei boble.

Sjølv om eg gjorde feltarbeid i Jerusalem, kom ikkje det fleste av informantane mine i frå Jerusalem. Skiljelinjene mellom dei alle dei ulike gruppene i byen kan og vere med på å forklare kvifor mange fredsaktivistar var meir radikale i Jerusalem enn i Tel Aviv.

Å kunne dra til Vestbredden

Klein (2012) skriv at dei fleste israelarar ser på ei løysning av konflikten med palestininarane som irrelevant for deira daglige liv og nærmaste framtid. Den distansen dei føler for fred med palestininarane går hand i hand med å bygge psykologiske barrierar med resten av Midtøsten, etnosentrisme og konstruksjonen av ein fysisk vegg på Vestbredden for å separere seg sjølv og dei andre. For dei fleste informantane mine og spesielt jo yngre dei var (Før Oslo-avtalen i 1993 kunne ein bevege seg mykje meir fritt i Israel/Palestina.) var det å skulle reise til Vestbredden om lag som å reise til eit framandt land. Hadde ein vore der, så var det i samband med militærteneste, men mange var og militærnektarar. Annleis var det å skulle dra dit som aktivist enn som soldat. For meg, som kunne bevege meg fritt, var det lett å gløyme kor fasinerte mange var for å reise til Ramallah og dei andre store byane. Mange var fasinert av språket, ikkje berre for å kunne kommunisere betre med palestininarar, men og fordi dei syns det klang fint. Enkelte aktivistar gikk så langt som å medvete eller umedvete, bruke arabiske fraser som ”habibi” (tyder kjære venn på arabisk) og det blei spøka med at yngre israelske aktivist menn var fasinert av muslimske kvinner. Fleire lærte seg og arabisk.

Sara fortalte at ein av hovudgrunnane til hennar aktivisme i tillegg til å flytte til Jerusalem var det det å skulle dra til Vestbredden. ”Du forstår ikkje. Det er så spennande å dra til Vestbredden. Eg ville ikkje stå opp om morgonen for noko anna, berre for å dra med Ta aysh.”

Vener som introduksjon til fredsbevegelsen

Jasper (1997) skriv at ein viktig del av rekrutteringa i sosiale bevegelsar er nettopp det at ein aksepterer ein venn sin invitasjon til ein demonstrasjon fordi ein liker den personen, ikkje berre fordi ein sympatiserer med saka. Elay, som fortalte at han hadde forandra seg når han var i militæret og at det gjorde han til den han er i dag, la og vekt på sitt forhold til Itamar. ”Eg er så glad for at eg møtte Itamar då eg flytta inn i studentbustadane. Eg veit ikkje kva eg ville ha gjort utan han. Med all min tvil og alle mine tankar.” I møte med Itamar, som han budde saman med i studietida, og som allereie var involvert innan for fredsbevegelsen då eg blei kjent med han, begynte han å sette ord på tankar og erfaringar rundt det å vere i militæret og okkupasjonen.

Fleire gangar når eg spurte informantar om kvifor dei begynte med fredsaktivisme, var det fleire som sa at dei ikkje huskar heilt, at dei trudde dei blei med nokon dei kjente på ein demonstrasjon ein gong og så opplevde ein noko som gjorde at dei blei med neste gang.

Sara kjem heim ein dag i byrjinga av mai frå universitetet og fortell meg at ho har møtt ein kar som ho har begynt å date, Ethan. ”Men han er ikkje aktivist då.” seier ho. ”Han er meir ein av desse liberale freds-typane, som ”Peace Now”²⁵ og eg har alltid hata desse 1967-fyrane og eg trudde aldri eg skulle gå ut med ein som hadde vore i militæret. Men uansett, han skal få vere med på demonstrasjon neste fredag,» held ho fram.

Eg vil her vise korleis Ethan, slik eg kunne sjå, blei meir og meir involvert i fredsbevegelsen ettersom Sara, og vennar rundt ho, influerte han og han blei eksponert for demonstrasjonar og det som gjekk føre seg der. I utgangspunktet var det heller at han var meir nysgjerrig og hadde ein interesse i ho. Samtidig ser vi at ho seier at han var ein ”Peace Now-fyr” som visar at han har alt sympatiar med fredsbevegelsen.

I byrjinga var Ethan meir passiv og skeptisk når vi gjekk i demonstrasjonar og holdt seg i bakgrunnen. Samtidig var det tydelig at Sara hadde innflytelse på han. Usemjer dei hadde til syn på palestinrarar vart ofte løyst ved at Ethan skaffa seg meir informasjon om palestinske narrativ som Sara introduserte han for, og såleis kom han ofte tilbake igjen til ho og sa at han såg no at ho hadde rett.

Demonstrasjonane som katalysator for aktivisme

Vennar kan introdusere deg og få deg til å tenke over ting, men det var mitt inntrykk at det var i sterke emosjonelle hendingar som ofte gjorde at informantane mine opplevde at dei ”blei til” (emisk forståelse) fredsaktivistar.

Det var ikkje før ein demonstrasjon i juni at eg opplevde at Ethan var engasjert på ein anna måte enn eg hadde sett han tidligare.

²⁵. Peace Now blei av Sara sett på som for høgrevridd. Sara referera og her til at viss ho skal støtte ei to-statelig løysning så blir det etter 1947 grensene.

Eg sitt på trikken på vei heim og rett før eg skal av stoppar den plutselig opp. Framfor trikken står det tre menn med store TV-kamera som filmar rett inn i eit parti menneske som har satt seg ned på bakken midt i trikkelinja. Tre politimenn prøvar å dra dei vekk mens to til kjem køyrande på motorsyklar. Rundt og overalt står det demonstrantar. Dei ropar og slår på trikken. Politiet får dratt vekk dei som sitter i vegen og trikken kjører vidare. Eg hoppar av på neste stopp og spring mot demonstrasjonstoget av israelske freds- og J14-aktivistar, som no har kome seg til Zion Square midt i sentrum av Vest- Jerusalem.

Det er kanskje rundt 200 menneske der. Mange demonstrantar står og ropa, viftar med faner og nokre spelar også på trommer. Det er eit fryktelig bråk og nesten umulig å høyre kva dei forskjellige demonstrantane ropar, anna enn kanskje eit par kjente slagord som: "Få slutt på okkupasjonen!" (Die l'ke boosh) og "Folket forlangar sosial rettferdighet!" (Am doresh sedek hevratim). Eg treffer på Ethan som er i tydelig godt humør. Han seiar at: "ein av politikonstablane er skikkelig voldelig og tok kvelartak på meg." "Kvífor det?" spør eg og han svarar at det skjedde fordi han prøvde å unngå å få Gil arrestert. Gil er ein av dei som eg bur saman med i kollektivet. Han er og aktiv innan for fredsbevegelsen og studerer til å bli advokat. Ethan seier spøkefullt: "Politimannen sa: "Du tok på meg" så eg sa til han: "Nei, eg tok på vennen min". Mens vi står og snakkar, er demonstrasjonen i ferd med å løyse seg opp og både politiet og demonstrantane er i ferd med å forsvinne frå gatene. Sara kjem bort til oss og seier at ho og nokre andre skal gå mot politistasjonen for å protestere mot at Gil har blitt arrestert. Ethan avbryt ho for å fortelle at han blei tatt av politiet på fredag. Han blei stoppa på gata av ein konstabel som bad han om å vise fram kva han hadde i lommene. Han nekta og blei tatt med til politistasjonen. "Dei ga meg eit smørbrød og så slapp dei meg laus", seier han. "Wow, du er slik ein askenasi" seier Sara.

Vi kjem fram til politistasjonen, det er kanskje berre 50 demonstrantar no. Eg og Sara sett oss i bakgrunnen, mens alle andre står og ropar til dei fire politimenna som står utafor politistasjonen. Det kjem fleire politimenn til, og dei begynner å skubbe demonstrantane vekk frå gata og opp på fortauet. Ethan er ein av dei som er helst fremst, og mest engasjert. Sara kommenterer forandringa i hans oppførsel til meg, og seier: "Sjå Sylvia eg har skapt eit monster. Ein militant aktivistfyr, og eg som trudde eg var ferdig meg slike."

Mitt inntrykk var at kombinasjonen av Ethan sitt negative møte med politiet (om enn samtidig komisk og lite dramatisk, som Sara sette søkerlys på ved å referere til at han er askenasi og dermed slapp lettare unna politiet enn for eksempel en palestinar ville gjort) påverka det hans inntrykk av politiet som nokon som var i mot han. Han føler seg peika ut slik mange av dei israelske fredsaktivistar ofte gjer, der ein blir stoppa på gata av politiet utan grunn, og slik kan Ethan sjølv identifisere seg med aktivistane. Massane har veldig tydelig ein transformativ effekt på individet. Erfaring av i å marsjere i ein demonstrasjon, skriv Cohen (1994) med plakatar halde høgt og å rope saman, er med på å styrke eins engasjement både til saka i seg sjølv og til dei felles demonstrantane.

Ei anna årsak som eg trur var grunn til at Ethan var så mykje meir engasjert no enn tidligare kom nok av at det var nokon som han kjente direkte som var i fare for å bli arrestert. I tillegg følte han på stemninga, som demonstrasjonen førte med seg, på ein anna måte. Dette fordi denne demonstrasjonen var mykje meir valdeleg og kaotisk enn dei han tidligare hadde vore med på. Demonstrantane var mykje meir sinte og gikk midt uti gata der trikken skulle køyre og nekta å flytte seg, slik blei politiet ikkje berre til nokon som stod og såg på, men til nokon som direkte konfronterte demonstrantane.

I ein demonstrasjon kjem emosjonar som fridom, glede, fare, det ukjende og leik, til utrykk. Desse emosjonane er ofte fråverande i det daglige liv, og blir på denne måten erfart som personlige transformative følelsar. Ein lykkast med å forandre følelsar av sinne og urettferdigheit til ein slag kollektiv solidaritet med dei andre demonstrantane. Antropologen Juris (2008) brukar begrepet ”effektiv solidaritet” (Yang i Juris 2008, s.66) som han visar gjennom empiri fra G8-demonstrasjonar i Europa for å forklare dette. Samtidig er det heile tida ein balansegang mellom å kontrollere følelsane sine og å bruke dei i demonstrasjonane som gir rom for sterke emosjonar enn til daglig. Demonstrasjonane gir måte å skape som gir rom for dei sterke følelsane. Ein får eit fellesskap saman ved å dele felles emosjonelle erfaringar og utrykk som blir veldig sterke. Men som Collin (2001) skriv er slike intense følelsar av fellesskap tidsbestemt og har å gjere med konteksten rundt, og for meir erfarte aktivistar kan slike demonstrasjonar og bli rutine. Slik sett ser vi eit skilje mellom korleis Sara som er meir erfaren og Ethan reagerer.

Sara ville gjerne ha ein kjæraste som var aktivist på eine sida men samtidig som ho ikkje ville ha ein slik likevel. Dette viser kanskje berre at ein aldri blir heilt fornøgd i kjærleikslivet, men det viser og balansegang ein heile tida må fylje som aktivist over korleis ein skal oppføre seg og ikkje, og at aktivistane innan i fredsbevegelen naturlig nok ikkje alltid er samstemte og einige i korleis ein skal oppføre seg.

Konklusjon

Eg har i dette kapittelet vist korleis grunnlaget for å ta del i fredsbevegelsen har å gjere med at ein har tid til å ta del i fredsaktivitetane, ofte fordi ein er i frå middelklassa og er student, og fordi ein kan ha hatt ein bakgrunn i ungdomsorganisasjonar som har fått ein til å stille spørsmål. Vennskap er ein faktor for aktivisme som alle dei aller fleste la vekt på, der ein blir introdusert til aktivismen via venner og kjærestar. Nysgjerrigkeit er ein anna. Samtidig har eg vist at det som informantane mine først og fremst legg vekt på som grunnlaget for deira deltaking i fredsbevegelsen, er knytt til opplevelingar som dei erfarer er med på å forandre eins forhold til eigen identitet. Erfaringane gjer noko med ein på ein slik måte at ein ikkje lenger kan få det narrativet ein har, om den israelske stat og seg sjølv til å stemme. Dette er erfaringar knytt til å vere i militæret, å nekte militæret og å flytte til Jerusalem. Desse opplevelingane kan vere sterkt emosjonelle slik som eg viser i demonstrasjonane, og det er nettopp dei sterkt emosjonelle opplevelingane som er mest endringskapande.

I neste kapittel vil eg vise korleis det å bli bli aktivist er noko ein lærer seg gjennom kroppsleggjorte erfaringar. Erfaringane er med på å virke transformative for den som opplev dei, og såleis er med på å ”gjere” den personen til ein fredsaktivist. Desse hendelsane kan seiast å vere overgangsritual der ein trer inn i ei ny rolle som aktivist. Eg vil og vise at det er det å gjere nokon som er viktig for aktivistane. Kva aktivitet ein vel blir viktig for kva slags type aktivist ein vil vere.

Kapittel 4: Aktivisme som ein aktivitet

I dette kapittelet her viser eg korleis ein lærer seg å bli fredsaktivist gjennom kroppsleggjorde erfaringar. Dei er noko som aktivstane deler og er med på å gjere dei til aktivistar ved å ta del i slike opplevingar. Eg vil vidare vise at det er visse måtar ein skal oppføre seg på og ikkje på i demonstrasjonar og med Ta'ayush. Dette er ikkje noko ein nødvendigvis blir fortalt, men må lære med kroppen og ved å sjå på dei andre. Vidare vil eg vise at det er det ein gjer, som er med på å skape ein aktivist-identitet for informantane mine, like mykje og om ikkje meir enn det dei står for politisk. Ein prøvar å finne ein aktivitet som ein syns passar til seg sjølv. Det betyr ikkje at informantane mine ikkje hadde diskusjonar om ideologi, men at andre aktivistar ofte ser på din identitet som aktivist og kva politiske meininger du har, uti frå kva du gjer. Vidare vil eg vise at ved å bruke James Scotts *Weapons of the weak* (1985) for å samanlikne palestinrarar si forståing av å halde ut (sudum), at det og fins andre måtar å forstå aktivisme på enn den måten eg skriv om den på.

Ricouer (1984) skriv at ved å flette saman hendingar over tid, dannar det seg eit bestemt mønster i tida. Vi handlar ut i frå tidligare hendingar med auge for framtidige hendingar og dermed potensielle handlingsmuligheter. Det lagast ei historie av alle desse lausrivne bitane (historia er mønsteret). På denne måten blir det laga eit mønster i dei kroppsleggjorde erfaringane som aktivistane erfarer, etterkvart som ein er på nok demonstrasjonar, lærer seg korleis ein skal oppføre seg der. Slik lagar aktivistane seg ei historie om kva ein demonstrasjon er for dei og kva det for dei, vil sei å vere aktivist. Sidan aktivismen i mitt felt var så knytt til desse konkrete hendingane som demonstrasjonane og aktivitetane med Ta'ayush. Eg vil her vise dette ved hjelp av to empiriske eksempel, om ein demonstrasjon i Hebron og eit eksempel frå Ethan sin første dag med Ta'ayush, det er gjennom blant anna desse handlingane at identiteten som fredsaktivist blir skapt. Nokon av desse aktivist-hendingane kan fungere som innvigsle-ritual til aktivismen.

Aktivisme som kroppsleggjort kunnskap

Fleire antropologar og filosofar har påpeikt at vi menneske erfarer aktivt verda gjennom kroppen (Csordas 2005, Desjarlais 1992, 2011 Ingold 2000, 2011, Jackson 1983, Merleau-Ponty 2012). Ingold (2011) skriv at vi lærer oss alt i frå korleis vi skal gå til korleis vi skal sitte. I staden for å ta utgangspunkt i at folk brukar deira kunnskap i praksis, skriv han, burde vi heller sei at dei veit

på grunn av deira praksis. Det vil sei at menneske veit kva dei gjer på grunn av kva vi gjer, det er gjennom å praktisere noko at vi tileignar oss kunnskap. (Ingold, Kurtilla 2000 i Ingold 2011). I staden for at kunnskap er ferdig sett inni hovuda våre på forhand, er heller kunnskap stadig under konstruksjon med konteksten. Dette syns eg stemmer godt overeins med korleis informantane mine lærte seg å vere aktivistar.

Desse kroppslege erfaringane er forskjellige frå person til person, der korleis ein erfarer ei slik oppleving kjem ann på det perspektivet ein har (Desjarlais 2011). Samstundes vil eg argumentere for at ved hendingar som demonstrasjonar, er det intense kroppsleggjorde erfaringar som er med på å gi emosjonell tilknyting aktivistane seg i mellom (Juris 2008), og som eg var inne på i førre kapittel, kan vere transformative hendingar, og såleis på opplevast like for nokon av informantane mine på den måten, sjølv om dei ikkje opplevast identiske. Eg prøvar ikkje her å sei at ved desse hendingane blir informantane mine sin identitet til noko statisk, men ser heller på aktivist-identiteten som ein signifikant struktur, som ikkje er den same over tid, men konstant i endring. (Dahan- Kalev, Le Febvre 2012).

Fyrste gong på demonstrasjon

Eg vil her vise korleis ein demonstrasjon kan opplevast for nokon som er ny for det. Korleis ein ikkje veit kva ein skal gjer og at det er berre noko ein må erfare ved å delta, ved å vise til mi eiga erfaring som ny aktivist.

Dette er min fyste demonstrasjon på Vestbredden og ganske tidlig i feltarbeidet mitt.

Demonstrasjonen handlar om å opne ”Shuada gata”²⁶ i Hebron. På bussen på vei dit møter eg for første gang på Idan. Ingen av oss kjenner noko særlig dei andre som skal på demonstrasjonen og vi begynner å snakke saman. Vi får vi eit ark med sikkerheits-instruksar. Det står informasjon om kvifor denne demonstrasjonen blir halden, at vi må halde oss saman med dei andre som er på bussen og om vi får tildelt lòk og det kjem tåregass så må vi ta imot og lukte på lòken, for det vil hjelpe. Vi får og utdelt nokre eingongs- klutar med alkohol på, som vi skal bruke til å lukte på viss det kjem tåregass. Alle skriv ned telefonnummeret til arrangøren, ein av aktivistane og han

²⁶ Midt i sentrum av Hebron der gata er segregert i to deler, ein for palestinrarar og ein for israelske busetterar. Dei palestinske butikkane der er stengt og dei som bur der må kome seg inni husa sine frå taka.

skriv ned alle andre sitt på ei liste. Han gir streng beskjed om når bussane går i frå demonstrasjonen, klokka tre.

Desse beskjedane verkar veldig rutinerte og måten arrangørane snakkar på får det til å virke som om dette er noko dei har gjort mange gongar før. Mitt inntrykk var at arrangørane og dei rutinerte aktivistane snakka mykje seg i mellom, og tok det nesten for gitt at for andre på bussen ikkje var det deira første gong på ein demonstrasjon på Vestbredden. Idan fortel til ein av arrangørane at han aldri har vore på ein demonstrasjon på Vestbredden før, og det ser ut til å overraske den andre aktivisten.

Vi, kanskje om lag hundre demonstrantar av israelske aktivistar og palestinske menn som går nedover ein bratt asfaltert bakke mot Shuada- gata. På enden av bakken står det israelske soldatar på rekke og rad med gassmasker, skotsikre vestar, våpen, skjold og tåregassbehaldarar. Det står og nokre soldatar oppe på muren der husa er, på kvar si side av gata. Demonstrantane ropar slagord på engelsk og arabisk som: "Fritt, fritt Palestina!" ("Hurra Hurra Palestine! "), "Israel er ein fasistisk stat!" og "Ein, to tre, okkupasjonen må ta slutt!" Eg ser at mange tek skjerfet sitt rundt munnen slik som eg har sett på TV og eg lurer på om eg skal gjere same eins, men føler meg dum. Eg går med Idan berre fordi eg kjenner han, men plutselig er vi langt framme utan at det var intensjonen min.

Ut i frå noko som verkar som høgtalarar, kjem det ei innspelt stemme som seier "Testing, testing, this is a test of a long range accustic device, LRAD from the American corporation technology", og så smeller det i lyd-bomber som militæret kastar ut. Demonstrantane begynner å springe opp bakken og eg følgjer etter i panikk så fort eg berre klarer. Det kjem ei til og da er det ein av palestinarnane som stopper opp og ropar "Det er berre ei lyd-bombe! Det er berre ei lyd-bombe!" Eg kjenner at eg er redd og at i all springinga fram og tilbake gjer at det er umulig for meg å holde tritt med kor dei som eg var på bussen med er.

Kvar gong det går av ei lyd-bombe, så spring folk opp bakken så fort dei berre klarer. Eg blir andpusten og må streve for å halde meg på beina og ikkje bli skubba ned. Eg veit ikkje kva som skjer, men soldatane begynner å skyte ut tåregass. Eg held skjerfet mitt opp mot munnen og spring opp ein sidevei saman med nokre andre. Det er ingen eg kjenner der, men eit par israelske

kvinnelige aktivistar og nokre unge palestinske menn. Nokre ungar og ei gammal dame kastar ned skrelte løk frå eit vindauge og dei israelske damene seier at eg må lukte på løken. Folk spør kvarandre om det går bra. Eg får kjeft av ei dame når eg drikk av vassflaska mi, og ho seier at det må eg ikkje gjere no på grunn av tåregassen. Det svir kraftig i auga og eg har vanskelig for å puste. Når tåregassen har letta, er demonstrasjonen over og vi dreg heim med bussen til Jerusalem. På bussen heim fortell Idan meg at han misforstod det med alkohol-våtserviettane og at han hadde gnidd seg i augo med dei i staden for å lukte på dei.

Eg veit ikkje korleis det var for Idan, men eg var ikkje forberedt på at det skulle vere så fysisk krevjande å vere på demonstrasjonen. Sjølv om eg hadde vore på demonstrasjonar inne i Israel, var dette noko heilt anna. Eg hamna langt framme utan at det var intensjonen min, fordi eg ikkje klarte å fylje med på kor eg var, og heller var opptatt av å gå med dei eg kjente frå bussen. Etterkvart som eg hadde vore på fleire demonstrasjonar lærte eg meg å berre konsentrere meg om meg sjølv og kor langt eg var villig til å gå fram, utan å fylje dei eg kjente som kanskje tok større riskar enn meg. Eg lærte meg og korleis eg skulle lese soldatane og dei andre demonstrantane rett før noko kom til å skje. Dette er noko som eg ikkje klarar å forklare med ord korleis ein gjer. Det var berre noko som eg etterkvart visste. Det var fleire ting som eg og Idan kunne ha tileigna oss kunnskap om før vi drog: Som at eg ikkje viste at eg skulle drikke vatn etter å fått tåregass på meg, eller at Idan trudde han skulle gni alkohol-serviettane i augo i staden for å lukte på dei. Det å lære seg å gjere dei rette tinga (halde hovudet kaldt) var noko som ein berre kunne gjere gjennom den kroppsleggjorde erfaringa av å gjere det fleire gongar. For nokon av dei meir erfarne fredskatvistane og palestiniane, såg det ut som om dei elegant viste kva dei skulle gjere. Når eg og Idan prøvde å fortelle andre aktivistar seinare kor sjokkerande vi erfarte denne beskjeden frå høgtalaren, blei vi berre møtt med svar om at, ja, slik var det.

"Det er vanskelig å vere ny aktivist"

Sara og eg ein av mine hovudinformantar som har vore aktivist lenge, og som eg bur i kollektivet med, har ein samtale ein dag. Eg fortel at eg syns andre aktivistar fortel meg så lite kva som skal skje og konteksten rundt, enten det er med laurdagar med Ta'ayush sør for Hebron eller når eg er på demonstrasjonar. Eg føler at folk på den eine sida er hyggelige og vennlege, men samtidig er det vanskelig å få noko informasjon ut av dei. Eg seier til ho at kanskje det er fordi eg er utlending. Sara avbryt meg for å seie "Nei, nei, det er ikkje derfor. Det er fordi du er ny. Det er

skikkelig vanskelig å vere ny som aktivist. Fordi folk som har vore med lenge kan vere ekskluderande, og du føler deg du er redd for å stille dumme spørsmål.”

Sara og nokre av dei andre informantane sa at denne måten å lære ved å sjå på kva dei andre gjør, utan og få noko særlig informasjon, minte mykje om korleis det var då dei var rekruttar i militæret og måten offiserane tedde seg på overfor dei.

Mitt andre empiriske eksempel om korleis det opplevast å vere ny aktivist, vil eg vise via eit eksempel om Ethan. Eg har allereie skrive i førre kapittel korleis Ethan blei introdusert til fredsbevegelsen via Sara og korleis han gradvis blei meir og meir involvert i å bli aktivist ved å ta del i demonstrasjonar. Dette var emosjonelle hendingar som gjorde at han engasjerte seg på ein ny måte, mykje fordi han fikk eit fellesskap med dei andre demonstrantane. Her vil eg vise korleis Ethan sin første dag med Ta'ayush var det og fleire ting som han ikkje veit, men som ingen heller fortel han.

Ein laurdag morgen er Ethan, Sara og eg på veg nedover King George gata mot parken der bussane som skal ta oss med til områda sør for Hebron, står. Ethan har på seg ei korterma skjorte, kvite joggesko og ei beige kordfløyels- bukse som er klipt av til shorts. Shortsen er tydeleg litt for stor, og han driv og heiser den opp mens han kommenterer at han håpar han ikkje blir sjåande ut som ein nykomar med den.

Israelske aktivistar er ofte veldig opptatt av å kle seg anstendig når dei skal til Vestbredden med langbukser og for damene og ikkje så utringa t-skjorter. Dette fordi dei ikkje ynskjer å fornærme palestinrarar dei møter. Det å dra til Vestbredden blir og sett på som ein aktivitet ein skal gjer, som eit arbeide. Så aktivistane kler seg praktisk, ofte i fjellsko, ikkje sine finaste klede og hatt.

Vi er tre minibussar som drar denne dagen. Vi drar som så vanlig til ulike områder for å møte gjetarar. Nokon av oss går av bussen ved sidan av landsbyen Al Mufaqarah sør for Hebron. Her skal vi møte nokre palestinske gjetarar som vi skal slå fylje med til eit område nær ei busetting så dyra kan få beite. Viss det kjem israelske soldatar som seier gjetarane ikkje kan gå der (gjer det alltid), vil dei israelske aktivistane ta fram lovdokument som seier at landet høyrer til palestinaren, og saman med gjetarane prøve å forhandle seg fram til kvar gjetarane kan gå og

ikkje. Det er ein traktorvei ved sidan av eit kvitt, lite toetasjes hus, og vi følgjer ei rås gjennom høgt tørt buskas. Vi, består av Sara, Ethan, Maria og Patel (to andre israelske aktivistar som ofte er med). Vi kjem opp på andre sida av ein haug og eg kan sjå gjetarane, med dyra i det fjerne. Eg ser Mahmoud, ein eldre palestinare og eit par gutar i ti til tretten års alderen. På venstre side, eit lite stykke lengre vekk, er det fleire kvite hus med flatt tak og litt lenger framme til venstre, ser eg settlementen Ma`on med sine raude skråtak og eit beige hus som hører til ein militærbase. Alle husa ligg oppe på nokre små åskammar, medan vi er nede i ein dal. Sjølv om alle er ofte med Ta'ayush, og har vore fleire gongar her, er det ingen som spør Ethan kven han er eller kva han heiter. Det er heller ikkje nokon som forklarar Ethan kor vi er eller kva vi skal. Etter ei lita stund kjem vi fram til der gjetarane er saman med sauane og geitene sine. Det kjem det militær til området og litt seinare nokon busetterar. Ethan begynte å gå mot busetterane, og ingen av aktivistane seier da til han at han må kome tilbake, men vender seg i staden til Sara og seier at ho må holde styr på han ho har tatt med.

Kvifor er det ingen som fortel noko til Ethan? På ei side er det ikkje eit klart hierarki innan for gruppa, sjølv om dei slik at Patel her, kjenner området best ettersom han arbeidar i andre vekedagar for Rabbis med å kartlegge menneskeretts- brot i området. Likevel er det ingen som føler eit ansvar å fortelje Ethan noko. Kanskje fordi ein reknar med at Sara skal gjere det sidan det er ho som har tatt han med, og ho har vore med Ta'ayush før. Men det er lenge sidan Sara har vore med på deira aktivitetar og ho reknar med at nokon av dei faste Ta'ayush-aktivistane skal gjere det. Mitt inntrykk var at det var ikkje berre fordi det ikkje var klart kven som skulle fortelje han det, men også som Sara og fleire informantar påpeikte, at det var fordi ein måtte lære det sjølv ved å sjå på dei andre. Det var forventa at ein sjølv skulle oppsøke kunnskapen og det vart nærmast tatt for gitt at ein viste kva som gjekk føre seg eller korleis ein skulle oppføre seg. Fordi på same måte som det vart tatt for gitt av dei meir erfarte aktivistane, vart det her og tatt for gitt, at alle hadde dette like mykje inkorporert i kroppen som dei meir erfarte aktivistane.

Eg vil argumentere for at eg i desse eksempla ovanfor, viser at dei nye aktivistane, slik som Idan, Ethan og meg var novise-aktivistar. Å dra med Ta'ayush og på ein demonstrasjon på Vestbredden fungerte som overgangsritual til fredsaktivismen. Det desse aktivitetane, sjølv om ein ikkje heldt på med dei lenger, var noko ein måtte igjennom for ”bli til” ein skikkelig aktivist. Den kjente antropologen Victor Turner (1996) skriv at novisene er i ein liminalitet der dei er

verken eller. Dei er i ein tilstand av transformasjon, der dei er fysisk der, men ikkje er sosialt til stades. Dette kan vere med på forklare kvifor ingen fortel Ethan kva som skal skje med Ta'ayush, der han på same måte som Turner (ibid) skriv om novisene, skal observere og står i ein sosial posisjon under dei eldre (her meir erfarne aktivistane) som dei må fylje ordre frå og ta lærdom av.

Fellesskap gjennom ei fysisk krevjande oppleving

Det er nokon erfaringar som fører til ekstra fellesskap mellom gruppemedlemene og kan vere med på å inkorporere ein inn i fredsbevegelsen mykje fortare. Nesten alle informantane mine hadde vore i fengsel eller i det minste heldt av politiet og nokre av dei hadde vore skada. Det å få tåregass på seg, måtte springe frå politiet og militæret, opplevd vold eller å ha vore i fengsel, var ein del av det å bli aktivist.

Ada, som gjorde siviltenesta si hos Rabbis hadde blitt saman med Philip, ein amerikansk jøde som nylig hadde flytta til Israel. Mange israelske fredsaktivistar var skeptiske til amerikanske jødar, og syns at det var rart at dei hadde velt å flytte dit og ikkje var blitt født der, slik som dei var.

Philip har blitt fengsla etter ein demonstrasjon og har no akkurat slept ut. I tillegg til å ha vore i fengsel i eit døgn, har han no husarrest heile helga. Ada og eg dreg for å besøke han. Philip kjem ut får rommet sitt tydelig sliten i ført joggebukse og ei t-skjorte. Han dreg seg i det krøllete, blonde håret og sett seg ned på ein kjøkkenstol, mens han seier: ”Berre i dag er det fire personar som har ringt til meg for å spørje om dei skal dra å handle for meg.” Dei var til saman 17 som blei arresterte, palestinrarar, israelrarar og ein kanadiar ”Vi prøvde berre å kome oss forbi for å dra heim, for å kome oss til parkeringsplassen” seier han. ”Dei banka og sparka oss og sa mange provoserande ting til oss då vi var i cella, slik som, du er ein forrædar og ein dårlig jøde”. Philip fortel korleis han føler at han har fått eit så sterkt band med dei som han var inni fengselet saman med: ”Det var så mange fantastiske folk. Vi snakka om alt mulig der inne.”

Når eg kjem heim seinare på kvelden, snakkar eg med Sara om Philip. Sara har tidligare vore skeptisk til han, men seier ne: ”Stakkars, det er ikkje så vanlig at ein blir banka opp”.

Philip som ikkje hadde vore så godt likt før, fordi han er amerikanar, får ikkje berre sympati fordi han har blitt arrestert, det var og mange andre israelske aktivstar som ringte han for å spørje korleis det gikk og for å handle til han. Etter denne opplevinga observerte eg at Philip sin status i fredsbevegelsen vart endra. Tidligare hadde han stått meir utafor sidan han ikkje var israelar, men dette forandra seg etter dette. Han hadde og fått eit band med dei som han var inni fengselet med og opplevde denne hendinga som svært sterk. I slik hending må og kunne seiast å sjåast på som endringskapande for aktivistane si identitet. I det ein no blir nærmast ein slags ”fiende” av staten, der det blir oss mot dei (politiet mot aktivistane).

Val av aktivitet

For informantane mine var det viktig at ein måtte gjere noko. Det var ikkje nok at ein sympatiserte med fredsbevegelsen. Det var ikkje nok til å gjere ein til fredsaktivist, ein måtte delta på ulike aktivitetar (Hermann 2009). Informantane mine definerte seg ofte ut i frå kva slags aktivist-aktivitet dei heldt på med. Dei skilte mellom tre ulike: Demonstrasjonar på Vestbredden, Ta'ayush og fagforeininga Waat-Maan, som arbeidde for like rettigheitar mellom palestinske og israelske arbeiderar. Eg skriv og om Ada sitt arbeid med Rabbis som frivillig for å lære vekk engelsk, men sjølv om det var mange fredsaktivistar som heldt på med slike aktivitetar, blei dei av informantane mine ikkje nødvendigvis sett på som skiljeskapande. Det betyr ikkje at eg ikkje hadde informantar som var skeptiske til Rabbis som organisasjon, men da gjekk det ikkje så mykje på kva dei gjorde, men meir på syn på sionismen.

Det var sjeldan at ein aktivist var tilknytt til fleire av desse samtidig, sjølv om dei aller fleste hadde vore innom det å dra på demonstrasjonar på Vestbredden. Det kan virke som det å dra på slike demonstrasjonar var noko ein gjorde tidlig i sin aktivistkarriere. Eg vil understreke at dette gjeld fredsaktivistar som budde i Jerusalem, som har vore mitt felt, mens fredsaktivistar frå Tel Aviv var i fleirtal på demonstrasjonar på Vestbredden, og det var berre ein gong at nokon frå Tel Aviv var med ein laurdag med Ta'ayush. Dette har å gjere med praktiske grunnar fordi transporten for å dra med Ta'ayush, dreg frå Jerusalem og det var fleire av aktivistane i Tel Aviv som hadde bil som kunne ta ein til demonstrasjonar på Vestbredden. Men dei fleste informantane la likevel vekt på andre grunnar for at dei ikkje drog på demonstrasjonar på Vestbredden lenger.

Ein informant fortalte meg at etterkvart hadde ho begynt å føle seg dårlig av all tåregassen, og at det var det same som skjedde kvar gong, det same mønsteret. Ho samanlikna det med eit teaterstykke. Demonstrasjonane i an Nabi Salih som eg var mest på under felt, og er dei eg har til å samanlikne dei ulike fredagane med. Her kunne eg observere at det var forventningar til at demonstrasjonane skulle gå likeins føre seg: Når demonstrantane hadde kome eit vist stykke, leda av unge jenter og born, som etterkvart ville gå i bakgrunnen., ville nokon av dei yngre gutane begynne å kaste stein mot soldatane eller ein utolmodig soldat ville fyre av tåregass. Som regel ville ein aldri kome seg lenger enn til den lokale bensinstasjonen før dette begynte å skje. Ein gong av dei mange gongane, vart det eit slikt brot i dette mønsteret at mange av demonstrantane vart satt ut. Ein kom seg då mykje lenger enn ein vanlegvis gjorde. Ei av dei eldre israelske aktivistane som drog på demonstrasjon kvar fredag til landsbyen sa da at det virka som det var noko skikkelig ille som berre venta på å skje.

Mange av dei israelske aktivistane som drog frå Tel Aviv, var medlemmar av ei gruppe som heiter ”Anarkistar mot veggen”.²⁷ Dei kledde seg ofte i svarte klede og fleire aktivistar frå Jerusalem påpeikte at dei likte kanskje den anarkistiske ideologien, men dei likte ikkje den militante holdninga til anarkistane frå Tel Aviv. Ofte sprang dei fremst i rekkene på demonstrasjonar og prøvde å øydeleggje piggtråd eller delar av veggen. Dette stemte ikkje overeins med mange av mine informantar sitt syn på å fokusere på ikkje-voldelege aktivitetar, og dei syns anarkistane var alt for militante. Dafna forklarte det slik: ” Eg er ikkje ein soldat, ikkje ein gong ein soldat for fred.”

Det å vere aktivist er stadig i forandring (Svirksy 2012). Dei fleste skifta aktivitetar som dei syns passa seg sjølv, enten fordi det dei tidligare dreiv på med aldri passa eller det kunne og vere fordi dei forandra seg og syns ikkje det var like viktig for dei lenger det som var før. Ein av dei som hadde bytta aktivitet fleire gongar, var Itamar. Han starta ut som anarkist og drog på demonstrasjonar på Vestbredden, men var no aktiv innan for Waat-Man og Da'am. Både Itamar og Elay som var aktive der, la vekt på at det var meir motiverande å fokusere på å sette folk i arbeid og gi dei rettigheitar knytt til det arbeidet. Fleire aktivstar la vekt på at dei følte at å snakke om ei løysning på konflikten, var så uoppnåelig og at dei kunne ikkje forstå korleis to

²⁷ <http://www.awalls.org/>

statar skulle vere mulig med den politikken som var i Israel i dag og med alle busettingane som var, og blei bygd på Vestbredden.

Sara fortalte at ho ikkje syns ho passa inn i nokon av gruppene. Ho hadde tidligare vore med i ei gruppe av klovnar som av og til var på demonstrasjonar og drog rundt omkring å gjorde narr både av aktivistane og politi og militæret, men ho hadde kome i ein privat konflikt med ein som var medlem der og var derfor ikkje med lenger. Ved hjelp av desse eksempla på korleis aktivistane vel aktivitetar ut i frå kva som passer dei best kan ein sjå korleis aktivist- identien er i endring og ikkje statisk.

Andre måtar å sjå aktivisme på - Eit eksempel frå palestinarane

Dei eksempla her viser at det for dei israelske fredsaktivistane handla det i stor grad om å gjere typiske aktivist- aktivitetar, men dette er ikkje den einaste måten å forstå aktivisme på. I James Scott bok *Weapons of the weak* frå 1985, skriv Scott at definisjonen på at noko er motstand, finn vi i når det er sterkt bevis for at det er ein intensjon bak handlinga. Men, skriv han vidare, viss vi skal insistere på at noko er motstand uti frå at det ser ut som det er det ved første augekast, vil dette skape vanskar for feltarbeidet hans. Scott gjorde feltarbeid blant malaysiske bønder som blant anna yta motstand indirekte, for eksempel i form av tjuveri frå dei rike jordeigerane (Scott 1985).

Mange unge palestinrarar har i stor grad gått vekk i frå politikk og prioriterer heller familie og arbeid. Sjølv om dei er misfornøgde med okkupasjonen og korruption i sitt eige politiske system, overfører dei ikkje det til politisk engasjement. Fins det ungdommar som har deltatt i demonstrasjonar er det stort sett dei yngre, og når ein blir litt eldre har det minska og blir kunn mobilisert når dei blir direkte angripne fysisk. Når palestinrarar kan bevege seg meir fritt og ikkje blir konfrontert med okkupasjonen når dei utførar sine dagligdagse gjeremål, har interessa for tradisjonell aktivisme minska. Andre har vore aktive, men har slutta fordi alle problema det skaffa dei, som arrestasjonar. Rapporten frå FAFO opplyser vidare om at mange trudde og at deira internettaktivitet var overvaka og snakka om spionar både frå palestinsk og israelsk etterretning som skapte ei stemning av å ikkje kunne stole på nokon på demonstrasjonar. Motstand mot okkupasjonen utrykkar seg heller i form av å forsette å bu i landet, å utdanne seg

og å halde ut (sumud). Å leve meiningsfulle liv til tross for okkupasjonen, blir ein form for motstand (Christophersen, Høiglit, Tiltnes 2012).²⁸

Konklusjon

I dette kapittelet har eg vist korleis det å skape seg ein identitet som aktivist er knytt til å lære seg visse måtar å vere på i demonstrasjonar og med Ta’ayush. Å lære desse måtane å vere på, blir til ved kroppsleggjort erfaringar. Vidare argumenterer eg for at desse erfaringane fungerer for dei som overgangs- ritual. Aktivistane skiftar mellom ulike aktivitetar og er ikkje samde om kva for nokon som er best. Dette viser at aktivist-identiteten ikkje er statisk, men i endring og at dei ulike narrativa som aktivistane fortel om seg sjølv varierer. Til slutt visar eg gjennom komparasjon av palestinske aktivistar, korleis det finnast ulike måtar å forstå motstand på.

I neste kapittel vil eg vise korleis identiteten som fredsaktivist kan kome i konflikt med andre i det israelske samfunnet elles og med sin eigen identitet som israelar og jøde.

²⁸ For ein anna måte å sjå på palestinsk motstand i form av noko anna enn tradisjonell aktivisme. Kan ein lese Palestine, Israel, and The Politics of Popular Culture (2005) som blant anna tar for seg teikneseriar og hip hop-musikk som ein måte å gjere motstand mot okkupasjonen på.

Kap 5: Fredsaktivistane sitt møte med det øvrige israelske samfunnet

I det kapitlet her vil eg vise korleis det å vere fredsaktivist kan vere vanskelig i den israelske konteksten. Det å vere israelsk fredsaktivt er ein spesiell kategori i det israelske samfunnet og kan blir møtt av negative sanksjonar av andre israelarar som ikkje delar aktivistane sitt syn. Desse negative tilbakemeldingane skjer fordi aktivistane ikkje passar inn ei dei førestellingane mange har av korleis ein israelarar skal forandre seg til palestinrarar. Å stå på den andre sida på ein slik måte, kan skape vanskar i forhold til arbeid, familie og i møte med politiet. Eg vil vise korleis desse møta med det øvrige samfunnet opplevast og korleis aktivistane si eiga forståing av sin identitet blir påverka, der bandet mellom aktivistane seg i mellom kan bli forsterka grunna dei negative merkelappane som blir sett på dei. Eg visar vidare korleis ein måte å takle desse sanksjonane kan vere humor.

Ein del gongar på demonstrasjonar i Jerusalem opplevde eg at publikum ikkje berre stod å såg på, men kunne og vere veldig sinte og gå til åtak verbalt, og nokon få gongar, og fysisk på demonstrantane. Dette gjaldt spesielt viss demonstrantane var i mindretal. Det var tydelig at det var mange emosjonar som var i omløp for mange, ikkje berre for dei som demonstrerte, men og for forbipasserande.

Eg drar bort til Paris- plassen i eitt-tida. Kvar fredag er det ”Women in black”- demonstrasjonar på den vesle plassen. Det er femti demonstrantar der og nesten alle held svarte skilt med kvit skrift, der det står: ”Stopp okkupasjonen”. Det er flest eldre damer og nokre er kledd i svart. ”Women in black”-demonstrasjonane skal eigentlig vere stille, men nokon av dei yngre aktivistane har med seg trommer og ropar ”Stopp okkupasjonen” (Laila kibbush) i takt med trommene. Eg overhører to forbipasserande unge jenter som ser ut som dei er ortodokse jødar i lange svarte skjørt, sei til kvarandre på engelsk med amerikansk aksent: ” Sjå på dei folka (demonstrantane) Dei har tydeligvis ikkje nok informasjon om konflikten til å vite kva dei snakkar om.”

På andre sidan av gata av demonstrasjonen er det ein mot-demonstrasjon, fem unge gutar og to menn står med israelske flagg som prøvar å starte ein diskusjon med fredaktivstane. Eit par forbi passerande sluttar seg til dei og ropar dokke er landssvikarar, nazistar og dra tilbake til USA. Eg finn Idan og eit par andre eg kjenner frå før. Mens vi står å pratar kjem ein aktivist bort til oss og spør om vi har lyst til å bli med å gå mot Damaskus- porten for å vere med på demonstrasjonen som skal vere der. Vi er kanskje ti femten personar som begynner å gå ned King George-gata mot gamlebyen, mens vi ropar ”Stopp okkupasjonen” og ”Israel er ein fasistisk stat”. Mange inni bilane blir sinte og ropar at vi skal flytte oss og at vi er idiotar. Fleire igjen tek bilde med telefonane sine.

Vi kjem ned til det opne kjøpesenteret Mamilla som ein kan gå igjennom for å kome til gamlebyen. Handlegata er fylt av turistar og israelarar. Det er fredag og er da er spesielt fylt av folk fordi det er mange som har fri før Shabbaten. Vi går inn og forsett å rope ”Stopp okkupasjonen”. Dei fleste av dei forbipasserande stoppar opp og tek bilde, andre klappar med og ler. Nokon blir og med og går eit stykke, mens dei fleste blir sinte og ropar etter oss. Ein eldre mann begynn å skubbe på ein av demonstrantane. Demonstranten held opp hendene og gjer ingenting, men mannen forsett å slå han på magen. Dama som han er saman med kjeftar på oss, samtidig som ho dreg i mannen for å få han til å slutte å slå. Ein del av dei andre demonstrantane kjem i mellom og det blir eit basketak. Ein av dei eldre demonstrantane får til slutt roa ned situasjonen ved å seier at han beklagar så mykje. Det ender med at vi snur og går ikkje inni gamlebyen men rundt i staden for.

Hermann (2009) skriv at den israelske fredsbevegelsen har kome til å bli av mange i det israelske samfunnet til å bli sett på som ”ein fiende av folket.” Dette fordi fredsbevegelsen har blitt ein syndebukk som er med på å forsterke det kollektive samhaldet i Israel. Ho argumenterer for at ein av grunnane til at fredsbevegelsen i Israel ikkje har lykkast med å nå ut til mange delar av det israelske folket er fordi fredsbodskapet er offer for ein ”krigsultur”. Det vil sei ein ”kultur” der folk som lever i ein utstrakt konflikt over tid, og sjølv om dei ikkje nødvendigvis lever i sjølve krigssona, blir påverka av å vere i ein voldelig måte å tenke om verda på. Det betyr ikkje at mange fleire blir nødvendigvis involvert i voldelege handlingar eller at dei godtek slike handlingar frå andre, men at vold og effekten av den, blir ein del av det daglige liv (Darby 2001 i Hermann 2009). På denne måten, held Hermann (2009) fram, stemmer ikkje fredsbevegelsen

emosjonelt og kognitivt med slik ein måte å tenke på, og bevegelsens forståing og empati med ”den andre”, stemmer ikkje overeins med å tenke på ”den andre” som farlig.

Eg vil og sei at mange israelarar når eg var på felt, ytra ikkje berre at ”fredsbevegelsen støtta og sympatiserte med nokon som kunne vere farlige og kanskje hata israelar”, men dei forstod heller ikkje kvifor aktivistane orka å involvere seg i noko som ein var så langt unna å få ei løysning på. Mange israelarar var og skeptiske til at nokon ville ofre så mykje tid og krefter på noko som dei ikkje såg på som hadde direkte med deira liv å gjere. Ein kan sei at dei israelske fredsaktivisten ikkje passa inn i mange israelarar sitt fellesskap syn om nasjonen Israel. Som er slik Anderson (1983) skriv basert på ei oppfatning om eit felles kameratskap og felles slektskap.

Det at det var så mange som reagerte negativt på det å vere med i fredsbevegelsen gjorde at mange aktivistar blei berre meir engasjert. Ved å føle at meiningsane sine blir sett med skepsis på og tidvis stå å fare for å miste jobben og nærmast forfølgt av politiet fører til at fellesskapen innan i bevegelsen stod sterkare.

Identiteten som aktivist i konflikt med arbeid

Mange av informantane mine hadde ofte arbeid der det ikkje var noko problem med kva slags politisk syn dei hadde. Enten fordi dei jobba i restaurant og servicebransjen, som sjølvstendig næringsdrivande, eller for freds- og menneskerettigheits- organisasjonar. Men mange hadde og vanskår i jobbane sine.

Sara arbeidde deltid som lærarassistent på ein ungdomsskule. Mens ho jobba der hadde ho skrive eit innlegg til Haaretz²⁹ i forbindelsen med palestininarar som hadde blitt banka opp på eit kjøpesentret i Jerusalem, der ho var svært kritisk til at ingen hadde grepe inn. Da fikk ho beskjed av rektor på skulen at når ho skreiv sånne ting så måtte ho tenke på ryktet sitt og kva ville no dei andre lærarane og ikkje minst elevane tenke om ho no. ”No ville ho miste all respekt frå elevane dine”, blei ho fortalt.

Som eg og har vore inne på tidligare kan det vere vanskelig å få seg jobb viss ein ikkje har vore i militæret, spesielt viss ein enten har vore i fengsel, eller å få helseteneste jobbar viss har kome

²⁹ Israelsk avis.

seg unna militæret på grunnlag av ikkje godkjent psykisk helse. David som er lege, fortalte meg at han hadde fått mista legelisensen sin fordi ein busettar-organisasjon hadde saksøkt han og han var no på andre året utan jobb.

Det var klart at å bli møtt med slik motgang kunne vere slitsamt, og enkelte aktivistar sa at dei skulle ønske dei hadde arbeid der det ikkje var slik. Dette viser og at å vere aktivist på mange måtar var å vere noko anna enn, noko meir enn å vere israelar, sjølv om det er klart det fins like mange måtar å vere aktivist på som det fins å vere israelar på som det er aktivistar og israelarar.

Forhold til familie

Sara fortalte meg vidare at mange i familien hennar var og skeptisk til hennar aktivisme, sjølv om ho aldri hadde fått inntrykk av at nokon av dei var spesielt politisk engasjert. Ho fortel at en gong på fest kom hennar åtte år gamle niese opp til ho og spurte om det var sant at ho var fredsaktivist (smolanim). ”Ja”, svarte eg da, seier Sara, og eg prøvde å forklare det, men ho sprang berre vekk med eit redselsfullt utrykk i ansiktet”.

Det var ikkje berre Sara som møtte sjokkerte familiemedlemmar, som ikkje godtok at ho var fredsaktivist. Både Dafna og Idan fortalte at familiane deira var skeptiske, mens med Dafna sa at familien hennar var rasistiske og at dei syns ho var gal som var fredsaktivist og venn med palestinurarar.

Det var det annleis i Idan sin familie. Mor hans var skeptisk fordi ho var bekymra for at det skulle skje noko med han, og Idan fortalte at når han blei skada på demonstrasjon fortalte han at det hadde skjedd i Jerusalem, og ikkje at han hadde vore på Vestbredden.

Det virka og som mange familiar likevel kunne kome godt overeins utan at dei nødvendig var ueinig for det. Eg møtte berre ein informant som hadde splitta med familien sin, men det var ikkje fordi han var fredsaktivist, men fordi han hadde brote ut av ein ultra- ortodoks familie.

Møte med politi og militæret

"Politiet, eg hatar dei! Dei får meg til å føle meg så redd heile tida, fordi eg veit ikkje kva dei kan gjere. Dei kan berre stoppe meg, og sei kva som helst, og eg har ikkje noko val."

Dette seier Elay når han og eg sitt i bilen på vei ned til sentrum, då ein politibil køyrer forbi. Eg spør han om han kjenner nokon som jobbar i politiet og han svarer: "Nei berre faren til ein eks-kjærast og han var ein skikkelig idiot".

Som fredsaktivist kunne ein også ende opp med å ha mykje med politiet å gjer, i negativ forstand. Ein ting var at ein kunne risikere å bli arrestert når ein var på Vestbredden og i demonstrasjonar, eller offer for tåregass og vold frå militæret og politiet. Men ein kunne og bli plaga for ingen grunn eller fordi ein hadde kanskje blitt til ein kjenning av politiet ved å ha blitt arrestert på demonstrasjonar tidligare, blitt stoppa på vei til Vestbredden, eller ved at ein var ein hadde vore mykje i media som fredsaktivist, og da hente det at politiet kunne stoppe deg for ingen grunn. Når eg var på feltarbeid var det ein demonstrasjon utan for rådhuset i forbindelse med at ein av dei eldre kjente aktivistane Eli hadde blitt stoppa av politiet og skulda for å ha stole ein støvsugar han bar på. Dei tok han så med på politistasjonen, banka han opp og heldt han over natta.

Eit anna døme på dette var når eg var med Jacob i Rabbis for human rights og Ada i Aust-Jerusalem. Jacob er ein av dei som har vore med lengst i Rabbis. Denne dagen skal Jacob bli med meg og Ada til Arab al Jahalin for å snakke med ein familie der om å arrangere ein sommarleir for barn og vi har fått lov å sitte på med han.

Jacob har stoppa bilen ved sidan av bussplassen og ein grønsaksbutikk nær Damaskus-porten for å sleppe meg og Ada på. Vi står ei lita stund og prøvar å få Barnesete til barnebarnet hans ut av bilen. Når vi begynner å køre er det ein ganske fin, sølvgrå bil som stoppar oss og Jacob rullar ned vindauge. Sjåføren i den sølvgrå bilen er kanskje i førti- åra. "Det der var skikkelig rart, seier Jacob. "Kva"? "Han var frå politiet?" spør Ada. "Ja, han fortalte meg at eg kan ikkje stå i dette området fordi det er ikkje lov", seier Jacob, og held fram, "og sa i tillegg at, viste eg ikkje kor farlig det var her? Men det som er, er at han viste kor vi var på vei. Han sa; eg veit at dokke er på vei til Arab al Jahalin. Det er jo heilt sprøtt! Korleis viste han det?"

Jacob seier at han vil prøve å kjøre ein anna vei for å sjå om bilen fyljer etter oss. Han beklagar å seier at han sikkert verkar paranoid, men at han berre har lyst å sjekke likevel. Eg og Ada prøver å følgje med å sjå om bilen kjem etter oss. Slik det ser ut fyljer han etter oss ei lita stund, men når vi kører i motsett retning verkar ikkje som han følgjer etter oss lenger.

Slike hendingar skjedde ikkje ofte, men det var nok til at det vart snakka om. Samtidig var det som om alle hadde ulike roller dei måtte spele, og av og til datt ein ut av desse rollene. Nokon gongar var politimennaøysete og kommenterte namn og ting eller glømte seg og var nysgjerrige. Mange av fredsaktivistane kunne og namna på politi ”og viste at han var grei, mens han var kjip”.

Fredsaktivistane og sosialrettferdigheits- demonstrasjonane

I mai 2012 starta J14- demonstrasjonane opp igjen for fullt. våren og sommaren 2012 kom det til å bli mykje meir fraksjonar innan protestbevegelsen. Desse fraksjonane skulle til slutt ende med å dele seg i to. Fleire fredsaktivistar fortalte at dei hadde vore håpefulle sommaren 2011, då dei store demonstrasjonane mot regjeringa sin neo- liberalistiske politikk starta, men dei innså etterkvart at det var ikkje nokon av dei andre demonstrantane, som ikkje hørde til fredsbevegelsen, som var villig til å snakke om okkupasjonen i denne samanhengen.

Det er 12. mai og er ein av dei første demonstrasjonane for sosial rettferdigheit denne våren. Det er ca. to hundre menneska som står på den vesle plassen tett i tett på toppen av Ben Yehuda-gata. Dei fleste som har møtt opp ser ut til å vere i tjue- tretti åra og israelske jødar. Mesteparten har på seg vanlige kler, men det er eit par grupperingar som skil seg ut i enten blå, rauda eller kvite t-skjorter. Dette er folk som tilhøyrar ulike fagforeiningar. Blått for Histadrut, kvit for Koach La Ovdim (demokratisk arbeidars organisasjon) og raudt for Da'am og Waat³⁰. Dei har alle med seg ulike faner tilknytt sin organisasjon og nokre frå Histadrut har og med seg store israelske flagg. Andre igjen, både av dei med og utan tydelege tilknytingar til fagforeiningane, har plakatar av farga plastikk eller papp. På plakatane står det slagord på hebraisk og engelsk av typen som

³⁰ Histadrut er den eldste av fagforeiningane i Israel og den med mest tilknyting til høgresida, mens Koach La Ovdim, Da'am og Waat jobbar for eit samarbeid mellom jødiske og arabiske arbeidarar, med Da'am og Waat lengst på venstresida og dei einaste som tek direkte motstand mot okkupasjonen. Da'am og Waat er og mykje mindre enn dei to første.

”Sosial rettferd”, ”Nei til privatisering”, ”Bibi må gå av”, men og ”stopp okkupasjonen”³¹ og ”Israel er ein fascistisk stat”. Ca. en time etter at demonstrasjonen skulle ha starta røysar ein av arrangørane seg opp på ei blomsterkasse og begynner å synge på hebraisk songen ”Min hatt den har tre kantar”, men med teksta ” Bibi har tre leilegheiter, og viss han ikkje hadde hatt tre leilegheiter så kunne eg hatt ei sjølv”. Nesten alle stemmer i av full hals, unntaket er eit par av mine informantar som seier at ”dei nektar å synge med på den teite songen”, mens andre igjen av dei stemmer med, men med meir ein ironisk tone.

Vi begynner å gå nedover Ben Yehuda. Det er ganske bratt og det er lett å skli på den beige brusteinen. Det blir etterkvart umulig å gå under den fana eller saman med dei man ønskjer, grunna trengsel og at mange prøvar å skubbe seg forbi for å ta igjen vennane sine. Andre prøvar å få med tilfeldige forbi passerande, men ein blir for det meste opptatt av å ikkje snuble. Det er fløyting, tromming, roping og syning både på hebraisk og engelsk. Det er ikkje eit klart slagord som kjem fram, men mange forskjellige, og det blir etterkvart ein slags konkurranse i å overdøyve kvarandre. Elay havnar i ein krangl med nokre jenter som ser ut som dei er i 18 årsalderen. Dei ropar til han og seier at ”han ikkje får lov til å rope inn i megafonen at han er i mot okkupasjonen fordi denne demonen skal handle om sosial rettferdigheit, ikkje om det”.

Når vi kjem ned til Zion-plassen i enden av Ben Yehuda begynnar han som tidligare stemnte opp til song å gjere det igjen med ” Bibi har tre leilegheiter”. Denne gongen får han alle til å sette seg ned for å så hoppe opp mens dei syng, men Sara som eg bur med og eit par andre blir fredsaktivistar blir ikkje med. ”Eg nektar å sette meg ned berre fordi han fyren der seier eg skal gjere det.” seier ho.

Som vanlig er det politi som følgje av demonstrasjonen, men dei gjer ikkje så mykje utav seg. Dei står mest å ser på. Nokon ropar til politiet at det er deira sin demonstrasjon og at dei må bli med.

I denne demonstrasjonen, kom det ganske fort fram at det var mange ulike grupper som alle la det dei ville inn i slagordet ”Sosial rettferdigheit”. Arrangørane hadde bevist valt ei slagord som skulle gi mest mulig oppslutning, men det førte berre til at dei ulike gruppene begynte å krangle

³¹ Layla Kibbush.

seg imellom. Dei som var med i fredsbevegelsen fikk negativ tilbakemelding, fordi dei nemnte okkupasjonen i samanheng med sosial rettferdigheit. For mine informantar var det naturlig, men for andre i denne demonstrasjonen var det ikkje det, der dei kanskje meinte at her var det snakk om sosial rettferdigheit berre for jødiske israelarar. Det kan og virke som om enkelte av fredsaktivistane allereie frå byrjinga er skeptiske til demonstrasjonen og derfor ikkje vil synge med på songar. Det at dei ikkje vil synge med, og at Sara ikkje vil det, kan og vere fordi mange ikkje var så glad i å følgje ein ledar, men ville gjere som dei sjølv ville. Etter kvart enda det opp med at fredsbevegelsen starta sine eigne sosial rettferdigheits- demonstrasjonar.

Eit par dagar seinare kjem Itamar heim frå enda ein sosial rettferdigheits demonstrasjon og havnar i noko som høyres ut som ein stor krangel med Gil som vi bur saman med. Høglydde diskusjonar er ein del av kvardagen i leilegheita, men det er tydelig at denne gangen er Itamar veldig opprørt og ordet “neonazi”, blir nemnt fleire gongar. Eg går ut på stua i det Itamar ropar at ”No er det nok, han orkar ikkje vere med på fleire demonstrasjonar”. Gil er ueinig og seier at det hjelper ikkje å melde seg ut, ein må derimot gå på dei for å vise at det fins og folk som vil ser sosial rettferdigheit i samanheng med okkupasjonen, men Itamar seier han heller vil at vi skal starte våre egne demonstrasjonar. ”Etter i kveld ser eg ikkje noko anna muligkeit.”

Han roar seg ned og fortel kva som har skjedd. Denne gongen under talene har dei tatt opp ei dame opp på scena som var knytt til ein fagorganisasjon, men som og bur i ei busetting. Ho begynte å snakke om korleis deira busetting historisk hadde vore knytt til ein fagforenings-tanke og sosialisme. Itamar hadde til slutt da blitt så sint at han hadde sprunge opp på scena og krangla i mot og kaldt henne ein nazist før han til slutt blei kasta av scena. ”Det dei held på med det er ikkje sosialisme, det er nasjonalsosialisme” seier han. Vidare fortel han at dei avslutta med å synge nasjonalsongen der andre igjen med han i spissen begynte å synge internasjonalen. Samtidig som dette skjedde fortel han har talaren for Da’am, ein av dei få israelske-palestininarane som er med på J14-demonstrasjonane, har blitt nekta scenetid i Tel Aviv av ein av arrangørane og tok derfor til slutt ein megafon og heldt sin eigen tale over dei andre sine.

Her ser vi vidare korleis mange av dei slutningane som fredsaktivistane gjer, der dei ser sosial rettferdigheit i samanheng med at ein må og ha sosial rettferdigheit for palestininarar og ein ende på okkupasjonen, er ikkje noko som nødvendigvis dei andre demonstrantane deler. Slik er det å

vere israelsk fredsaktivist noko som står utafor mykje av det israelske politiske fellesskapet dei andre demonstrantane delte.

Å vere på den andre sida

Korleis opplevast det så å byte side? Ein av dei eldre beskrev korleis det å vere på motsett side av Israel som veldig rart. ”Det er som når eg blir arrestert og eg tenker; ”At det kunne ha vore mitt barnebarn som arresterer meg”. Ein som ender opp med å bytte side på denne måten er Ethan og eg vil igjen hente empiri frå han for å illustrere korleis dette kan kome til utrykk ved den same første dagen før Ethan med Ta’ayush.

Dei neste dagane masar Sara på Ethan om at han må bli med ein dag med Ta’ayush. Ethan er veldig i tvil om han har lyst til å bli med, men Sara seier fleire gangar at det her er ei glimrande muligkeit til å verkeleg få sjå områda sør for Hebron frå ei anna side enn det han fikk når han var i militæret. Eg fortel han om alle dei teite soldatane som alltid prøver å flørte med meg når eg er der og korleis eg ein gang sa eg budde i Jerusalem til ein av dei, kor han da svarte med å sei at han budde sjølv i Jerusalem og hadde aldri sett slike folk som oss før. Ethan ler når eg fortel dette og seier at slikt brukte han med å gjer, flørte med dei utanlandske jentene som kom og sei masse tull. Sara ler og seier “ Å ja vel, ja, rart at eg ikkje har støtt på deg nokon gong i mine dagar som aktivist med Ta’ayush.

Dagen har komen og når vi er i bussen på vei sørover ser Ethan ut av vindaugelet når vi begynner å nærme oss og fortell at her har han ikkje vore på seks år. Vi kjører gjennom Yatta og eg spør om han har vore her før. Ja seier han, mange gangar. ”Det var høgdepunktet. Når vi først begynte på militärtenestene blei vi heile tida fortalt kor farlig det var her, men vi fant fort ut at det var det jo ikkje.”.

Seinare på dagen er vi ut å fyljer nokon palestinske gjeterar og som vanleg kjem det etterkvart israelsk militær til. Ethan prøvar å snakke med ein soldat med solbriller og fortell at han sjølv har vore i militæret her i nærleiken. Soldatane berre ristar på hovudet og seier at det er det dummaste han har høyrte. Ethan har da vel aldri vore i militæret.

Her kan ein sjå korleis Ethan ikkje kan vere venn og samtalepartnar med soldatane, ein tidligare soldat og samtidig vere fredsaktivist, for soldaten som han prøvde å snakke med var det ikkje mulig. Slike hendingar skjedde det fleire av. Ethan kom så i ein rollekonflikt (Goffman 1990) der han ikkje kunne både vere tidligare soldat og fredsaktivist, sjølv om mange fredsaktivistar er tidligare soldatar.

Humor som svar på kritikken og som samlande for aktivistane

Måten fredsaktivistane såg ut til å takle ikkje berre kritikken, men mykje av situasjonane som kunne vere frustrerande, var ved hjelp av parodiar av ”dei andre”, her er da israelar på høgresida. På inngangsdøra heime i kollektivet var det bilde av Yair Lapid³² som ung, der han hadde spelt i ein film. Det var kollasjar og ulike biletet hengt opp som, symboliserte ulike historier knytt til den politiske konteksten og historier der frå. Eit døme på korleis denne humoren kom til utspelet var ved Itamar sitt alterego, som bestod av ein jødisk busettar- poet på internett. Itamar la ut erotiske dikt til landet Israel på ei høgrevridd dikt- side, der han samanlikna Israel med ei kvinne.

Konklusjon

I dette kapittelet har eg forsøkt å vise korleis aktivist-identiteten ofte kjem i konflikt med det israelske samfunnet elles, som kan møte ein med svært negative sanksjonar både av framande, på arbeid og med familien. Dei ein kanskje trur har like førestellingar med seg sjølv, kanskje ikkje har det likevel. Dette kan føre til at mange israelske fredsaktivistar held seg for seg sjølv og føre til fellesskap internt i gruppa. Eg viser vidare korleis det kan opplevast nærmast som ein ikkje blir trudd å vere på den andre sida, og at det er to ulike perspektiv å sjå samfunnet på. Ein kan ikkje vere israelsk fredsaktivist og samtiig ein ekte israelar. Vidare viser eg korleis det å bli stadig vakk møtt med negative sanksjonar førar til at ein finn måtar å takle det på, og da er humor ein hovudgrunn her.

I neste kapittel vil eg ta for meg korleis den israelske og jødiske identiteten blir forhandla og blir møtt i møte med palestinrarar. Sjølv om ein i det israelske samfunnet elles blir sett på som ”ikkje ein skikkelig israelar, og ein landssvikar”, kan ein ved møte med palestinrarar bli sett på som ein som representerer Israel, utan at ein vil bli satt ein slik merkelapp på. Eg vil vidare vise korleis ein for å vere ein del av den israelske fredsbevegelsen må tilpasse sine meiningar, og sin måte å

³² israelsk politikar, grunnleggar og leiar av partiet Yesh Atid, som vart det nest største i valget i Israel 2013. Finansminister frå 13. mars 2013. Han har tidelegere arbeidt også som journalist og programleiar

snakke om palestinrarar på, og korleis vennskap med palestinrarar kan vere endringsskapande for identiteten som israelar. Ved at ein ikkje passar inn i nokon av desse klare kategoriane kan det føre til at ein trer inn i ein ny kategori som fredsaktivist, men denne identiteten blir og som vi har sett, stadig reforhandla.

Kapittel 6: Forhandling av identitet i møte med palestinrarar

I dette kapittelet set eg sokelys på korleis dei israelske aktivistane i møte med palestinrarar er med på å forandre deira syn på seg sjølv og det israelske dominante narrativet. Desse møta kan for mange opplevast å stå i konflikt til sin eigen identitet som jøde og israelarar. Med dette meiner eg ikkje å sei at det å vere jødisk eller israelsk er noko statisk som er likt for alle, men at det israelske narrativet kan vere så forskjellig frå det palestinske at dei kjem i konflikt. Ein årsak er og at enkelte palestinrarar ein møter er skeptiske til israelarar generelt eller til enkelte ting med den israelske identiteten. Dette kan skje sjølv om den som er israelsk ikkje identifisera seg med dei tinga. Palestinrar så vel som israelarar kan og ha førestellingar frå før om den andre som er med på å gjere desse møta vanskelige. Desse negative førestellingane kjem fram i andre negative situasjonar. Vidare vil eg vise korleis aktivistar og blir møtt med negative sanksjonar frå andre israelske aktivistar viss dei har sagt noko negativt om palestinrarar og der ein må ta omsyn til kva ein skal sei om palestinrarar for å vere fredsaktivist. Dette kan vere ein måte å distansere seg frå det israelske samfunnet elles.

Eg vil og vise at det er ikkje uproblematisk for aktivistane å reforhandle identiteten sin slik og at det er forskjellig kor utfordrande det kan vere å legge vekk sin jødiske og israelske identitet, viss det er nødvendig. Vidare vil eg argumentere for at ved å verken vere israelar eller palestinar blir ein på ein måte midt i og mange aktivistar identifiserer seg ikkje bere som fredsaktivistar, men med ein heller europeisk identitet.

I ein plass der dei ulike konstruksjonane av nasjonal identitet og religiøs identitet er så forskjellige, kan desse møta by på utfordringar. Som nemnt i introduksjonen er palestinske narrativ og israelske narrativ fokusert på halde oppe ulikskapar. Å kategorisere nokon som ein medlem av ei anna etnisk gruppe, impliserer ei erkjenning av at det finns avgrensingar i kor mykje den framande kan dele dine forståingar. Dette gjeld også ulike kriterier for verdiar og utøving av dei, samt ei avgrensing av gitte føresetnader og felles interesser. I situasjonar av sosial kontakt mellom personar av ulike etniske grupper, finns desse grensene berre som viktige kategoriar viss dei markerar forskjellar i måtar å vere på (Barth 1996).

Det er heller ikkje slik at forskjellane mellom ein israelsk fredsaktivist og ein palestinar treng å ligge i den nasjonale eller religiøse identiteten, men kan ligge i at ein lev forskjellige liv frå kvarandre. Den eine tildøme bur i ein stor by, kjem frå ein middelklasseheim, går på universitetet og er sekulær anarkist, mens den andre er gjetar i eit ruralt samfunn, bur i telt og er religiøs muslim. Sjølvsagt kan nokon som er forskjellig vere vennar, og desse vennskapa blir og til som eg vil vise, men dei kan by på meir utfordringar enn vennskap mellom ein israelsk jødisk student og ein middelklasse israelsk- palestinsk student.

Eg vil argumentere for at i desse møta kan føre til at ein som israelsk aktivist stiller spørsmål om kven ein er. For viss ein ikkje er palestinar, ikkje er heilt israelar heller lenger, er ein då berre fredsaktivist, men ein er ikkje heilt einig med alle sine felles fredsaktivistar (som vi såg i kap. 5) heller, så kvar høyrer ein til då?

Ein anna narrativ

For nokon av dei nye aktivistane kunne det å vere involvert i fredsbevegelsen opplevast som om dei svikta sin nasjonale og jødiske identitet. Det at andre i samfunnet som var i mot fredsbevegelsen meinte at det var nettopp det dei gjorde, hjelpte nok heller ikkje. Dette kom sjølv sagt ann på kor sterk denne identiteten var i utgangspunktet og det varierte veldig frå person til person sin bakgrunn og måte å vere på. Kimmerling (2001) skriv at den israelske identiteten er delt opp i mange ulike delar, og at det er ikkje slik at det fins ein spesiell måte å vere israelar på, der nasjonalismen og det kollektive minne er berre eit svakt felles haldepunkt. Samstundes er det to narrativ som står sterkt i befolkninga, det sikkerheits- orienterte fokuset på å beskytte seg frå trugslar frå utsida (palestinrarar og arabiske statar) og den israelske versjon av kva det vil sei å vere jøde, basert på etnisitet. Som blir problematisk for mange av mine informantar, der mange ikkje støttar ein jødisk stat, eller ikkje nokon israelsk stat i det heile.

Etter å ha kome tilbake frå ei omvising i Al Arakib³³, ein tidligare beduinlandsby sør i Israel går eg saman med Tal på vei heim frå busshaldeplassen. Tal er ny for fredsbevegelsen og har blitt med Lea, ein venn av ho som har vore aktiv aktivist ei stund. Lea er i midten av trettiåra,

³³ Landsbyen blei først jamna med jorda i 2010 av den israelske staten. Det er usemje mellom palestinrarane som bur i området og den israelske land- administrasjonen om kven som eig landet.
http://www.dukium.org/eng/?page_id=882

arbeider som lærar, er askenasi og bur saman med mor si i ei større busetjing utanfor Jerusalem. Vi har saman med fleire andre israelske aktivistar fått omvising av nokon av dei palestinarane som tidligare levde i Al Arakib. Tal fortel at det er rart å begynne å sjå og oppleve ting om Israel ho ikkje visste frå før. ”Det får meg til å føle som eg verkeleg hatar landet mitt og eg føler meg sjuk og skyldig. Eg har begynt å tenke at heile den sionistiske ideen er så feil og at den ikkje kan eksistere meir, men kva gjer det meg til? Korleis skal eg føle om alt det her eg har blitt fortalt? Eg er jo glad i folket mitt og. Skal eg hate å vere jøde no, hate jødar? Eg veit ikkje”, seier ho.

Skuldfølelsen ein som fredsaktivist kan få av å vere israelar, kan føre til at ein føler seg ansvarlig for det som skjer mot palestinarane. Det kan anten vere at ein føler seg skyldig fordi ein ikkje har vore klar over det, eller fordi ein ikkje brydd seg tidligare. Dette var det fleire informantar som snakka om. Mange av mine informantar hadde problem i byrjinga, med å finne sin jødiske identitet i samsvar med fredsaktivismen. Etterkvart var det fleire som fann ut at det var sionismen som var problemet og ikkje det å vere jødisk i seg sjølv. Nokre held fram med å vere sionistar, men med vekt på at palestinarane skulle få ha sin eigen stat, men for mange var det ikkje slik.

Jødisk og israelsk identitet i møte med palestinarar

Når Ada og meg var frivillige i Arab al Jahalin var det stadig vekk born som ikkje trudde på at Ada var israelar. Sjølv om Rabbis for human rights-medlemmar var ofte på besøk hadde det tidligare ikkje vore israelske frivillige der. Ada var godt likt av fleire, og ho og Amira blei gode venner. Amira er ei 27 år gammal palestinsk dame som bur saman med familien sin i Arab al Jahalin. Ho har studert på språk på universitetet, er ugift og har starta opp ein engelskskule for nokon av borna i landsbyen (Ada, Philip og eg arbeidde frivillig der). Amira prøvar stadig å søke arbeid, men arbeidsløysa i Palestina er stor. Ada og Amira prøvar å finne ting som dei har til felles når dei snakkar saman. Amira er religiøs muslim og ho og Ada snakkar ofte om korleis jødedommen og islam har likskapsdrag. Når det er sagt ønska eg å vise med to ulike hendingar i empirien korleis det å vere israelar og det å vere jøde kan vere vanskelig i møte med å dra til Al Jahalin, og korleis ein forhandlar med desse identitetane.

Ada, Jacob og eg er i bilen til Jacob på vei for å besøke Amira og familien. Vi plukkar opp Jacobs assistent Yonathan på vegen. Yonathan er i midten av tjueåra og kjem frå Canada, men

har budd dei siste åra i Israel. Yonathan har på seg ei t-skjorte, tennissko og dongeribukse. På hovudet har han ein kippa³⁴ og frå under t-skjorta stikk det fram trådar frå eit tallit-sjal³⁵. Når vi er på vei inn til Arab al Jahalin, begynner Yonathan å spørje Jacob om korleis han gjer det når han er der, om han har på seg kippaen eller kva? Jacob seier: ”Sjå her det er ikkje noko stress. Eg berre tar på meg denne over”, og visar til ein beige solhatt som han tar på seg. Yonathan verkar stressa og seier: ”Ok, ja”, mens han begynner å stappa trådane til talliten ned i buksa. Han finn fram ein caps som Jacob har liggande i bilen og tar på seg den.

Det går eit par veker og sommarleiren er i full gang. Det er på slutten av dagen og borna har gått heim. Ada og ei palestinsk dame eg ikkje kjenner sitt å pratar. Jacob har akkurat kome og står no å snakkar med Amira og søstera hennar Intisar. Eg overhøyre at ho som snakkar til Ada, sei: ”Er du israelar?” og reiser seg opp og går. Ada kjem bort til meg, mens ho seier ”Først så trudde ho som vanlig ikkje på meg at eg var israelar, men når ho forstod at det var sant, berre gikk ho.” Ada prøvar å fortelle det til Intisar, men ho er opptatt med å roe ned Amira som tydelig er opprørt over at ein organisasjon under FN, UNRWA³⁶, aldri kom for å gi underholdning til borna som dei lova. Det ho meinat at det er Jacob sin feil sidan han tok kontakt til med dei. Jacob har ikkje på den beige hatten som førre gong og kippaen hans er godt synlig. Amira ropar til han; ”Kvífor kom ikkje UNRWA og kvífor har du på deg den hatten forresten? Er det ikkje berre jødar som bur i busetjingar og dreper palestinrarar som har sånn hatt?”

Her ser vi at Jacob og Yonathan som skjuler kippane sine og talliten gjorde det kanskje fordi Jacob var klar over at kippaen kunne vekke slike reaksjonar. Det er ikkje vanlig at fredsaktivistar i Israel går verken med kippa eller tallit. Men ved å skjule kippaen på denne måten kan ein og argumentere for at dei bidrar til å gjere den til noko uvanlig i forbindelse med fredsaktivistar og at palestinrarar slik som Amira her forbinde den med busetterar og jødar som drep palestinrarar som ho sa.

Det at det er vanskelig å forstå at nokon som er israelrar vil vere frivillig i landsbyen har å gjere med dei palestinrarane det er snakk om her si tidligare erfaring med israelrarar og europerar, det blei tatt for gitt at eg støtta palestinrarar i kraft av at eg var europear. Goffman (1990) skriv at når

³⁴ Jødisk religiøst hovudplagg for menn, også kalla Yarmulke. Blitt meir vanlig å gå med dei siste åra i Israel.

³⁵ Jødisk religiøst sjal, og berre brukt av menn.

³⁶ ”The United Nations Relief and Work agency for palestine refugees in the near east (<http://www.Unwra.org>).

ein person møter andre menneske vil dei prøve å skaffe så mykje som mulig informasjon av han som mulig. Viss ein ikkje kjenner personen vil dei gjere ut i frå tidligare erfaringar med liknande personar og ein kan bli dømt uti frå det. Slik som Ada til dømes blei fordi ho var israelar.

Det eg syns er spesielt interessant med denne historia her er korleis den israelske og jødiske identiteten til Ada og Jacob blir problematisk for Amira når ho allereie er skuffa over at UNRWA som Jacob hadde ansvar for å skaffe, aldri kom.

Sanksjonar om kva ein sei og ikkje om palestinarar

Ein av hovudmåtane å lære seg å bli til aktivist på å slutte å ha fordommar mot palestinarar. Eg har i kapittel 4 skrive korleis ein lærer seg å bli aktivist og korleis ein skulle oppføre seg rundt palestinarar var ein del av denne prosessen. Det å bli til aktivist innebar ein tanke om å heile tida forbetre seg sjølv og dei rundt ein. Ikkje berre blei det sett restriksjonar av andre kva ein kunne sei og ikkje, men det var også viktig for dei israelske aktivistane å la palestinske aktivistar ta å la dei ta avgjersla når dei var til stadens på felles aktivitetar. Slik måtte ynska og dei sterke emosjonane til dei israelske aktivistane vike for kva palestinarane som var med hadde lyst til å gjere.

Det å dra til Vestbredden var det fleire som var redd for innan for fredsbevegelsen. Mange hadde lært at det var naturlig å vere redd og hadde intifadaen friskt i minnet. Men det å vere redd blei ikkje akseptert av andre fredsaktivistar og viss ein utrykte uro, så vart ein ofte irttesett av meir erfarte aktivistar.

Vi er ein vennegjeng som sitt utan for Mollys, ein irsk bar, seint ein kveld i sentrum av Vest-Jerusalem. Det er Itamar, Sara, Elay, Noor, og meg. Noor er israelsk-palestinar og er 23 år. Ho studerer på Universitetet i Jerusalem der ho bur på ein studenthybel, men drar heim kvar helg for å besøke foreldra sine i Nazareth. Noor er med i Da'am-fagforeininga saman med Itamar og Elay. I tillegg er Elay seminarleiaren hennar i pedagogikk på universitetet. Noor har fått skyss med Elay ned til sentrum og dei held no fram med ein samtale om at Elay har lyst til å dra til Ramallah. Elay seier han har lyst dit fordi der har han aldri vore og han har lyst til å sjå korleis det ser ut.

Noor seier: Ja vi kan dra med ein gong i morgen, men Elay vegrar seg. ”Aksenten min er ikkje klar enda”, seier han. Eg spør han kva han meiner. Han seier at han får seg ikkje til å høyres ut som han kjem frå England. Eg tek utgangspunkt i at han seier dette fordi han meiner at han ikkje vil at dei israelske soldatane skal oppdage at han er frå Israel sidan det er ulovlig for israelske statsborgar å opphalde seg i ”Area A”. Så eg seier ”Ok, Så berre sei du er i frå Sør-Amerika. Dei i militærer høyrer sikkert ikkje forskjellen”. Men Elay svarar at det er ikkje det israelske militærer han er redd for: ”Det er arabarane. Ville ikkje du vore sint viss nokon frå Israel hadde drepe bror din og så kjem det ein israelar? Kanskje du hadde lyst til å ta hemn. Det er forståelig viss dei ser meg som ein fiende”. Sara ser sint på han og seier ”Jøss Elay”, mens ho ristar på hovudet: ”Det er ikkje forståelig i det heile tatt”. Alle andre enn meg og Noor begynner å snakke i munnen på kvarandre og å kjefte på Elay. Fleire seier at slikt går det ikkje annå sei og at no får han ta seg saman. Itamar lurer på kvifor han føler at han må lyge. ”Mange israelarar drar dit. Sjå på Haggai” (ein anna venn av dei alle, som kanskje blir sett på som litt radikal), seier han, ”han drar dit heile tida. Eg har vore der, Sara også.” Ja, men det er Haggai.” svarar Elay: ”Eg veit det ikkje er rasjonelt, men eg er redd. Alt dei lærar deg på skulen. Det er laga for at du skal føle deg redd”.

Det at Elay seier arabarar i staden for palestinrarar, er noko som generelt blir sett på som negativt i fredsaktivistmiljøet. Ein sei heller palestinrarar, fordi det å sei arabarar kan implisere å sei at palestinarane har ikkje sin eigen kultur og identitet. ”Og kan da like godt bo i Saudi-Arabia” som enkelte busetterar kan finne på å sei. Mitt inntrykk var ikkje at dei som reagerer så sterkt når han sa dette, var fordi dei trudde at Elay nødvendigvis meiner dette, men dei andre syntes at han hang igjen i sine meiningar. Den som tar det minst alvorlig er Noor, sjølv om ein skulle kanskje tru at ho skulle ta det meir alvorlig fordi ho er palestinar. Kanskje fordi ho er vant til å bli møtt med slike haldningar, og det kan og vere at ho kanskje syns at han har eit poeng. Det har å gjere med Noors måte å vere på. Mitt inntrykk er at dei som reagerer er meir opptatt av å vise at dei ikkje er sånn og å skilje seg klart ut frå ein slik tankegang. Å ikkje vere slik som mange andre israelarar, blir viktig for dei. Kvifor ser ikkje Elay ut til å tenke at Noor vil ta hevn på han til dømes. Dette trur eg er fordi Elay kjenner Noor, og gjer eit unntak for ho, kanskje og har det samanheng med at ho er kvinne. Rabinowitz (1997) skriv i si bok om forholdet mellom palestinrarar og israelar nord i Israel at personlige relasjoner ser ut til å minske politiske spørsmål av denne måten, og ein gjer unntak for dei ein kjenner, at det er alle andre enn dei som fell inni slike negative kategoriar.

Elay seier at han kan ikkje noko for det han seier og føler, at det heng igjen. "Det er det eg har blitt lært". Barth (1969) skriv at etnisk identiteten blir oppretthaldt ved at ein manipulerar fellestrekka i ei gruppe for å støtte dens interessene. Dette blir så brukt til å legitimere grenser mellom si eiga gruppe og andre. Dette syns eg passar til mykje av det mine informantar fortalte meg om korleis dei til dømes opplevde det israelske skulesystemet. Ein lærer nesten ingenting om palestinsk kultur og historie anna enn om den terroren som palestininarane har utført mot israelarane, såleis er mykje av det israelske pensum på skulen med på å lære israelar korleis ein skal sjå på seg sjølv som forskjellig frå palestininarar (Peled- Elhanan 2012), og kanskje er det det Elay meiner når han seier at det er det eg har lært.

Antropologen Lynn Stephen (2005), som skriv om kvinner i grasrotbevegelsar, argumenterer for at organisering av ein bevegelse krev ei framstilling av gruppa som homogen for utanforståande. Eg vil argumentere for at det var ikkje nødvendigvis for å markere at fredsbevegelsen som grupper er homogen at ein har slike sanksjonar, så mykje som at det var viktig å markere for palestininarar og for andre internt i gruppa, korleis det fantes aksepterte måtar å snakke om palestininarar på og ikkje. Eg syns det var påfallande kor lite negativt omtalt palestinske politikar, og generelt palestininarar, var mellom dei israelske fredsaktivistane. Dette trur eg ikkje var fordi ein ikkje hadde nok informasjon om palestinsk politikk. Det var såleis tydelig at aktivistane var opptatt av å markere eit skilje mellom seg sjølv og det israelske samfunnet elles si ofte negative framstilling av palestininarar. Samtidig trur eg at dei som blei sinte på Elay verkeleg ønska at Elay skulle få det betre. Mitt inntrykk var at det og handla om å forsvare Noor og andre palestininarar ein kjenner og at ein blir sint på deira sine vegner når Elay generaliserer slik, og dei andre slik føler eit behov for å sei i frå.

Vennskap

Det var ikkje så mange av mine israelske informantar som hadde palestinske vennar. Dei fleste palestininarar dei kjente var vennar dei møtte i forbindelse med demonstrasjonar eller med Ta aysh. Forholda var såleis knytt til eit felles mål og ulike aktivitetar ein skulle gjennomføre.

Dafna fortalte at ofte så syns ho at når ho snakka med palestininarar, så var det på ein bestemt måte, der det ofte blei enda ei historie om okkupasjonen. Ei kjent historie som du blir fortalt om

og om igjen i ulike versjonar. At det handlar om at dei som palestinrar er eit offer. Ho fortel at for ho, sjølv om ho snakkar nesten flytande arabisk, tok det lang tid før ho følte at ho blei venn med palestinrarar, som kvinne til kvinne, og at ho syns mange er veldig annleis, at det er kan virke som det er tabu å snakke om sine egne førelsar og ikkje minst psykologiske problem. Tholstrup (2003) skriv at dei israelske palestinske studentane frå hennar feltarbeid på eit universitet i Israel, sa at det var ein skilnad i intimitet og samtalar ein unngikk i vennskap mellom israelrar og israelske-palestinrarar. Ein informant la vekt på at ein følte ein kunne fortelje kvarandre alt, fordi begge var palestinrarar.

Eg syns derimot at dei få vennskap eg såg mellom israelske aktivstane og israelske- palestinrarar, som eg var mykje saman med, var veldig nære. Noor som eg var inne på, hadde eit svært nært vennskap med Daniela, Itamars kjæraste. Daniela var doktorgradsstipendiat i litteratur på universitetet, var argentinsk jøde, var i 30-åra, aktiv innanfor for Da'am og hadde to små barn frå før. Noor og ho var veldig mykje saman. Det blir kanskje annleis med dei aktivist- vennskaps som er knytt enn student- vennskap, fordi aktivistane har meir tilnærma like politiske narrativ som mange palestinrarar. Samtidig kan det vere tilfeldig at Noor kom så godt overeins med Daniela. Noor var jo venn med mange israelrarar, blant anna og med Elay. Dette til tross for at på enkelte måtar kan Noor seiast å vere forskjellig frå dei israelsk jødiske vennane sine. Samtiig var Noor sine verdiar annleis enn mange av sine israelske vennar. Ho var opptatt av at ho skulle vere jomfru til ho gifta seg, drakk ikkje alkohol og gikk med hijab, mens mange av dei israelske aktivistane er svært så frilynte. Ho fikk og mykje negativ tilbakemelding frå palestinrarar som ikkje forstod kvifor ho var venn med israelrarar. Sara hadde og ei venninne Samirah, som etterkvart reiste for å studere i Canada. Deira vennskap såg ut til å vere på same måten, men Samirah var meir liberal enn Noor. Nå skal det seiast at begge desse kom frå ein middelklasseheim, og at det er forskjellar innan i det palestinske samfunnet på kor viktig tradisjonelle verdiar og nasjonale verdiar er, ofte uti frå kor mange økonomiske mogligheter ein har (Dahan-Kalev, Le Febvre 2012). Det var og nokon israelske aktivistjenter som kjente nokon palestinske menn, som vennar, men eg såg aldri at palestinske menn og israelske menn var vennar. Alle desse vennskapa hadde og blitt til i møte med aktivismen.

Når det gjaldt kjærleik, gikk det rykte om at Maya i kollektivitet vårt hadde hatt eit forhold til ein israelsk-palestinar. Dei hadde forsøkt å halde forholdet hemmelig. Andre påstod at det som var

det mest sjokkerande var ikkje at ho var israelar og han palestinar, men at ho var ganske liberal fredsaktivist, mens han var kommunist. Det fantes israelske aktivistar og palestinske par, blant anna eit mannlig homofilt par til og med. Men desse para var oftast kjente nettopp for dette, og det var svært uvanlig så vidt eg kunne sjå. Når ein var på Vestbredden kunne det ofte bli missforståingar mellom palestinarar og israelarar i forhold til kjønn. Dei israelske aktivistane som hadde eit ”vestlig” kjærleiksliv, og ofte fleire seksualpartnar før dei gifta seg, nokon var opent homofil og dei budde i kollektiv og hadde mange vennskap på tvers av kjønna. Var det derimot ofte segregering av kjønna melom palestinarane ein møtte på, med ulike sfærar for menn og kvinner. Dette kunne føre til misforståingar og skapte og handlingsrom for unge palestinske jenter der det elles ikkje var mulig.

Bli til ein palestinar, kven er eg? Ikkje israelar lenger

Itamar, Elay, Sara og eg er på vei heim til kollektivet. Vi har vore på demonstrasjon i Tel Aviv mot okkupasjonen. Sara begynner å fortelje kor mykje ho likte foredraget til ho siste som talte. Ho seier ”Eg likte spesielt godt det ho sa at så får vi gi alt landet tilbake til palestinarane, og så får dei avgjere om dei vil la oss israelarar forsette å bu her eller ikkje.” Itamar seier han er usamd og Elay seier seg samd. ”Var ikkje det ganske strengt sagt?” seier han.

Her ser vi at det er ikkje semje mellom informantane mine om kor knytt ein er til Israel som land og ikkje, sjølv ikkje mellom desse tre som alle reknar seg som radikale og anti- sionistar. Eg syns dette viser korleis det og kan vere vanskelig å legge vekk identiteten som israelar og at slike utsegn som denne talen skapar ei usikkerheit i forhold til kven ein er. Kanskje kjennast det urettferdig at ein på ein måte blir stempla som nokon som gjer noko gale i kraft av å berre vere født og oppvaksen i eit land til dømes, slik som Elay og Itamar var født i Israel, utan å ha tatt ei politisk stilling til å flytte dit.

Vi sitt ute ein dag når Noor ler og klappar til ein av aktivistane som seier ”Israel, Israel finnест ikkje.”. Ein kan drage slutninga til at det israelske samfunnet er i endring og det er og det palestinske. Kva vil det seie å leve ein plass? Førstilte fellesskap blir heile tida forandra og ein lagar nye fellesskap. Er det å vere israelsk fredsaktivist ein kategori i seg sjølv? Dei passar ikkje inn nokon plass. Fleire av mine informantar la og vekt på at dei ynska å flytte, nærmast rømme

som dei sa, til Europa. Dei identifiserte seg og meir med ein slags europeisk identitet enn med det å vere israelar.

Konklusjon

I dette kapittelet har eg vist korleis det å møte palestinrar kan vere med på å forandre dei israelske aktivistane sitt syn på seg sjølv, og det israelske dominante narrativet. Desse møta kan opplevast å stå i konflikt med deira eigen identitet som jøde og israelar, og sjølv om aktivistane ikkje nødvendigvis definerer seg med å vere israelsk. Israelske fredsaktivstar, så vel som palestinrar har førestellingar frå før om korleis den andre skal vere. Skiljelinene kan ofte kome tydelegare fram i andre, meir negative opplevingar. Eg har og vist korleis israelske aktivistar møtt av sanksjonar frå andre aktivistar viss dei snakkar negativt om palestinrar. Dette er ein måte å distansere seg frå det israelske samfunnet elles og visar til at aktivist identiteten på ein måte er ein ny identitet, ein ny måte å tenke og vere på. Denne forhandlinga av den israelske identiteten kan føre til at den israelske identiteten ikkje klarar å fornye seg og at ein heller endar opp med å vere i tvil om kva ein skal definere seg som anna enn aktivist. Men sidan den israelske fredsbevegelsen og ikkje er ei homogen gruppe kan det vere vanskelig å finne ein identitet som passar, og ein endar da kanskje om å vere midt i mellom, der enkelte vel å identifisere seg med ei slags førestelling om ein europeisk identitet.

Kapittel 7: Oppsummerande merknader

No på slutten ynskjer eg å gå tilbake til der det heile begynte, med problemstillingane som eg stilte meg i byrjinga av avhandlinga. Spørsmåla eg stilte meg var: Korleis blir ein involvert i fredsaktivisme i Israel? Korleis kjem det å bli involvert til utrykk? På kva slags måtar påverkar fredsaktivismen deltakerane si forståing av eigen identitet?

Eg har i løpet av avhandlinga vist at det er ulike årsakar til at ein blir involvert i fredsaktivisme. Dette har eg gjort ved å vise både til hendingar der eg kunne sjå korleis ein blei involvert og ved hjelp av narrativ om seg sjølv som informantane fortalte meg. Desse narrativa og hendingane eg observerte er med på å forme deltakerane si forståing av eigen identitet.

Spør du kvifor nokon vel å bli aktivist, vil svaret ofte være en kompleks kombinasjon av ulike grunnar. Eg har lagt vekt på biografisk tilgjenge, generelt politisk engasjement og nysgjerrigkeit som bakanforliggende faktorar. Men desse er nettopp det; eit bakteppe. Med denne avhandlinga viser eg at det er nye opplevingar som ikkje stemmer overeins med førestellingane ein tidligare hadde om samfunnet og seg sjølv i det, som hovudårsakene til fredsaktivismen hjå mine informantar. Ein legg vekk dei tidligare førestellingane ikkje berre om korleis samfunnet rundt ein skal vere, men også førestellinga om kven ein sjølv er og ynskjer å vere. Ein stig inn ei ny rolle som fredsaktivist.

Slike opplevingar fekk dei ofte i militæret eller ved å nekte militærteneste. Dette kan opplevast som moralske sjokk men utspelar seg ikkje berre i høve til det militæret. Ein kan også ha liknande opplevingar ved å flytte til Jerusalem, ved å bli med ein venn på ein demonstrasjon eller ved deltaking i aktivist- aktivitetane generelt.

Ved å delta på demonstrasjonar eller andre aktivist- aktivitetar, kan det i gitte settingar, bli ei så sterke kjensle av identitetsskapande forandringar eller kollektiv fellesskap, at det i seg sjølv var ein drivkraft for å vere med meir. Såleis kan det å bli involvert i fredsbevegelsen vere ein prosess, der det er deltakinga like mykje som motivasjonen, som involverer ein.

Vidare låg det til grunn eit spørsmål om korleis det å bli involvert i fredsaktivismen kjem til utrykk. Eg viser her at dette kjem til utrykk ved identitetsskapande prosessar i form av

kroppsleggjorde erfaringar. Det er ulike sosiale kodeks for korleis ein skal oppføre seg og ikkje. Det er ikkje noko ein blir fortalt, men som ein må føle på kroppen og finne ut av ved å observere dei meir erfarne aktivistane. Det er i desse hendingane at eins identitet som aktivist blir skapt. Desse felles erfaringane er også med på å skape sterke emosjonelle band aktivistane seg i mellom, spesielt under demonstrasjonar. Desse erfaringane kan sjåast på som overgangsritual.

Sidan aktivist- identiteten er i stadig utvikling, blir val av aktivitet med på å vise kven ein er for dei andre. Det vere seg om ein går på demonstrasjonar på Vestbredden, vel å involvere seg med å fylje palestinske gjeterar eller arbeider for like arbeidsrettar.

Det siste spørsmålet eg spurte meg var: På kva slags måtar påverkar fredsaktivismen deltakerane si forståing av eigen identitet? Aktivistane si forståing av kven dei er blir forma i møte med andre. Andre menneske sett merkelappar på kven vi er og kva vi står for og møter oss dertil på visse måtar utifrå det. Israelske fredsaktivistar blir ofte møtt av negative sanksjonar av andre israelarar fordi dei ikkje passar inn i førestellinga til mange om korleis ein israelar skal vere. Slik kan identiteten som fredsaktivist opplevast å ikkje gå overeins med å vere israelar.

Samtidig blir identiteten som israelsk aktivist forsterka i møte med palestinrarar. For mange palestinrarar er fredsaktivistane *nettopp* israelarar med dei merkelappar som følgjer med. Dette på tross av at fredsaktivistane og det israelske samfunnet like fullt ikkje oppfattar dei som israelarar. Den jødiske og israelske identiteten til aktivistane blir såleis re- forhandla i møte med palestinrarar. Nokon gongar sterkt framståande mens andre gongar fråverande. Den blir og re- forhandla i form av spesifikke måtar ein skal opptre på under desse møta, måtar å omtale palestinrarar på, og i vennskap mellom palestinrarar og israelarar.

Eg er klar over at det finnast andre måtar eg kunne ha svart på problemstillingane på og at det sjølvsgåt kan vere at eg har gått glipp av andre vesentlige delar av identitets- prosessane, til dømes pga. manglante tilgang til dei i feltet.

Eg kunne til dømes ha fokusert meir på informantane sitt etikksyn og empati med andre menneske som grunnlag for aktivisme, og på same måte opplevelingar knytt til barndommen som motivasjonsfaktor. Kanskje har eg lagt for lite vekt på ulikheiter internt i fredsbevegelsen og

korleis det kan vere med på å forme eins identitet som ein spesifikk type fredsaktivist. Når det er sagt, meiner eg at måten eg har velt å svare på problemstillingane i avhandlinga på har vore den mest fruktbare. Ikkje berre fordi eg kunne sjå kva informantane mine var opptatt av, og sjølv la vekt på, men og fordi dette var mest givande i høve til eksisterande litteratur om den israelske fredsbevegelsen. Det har blant anna vore skrive lite om årsakar til deltaking i fredsbevegelsen.

Eg er og klar over at fredsaktivismen for informantane mine gjer seg til utrykk på fleire måtar enn eg har framstilt det her. Når det er sagt er dette berre ei masteravhandling med avgrensa plass og slike aspekt må vike for at eg så effektivt som mulig skulle kunne svare på dei spørsmåla eg har stilt meg.

Det at eg har velt å fokusere på israelarar har gjort at palestinarane i denne avhandlinga har kome mindre i fokus. Eg har difor ikkje fått skrive inn så mykje om palestinarane sitt forhold til eigen identitet og endringsgrada av denne i møte med dei israelske aktivistane. Sjølv om dette også er et spennande felt å sjå nærmare på.

Ved å bruke ulike teoretikarar (som Barth, Jasper, Goffman, Ingold, Ricoeur og Turner) har eg klart å få fram at identiteten til dei israelske fredsaktivistane er ein identitet i forandring og at det å bli til ein israelske fredsaktivist, er ein prosess.

Eg trur absolutt andre enn antropologar og teoretikarar på felt som sosiale bevegelsar vil kunne hente mykje ut av desse individuelle narrativa, opplevingane og møta. Eg vil våge fyljande påstand: Det å sjå til den sosialantropologiske tilnærminga, vil kunne belyse Israel / Palestina-konflikten for beslutnings- takrar i høgare samfunnsposisjonar.

Kanskje kan det vere nyttig for diplomatar og politikarar å sjå til desse menneska og deira røynsler for å ved det sjå etter ei løysning på konflikten mellom Israel / Palestina, som stadig verkar like fastlåst.

Litteraturliste

Abu-Nimer, Mohammed (1999) *Dialogue, Conflict Resolution, and Change. Arab-Jewish Encounters in Israel.* Albany, New York: New York Press.

Abu Tur: Lasta ned 10.05.2013 fraå <http://www.sayarch.com/urban-separation-in-mixed-neighborhoods-the-case-of-abu-torabu-tur-2005-revisited-2008-2>

Al arakib: Lasta ned 15.05.2013 fraå http://www.dukium.org/eng/?page_id=882

Anarkistane mot veggen (Anarchists against the wall) : Lasta ned 120.05.2013 fraå <http://www.awalls.org/>

Anderson, Benedict (1983) *Imagined Communities. Reflections on the Origin and Spread of Nationalism.* London: Verso Editions and NLB

An Nabi Saleh: Lasta ned 10.05.2013 fraå <http://nabisalehsolidarity.wordpress.com/about/>

Árab al Jahalin: Lasta ned 05.05.2013 fraå <http://rhr.org.il/eng/tag/jahalin/>

Bar-On, Mordechai (1996) *In pursuit of Peace. A History of the Israeli Peace Movement.* Washington DC: United States Institute of Peace Press.

Bar-On, Mordechai (2006) Conflicting Narratives or Narratives of a Conflict: Can the Zionist and Palestinian Narratives of the 1948 War be Bridged? I *Israeli and Palestinian Narratives of Conflict. History's Double Helix.* Rotberg, Robert I. (red.) Bloomington: Indiana University Press, s.142-174

Barth, Fredrik (1969) Introduction. I *Ethnic Groups and Boundaries.* Barth, Fredrik (red.) Bergen-Oslo: Universitetsforlaget, s.9-39

Ben-Ari, Eyal (1998) *Mastering soldiers. Conflict, Emotions, and the Enemy in an Israeli Military Unit*. In New Directions Anthropology Volume 10. Waldren, Jacqueline (red.) New York: Berghahn Books.

Bruner, Edward M. (1986) Ethnography as Narrative. In Bruner, E, Turner, V (red.) *The Anthropology of Experience*. Chicago: University of Illinois Press, s 139-159

Breaking the silence: Lasta ned 06.05.2013 fra

<http://www.breakingthesilence.org.il/about/organization>

Carlson, Terje (regissør) (2010) Israel vs Israel: Lasta ned 15.05.2013 fra

<http://www.israelvsisrael.com/>

Central Bureau of Statistics (CBS) (Israel): Lasta ned 15.05.2013 fra

http://www1.cbs.gov.il/reader/?M1val=cw_usr_view_SHTML&ID=705

Christian Peacemaker team: Lasta ned 10.05.2013 fra <http://www.cpt.org/work/palestine>

Christophersen, Mona, Høigilt, Jacob, Tiltnes, Åge A. (2012) Palestinian Youth and the Arab Spring. NOREF Report. Norwegian Peacebuilding Resource Centre. February 2012 Lasta ned 15.05.2013 fra

http://www.peacebuilding.no/var/ezflow_site/storage/original/application/562d62ccb49d92227b6865a8b2d11e1a.pdf

Cohen, Anthony P. (1994) *Self Consciousness. An Alternative Anthropology of Identity*. London: Routledge

Collins, R. (2001) Social Movements and the Focus of Emotional Attention. In *Passionate Politics*. Goodwin, Jeff M, Jasper, James, Poletta, F. (red.). Chicago, IL: The University of Chicago Press, s. 27-57

Couchsurfing: Lasta ned 11.05.2013 fraå <https://www.couchsurfing.org/>

Csordas, Thomas J. (2005) [1999] The Body's Career in Anthropology. In *Anthropological Theory Today*. Moore, Henrietta L. (red.) Cambridge UK: Polity Press

Dahan-Kalev, Henriette, Le Febvre, Emilie (2012) *Palestinian Activism in Israel. A Beduin Woman Leader in a Changing Middel East*. New York: Palgrave Macmillian.

Da'am (Arbeideranes parti) : Lasta ned 10.05.2013 fraå <http://en.daam.org.il/>

Della Porta, Donatella, Diani, Mario (2006) [1999] *Social Movements. An Introduction*. 2. edition. Malden, Mass, USA: Blackwell Publishing

Desjarlais, Robert (1992) *Body and Emotion. The Aesthetics of Illness and Healing in the Nepal Himalays*. Philadelphia: University Press

Desjarlais, Robert (2011) *Counterplay: An Anthropologist at the Chessboard*. Berkeley: University California Press

Emerson, Robert M, Fretz, Rachel I, Shaw, Linda L. (2011) [1996] *Writing Ethnographic Fieldnotes. Second edition*. Chicago: The University of Chicago Press

FN (De forente nasjoner) : Israel/Palestina kart: Lasta ned 10.05.2013 fraå <http://www.un.org/depts/Cartographic/map/profile/israel.pdf>

Foundation for Middle-East peace- Report on Israeli settlements in the Westbank: Lasta ned

10.05.2013 fra http://www.fmep.org/settlement_info/

Gabriel, Ayala H. (1992) Grief and Rage: Collective Emotions in the Politics of Peace and the Politics of Gender in Israel. *Culture, Medicine and Psychiatry* 16:311-335

Gavron, Daniel (2004) *The Other Side of despair. Jews and Arabs in the Promised Land.* Oxford: Roman and Littlefield Publishers, Inc.

Gibb, Robert (2011) Towards an Anthropology of Social Movements. *Journal des anthropologues* [En ligne], s. 85-86

Goodwin, Jeff, Jasper, James M. (2009) *Part 3. Who Joins or Support Movements?* Introduction. I *The Social Movements Reader. Cases and Concepts.* Second Edition. Goodwin, Jeff, Jasper, James M. (red.) Chichester: Willey- Blackwell. A John Willey & Sons, Ltd. Publications, s. 55-59

Goffman, Ervin (1990) [1959] *The presentation of self in everyday life.* London: Penguin Books

Golan, Galia (2013) Peace Plans, 1993-2010. I *The Routledge Handbook on the Israeli-Palestinian Conflict.* Newman, David, Peters, Joel (red.) Abingdon. Routledge, s. 92-107

Google Maps: Kart Jerusalem. Lasta ned 14.05.2013 fra <https://maps.google.no/maps?hl=no>

Guardian: Israel and Palestinians- a history-Kart: Lasta ned og modifisert av meg 14.05.2013 fra <http://www.guardian.co.uk/flash/0,,720353,00.html>

Gush Emunim (Bloc of the faithful): Lasta ned 10.05.2013 fra <http://www.mideastweb.org/Middle-East-Encyclopedia/gush-emunim.htm>

Halper, Jeff (2010) *An Israeli in Palestine. Resisting Dispossession, Redeeming Israel*. New York: Pluto Press

Hastrup, Kirsten (1995) *A Passage to Anthropology. Between Experience and Theory*. London: Routledge.

HaNoar HaOved VeHaLomed (Føderasjonen av arbeidane og studerane ungdom) : Last ned 0.6.052013 fra <http://noal.org.il/english>

Hermann, Tamar, Newman, David (1992) A Comparative Study of Gush Emunim and Peace Now. Middle Eastern Studies, Vol. 28. No.3, July 1992, s. 509-530

Hermann, Tamar (2009) *The Israeli Peace Movement. A shattered dream*. New York: Cambridge University Press.

Hutchinson, Sharon E. (1996) *Nuer Dilemmas. Coping with Money, War and the State*. Berley and Los Angles: University of California Press

Ingold, Tim (2000) *The perception of the environment. Essays on Livlihood, dwelling and skill*. New York: Routledge.

Ingold, Tim (2011) *Being Alive. Essays on movements, knowledge and description*. London: Routledge.

Israeli, Yanay, Oded, Naaman, Manekin, Mikhael, Sharon, Avichai, Spectre, Levi (red.) (2012) [2010] *Our Harsh Logic. Israeli Soldiers' Testimonies from the Occupied Territories*. New York: Metropolitan Books Henry Holt and Company

Jackson, Michael (1983) Thinking through the Body. An essay on understanding metaphor. I
Social Analysis. The International Journal of Social and Cultural Pratice. No. 14
(December 1983), s.127-149

Jasper, James M. (1997) *The Art of Moral Protest. Culture, Biography, and Creativity in Social Movements*. Chicago: The University of Chicago Press

Jasper, James M. (1998) The Emotions of Protest: Affective and Reactive Emotions in and around Social Movements frå Sosiological Forum, Vol. 13, No. 3, s.397-424

Jasper, James M., Poulsen, Jane D. (1995) Recruiting strangers and friends. Moral shocks and social networks in animal rights and anti-nuclear protest. I *Social Problems* Vol.42, N.4 (Nov., 1995), s. 493-512

Jerusalem/ Legal status: Lasta ned 15.05.2013 frå http://www.btselem.org/jerusalem/legal_status

Jerusalem Institue for israeli studies: Statistical yearbook (2011): Lasta ned 10.05.2013 frå <http://www.jiis.org/?cmd=statistic.424>

Juris, Jeffrey S. (2008) Performing politics. Image, embodiment, and affective solidarity during anti-corporate globalization protest. Los Angles: Ethnography SAGE Publications

Kaminer, Reuven (1996) *The politics of Protest. The Israeli Peace Movement and the Palestinian Intifada*. Brighton: Sussex Academic Press

Khalidi, Rashid (2009) [2007] *The Iron Cage. The story of the Palestinian struggle for statehood*. Oxford: Oneworld Publications

Kidron, Peretz (2004) Introduction: Israel's Refusenik Movement. I *Refusnik! Israel's Soldiers of Conscience*. Kidron, Peretz (red.) New York: Zed Books Ltd, s.1-11

Kimmerling, Baruch (2001) *The Invention and Decline of Israeliness*. Berkley and Los Angeles: University of California Press

Kimmerling, Baruch, Migdal, Joel S. (2003) *The Palestinian People. A History*. Cambridge: Harvard University Press

Klein, Menachem (2012) Is the Arab Spring Israels Winter? I *Palestine-Israel Journal of Politics, Economics and Culture*. Vol.18. No. 1, 2012 AbuZayyad, Ziad, Hillel, Schenker (red.) Jerusalem: Al Amal Press, s. 26-34

Kublitz, Anja (2000) *Grænser for Fred. Et studie af dialogmøder mellem palæstinere og israelere*. Hoveddøppgave. Institutt for Antropologi, København Universitet

Lappin, Yaakov, Omer-Man, Michael, Shefler, Gil (2012) Social justice activist sets himself on fire in TA i *Jerusalem Post*: Artikkel i nettavis. Lasta ned 10.03.2013 frå <http://www.jpost.com/National-News/Social-justice-activist-sets-himself-on-fire-in-TA>

Matar, Haggai (2012) The Wall, 10 years on/ part 8: A working class under siege i *972 Magazine*: Artikkel i nettavis. Lasta ned 15.05.2013 frå <http://972mag.com/the-wall-10-years-on-part-8-a-working-class-under-siege/47303>

Mattingly, Cheryl (2010) Moral Willing As Narrative Re-Envisioning. I *Towards an Anthropology of the will*. Murphy, Keith M. Throop, Jason C. (red.) Stanford, California: Stanford University Press, s. 50-69

McAdams,Doug (2009) Recruits to Civil Rights Activism. I *The Social Movements Reader. Cases and Concepts. 2 edition.* Goodwin, Jeff, James, Jasper M. (red.) Chichester: Willey-Blackwell, s. 66-75

Merleau-Ponty, Maurice (2012) [1962] *Phenomenology of Perception*. Oversatt av: Landes, Donald A. London: Routledge

New Internationalist: Kart over Vestbredden og Gaza (2013): Lasta ned 15.05.2013 frå

<http://newint.org/columns/country/2010/06/01/palestine/>

Operation Dove: Lasta ned 10.05.2013 frå <http://www.operationdove.org/>

Oren, Michael B. (2008) [2002] *Seksdagers Krigen. Juni 1967 og hvordan det moderne Midtøsten ble til.* Oversatt av Andersen, Jon. Fanum: Genesis Forlag

Palestinian Central Bureau of Statistics: Lasta ned 15.05.2013 frå

http://www.pcbs.gov.ps/Portals/_Rainbow/Documents/gover_e.htm

Pallister-Wilkins, Polly (2009) Radical Ground. Israeli and Palestinian Activist and Joint Protest Against the Wall. I Social Movement Studies: Journal of Social, Cultural and Political Protest, 8:4,s. 393-407

Pappe, Ilan (2006) [2004] *A History of Modern Palestine*. Cambridge: Cambridge University Press

Peace Now: Lasta ned 10.05.2013 frå <http://peacenow.org.il/eng/>

Peled-Elhanan, Nurit (2012) *Palestine in Israeli School Books. Ideology and Propaganda in Education*. London: I.B Tauris & Co Ltd.

Perry, Donna J. (2011) *The Israeli-Palestinian Peace Movement. Combatans for Peace*. New York: Palgrave Macmillan.

Popular Struggle Coordination Committee: Lasta ned 10.05.2013 fra <https://popularstruggle.org/>

Profil Hadash (Ny Profil): Lasta ned 10.05.2013 fra http://newprofile.org/english/about_en

Rabinowitz, Dan (1997) *Overlooking Nazareth. The ethnography of exclusion in Galile*. New York: Cambridge University Press

Ricoeur, Paul (1980) Narrative Time. I *Critical Inquiry*, Vol. 7, No. 1, *On Narrative*, s. 169-190

Ricoeur, Paul (1984) *Time and Narrative Vol. 1*. Chicago: University of Chicago Press.

Riordon, Michael (2011) *Our way to fight. Peace-Work under siege in Israel-Palestine*. London: Pluto Press

Rotberg, Robert I. (2006) *Israeli and Palestinian Narratives of Conflict. History's Double Helix*. Bloomington: Indiana University Press

Røslien, Hanne E. (2010) “*A good Jew is in the IDF!*” *A study of the role of religion in a military universe of meaning*. Thesis for the degree of Philosophiae Doctor., Norwegian University of Science and Technology. Faculty of Humanities. Department for Archaeology and Religious Studies. Trondheim: NTNU-trykk

Sauders, Robert R. (2011) Partners for Peace: Cooperative Popular Resistance and Peacebuilding in the Israeli-Palestinian Conflict. I *Nonviolence in Palestine: Activism and Advocacy in the Second Intifada*. Hallward, Maia C., Norman, Julie (red.) New York: Palgrave Macmillan

Settlements/ International Law: Lasta ned 15.05.2013 frå

http://www.btselem.org/settlements/international_law

Settlements statistics: Lasta ned 15.05.2013 frå <http://www.btselem.org/settlements/statistics>

Settlement Barrier Map: Lasta ned 10.05.2013 frå <http://www.btselem.org/settlement/statistics>

Scott, James C. (1986) *Weapons of the weak. Everyday Forms of Peasant Resistance*. New Haven: Yale University Press

Schenker, Hillel (2012) The Israeli Summer and the Arab Spring. I *Palestine-Israel Journal of Politics, Economics and Culture*. Vol.18. No. 1, 2012 AbuZayyad, Ziad, Hillel, Schenker (red.) Jerusalem: Al Amal Press

Shulman, David (2007) *Dark Hope. Working for Peace in Israel and Palestine*. Chicago: The University of Chicago Press

South-Hebron Hills: Lasta ned. 12.05.2013 frå http://www.btselem.org/south_hebron_hills

Stephen, Lynn (2005) Gender, Citizenship, and the Politics of Identity. I *Social Movements. An anthropological reader*. Nash, June (red.) Malden, Mass. England: Blackwell Publishing, s.66-78

Strin, Rebecca L, Swendenburg, Ted (red.) (2005) *Palestine, Israel, and The Politics of Popular Culture*. Durham: Duke University Press

Svirsky, Marcelo (2012) *Arab- Jewish Activism in Israel-Palestine*. Surrey, England: Ashgate Publishing Limited

Ta'ayush: Lasta ned 10.05.2013 frå <http://www.taayush.org/>

Tessler, Mark A. (1994) *A History of the Israeli-Palestinian Conflict*. Bloomington: Indiana University Press

Tholstrup, Katja S. (2003) *Rooms for a-likes, Limits for Difference. Jews and Arab Palestinians on their identity as Israeli University students and Israelis*. Masterthesis Institute of Anthropology .Univerisity of Copenhagen. København: The samfunsvitenskapelige Representer

Turner, Victor (1996) [1970] Betwixt and Between: The Liminal Period in Rites d Passage. I *Sosialantropologiske Grunntekster*. Eriksen, Thomas H.(red.) Oslo: Ad Notam Gyldendal As

UNWRA (The United Nations Relief and Work agency for Palestine refugees in the near east) :
Lasta ned 10.04.2013 fra <http://www.unrwa.org/>

Wang, Yvonne M. (2011) *How can Religion Contribute to Peace in the holy land? A study of Religious Peacework in Jerusalem*. Oslo: Universitetet I Oslo, Faculty of Humaniora

Women in black: Lasta ned 10.05.2013 fra <http://www.womeninblack.org/en/vigil>

Appendix 1 – kart

Kart som viser utviklinga frå 1917 til 1982.

(Referanse Guardian 2013)


1917 - 1922



1923 - 1947



**FN sitt forslag til deling
29. november 1947**




**1949 - Våpenkville-inndelinga
etter den første Arabiske -
Israelske krigen (1947 - 49)**



**1967 - Før utbrotet av
den andre Arabiske -
Israelske krigen.**



1967 - Etter 6-dagars krigen



**1982 - Israel gir Sinai-
ørkenen attende til Egypt**



Kart over Vestbredden og Gaza, ein kan sjå nokre av dei israelske busettingane

(Referanse New Internationalist 2013)



Israel 2013

(Referanse: FN 2012)



Jerusalem 2013

(Referanse: Google map)

